

# 70 år med litteraturkritikk

Litteraturkritikken i *Syn og Segn* 1945–2014

Guro Kvalnes og Gjertrud Langva Skarsvåg



Masteroppgåve i litteraturformidling  
Institutt for lingvistiske og nordiske studiar  
UNIVERSITETET I OSLO

Våren 2016





Copyright Guro Kvalnes og Gjertrud Langva Skarsvåg

2016

70 år med litteraturkritikk

Guro Kvalnes og Gjertrud Langva Skarsvåg

<http://www.duo.uio.no>

Trykk: CopyCat, Nydalen

IV





# Samandrag

Tidsskriftet *Syn og Segn* (eigd av Det Norske Samlaget) er eit av dei eldste allmennkulturelle tidsskrifta i Noreg. Sidan skipinga i 1984 har tidsskriftet hatt ei språkpolitisk målsetjing om å fremje nynorsken ved å ta den i bruk, og redaksjonen skulle formidle den nynorske litteraturen på same grunnlag som Det Norske Samlaget. Litteraturen har frå byrjinga av vore eit viktig stoffområde for *Syn og Segn* og omfattar mellom anna litteraturhistoriske artiklar, litteraturvitskaplege artiklar, litteraturkritikk og skjønnlitterære bidrag. Oppgåva er ei kritikkhistorisk undersøking av litteraturkritikken i tidsskriftet i perioden 1945 til 2014. I oppgåva er kritikken analysert ved hjelp av både kvantitativ og kvalitativ metode. For den kvalitative delen av analysen ligg eit utval av 86 bokmeldingar til grunn. Litteraturkritikken er analysert med mål om å finne svar på kva som karakteriserer kritikken i denne 70 års-perioden. I kor stor grad er kritikken eit uttrykk for det språkpolitiske mandatet til tidsskriftet? Vektar den språkpolitiske funksjonen til tidsskriftet direkte inn på kritikarane sine kvalitetsvurderingar?





# Takk

Vi har fleire å takke for at denne oppgåva kom i hamn. Fyrst ein stor takk til rettleiar Thorstein Norheim for toldmod, stødig rettleiing og hyggjelege samtalar. Vidare ønskjer vi å takke Det Norske Samlaget for masterstipend, utdelt i høve det komande 150-årsjubileet. Eirik Vassenden skal ha takk for at han raust lét oss få innsyn i upublisert materiale. Vi vil òg rette ein stor takk til Marianne Egeland for hennar engasjement og investering i studentane. Ragnhild Eitungjerde Høyvik og Kristine Knapstad må vi takke for korrektur og motiverande tilrop frå sidelinja. Sist, men ikkje minst fortener kullet på masterprogrammet i litteraturformidling ein stor takk for både fagleg og sosialt påfyll.

Takk skal *Syn og Segn* òg ha for at det framleis held det gåande etter alle desse åra.



# Innholdsliste

<b>1</b>	<b>Innleiing</b> .....	<b>1</b>
<b>2</b>	<b>Historisk kontekst</b> .....	<b>5</b>
2.1.1	Framveksten av eit nytt skriftspråk: Nynorsk.....	6
2.1.2	Framveksten av ein ny litteraturkritikk.....	8
2.1.3	Tidsskrift som publikasjon .....	10
2.1.4	Nynorsken si stilling frå 1945 og fram til i dag.....	16
<b>3</b>	<b>Kvantitativ undersøking</b> .....	<b>20</b>
3.1.1	Kvantitativ analyse av innhaldet i <i>Syn og Segn</i> .....	21
3.1.2	Kvantitativ analyse av bokmeldingane.....	26
<b>4</b>	<b>Kvalitativ undersøking</b> .....	<b>31</b>
4.1.1	Metode .....	31
4.1.2	Utval.....	31
4.1.3	Teori.....	32
	<b>Tekstanalyse av bokmeldingane</b> .....	<b>35</b>
4.1.4	1945 til 1949.....	35
4.1.5	1950 til 1954.....	41
4.1.6	1955 til 1959.....	50
4.1.7	1960 til 1964.....	57
4.1.8	1965 til 1969.....	63
4.1.9	1970 til 1974.....	69
4.1.10	1975 til 1979.....	78
4.1.11	1980 til 1984.....	85
4.1.12	1985 til 1989.....	91
4.1.13	1990 til 1994.....	95
4.1.14	1995 til 1999.....	98
4.1.15	2000 til 2004.....	100
4.1.16	2005 til 2014.....	102
<b>5</b>	<b>Avslutning</b> .....	<b>106</b>
	<b>Litteraturliste</b> .....	<b>111</b>
5.1.1	Primærmaterialet: Bokmeldingane.....	111
5.1.2	Sekundærkjelder .....	117
	<b>Vedlegg</b> .....	<b>122</b>
5.1.3	Leseskjema over litteraturkritikken i <i>Syn og Segn</i> 1945–2014.....	122
5.1.4	Artiklar i tal.....	123

# 1 Innleiing

## Litteraturkritikken i *Syn og Segn*

### – Ei undersøking av litteraturkritikken i *Syn og Segn* frå 1945 til 2014

"I dag henta eg nytt hefte av *Horisont* og fekk samstundes nytt hefte av *Syn og Segn*. Kor stor skildnad er det ikkje på desse tvo! Nei, *Horisont* er faktisk det einaste tidsskriftet i Noreg som har nokon idé. [...] *Syn og Segn* vert ringare og ringare, heilt åndslaust. Ei stund under krigen levde dette bladet òg, det var noko i det då. Men no? Flatt, flatt. Turt, turt (Hauge 2000: 492).

Tidsskriftet *Syn og Segn* har til alle tider vore velsigna med engasjerte lesarar, og mellom dei var diktarhøvdingen frå Ulvik. Olav H. Hauge kunne vere kvass i kritikken, men var likevel ein trugen lesar av tidsskriftet heile sitt liv. Gjennom fleire kommentarar i dagbøkene hans, som strekkjer seg over ein mannsalder, kan ein avlese historia om korleis tidsskriftet endra seg og redaktørar kom og gjekk. Sett opp mot dei raske omveltningane i tidsskriftsfloraen, utmerker *Syn og Segn* seg med ei samanhengande publiseringshistorie som strekkjer seg tilbake til første prøvenummer i 1894. Tidsskriftet er dermed eit av dei eldste allmennkulturelle tidsskrifta i Noreg, og berre *Samtiden* har ei like lang publiseringshistorie. Frå byrjinga av var *Syn og Segn* målpolitisk orientert, då redaksjonen ville fremje nynorsken ved å ta den i bruk. Namnet på tidsskriftet spelar på ordtaket ”få syn for segn”, og viser til målsetjinga deira om å formidle standpunkt, historisk tradisjon og litterær nyskaping.

Slik Hauge nok las *Syn og Segn* med størst interesse for det litterære stoffet, skal vi i denne oppgåva ta føre oss litteraturformidlinga i tidsskriftet, med særleg vekt på litteraturkritikken i perioden 1945–2014. Dette er ei lang og omskifteleg periode i tidsskriftet si historie som det er publisert lite forskning om. Vår tilnærming baserer seg på at litteraturkritikken speglar dei samfunnsmessige og estetiske verdiane i samtida. Mellom linjene i *Syn og segn* ligg historia om framveksten av det nynorske språket, og historia om etableringa av den nynorske litterære institusjonen, med eige forlag, presse og resepsjon av litteratur. Vår problemstilling går ut på å kartleggje kritikkens omfang, men vi vil også stille spørsmål ved kva kritikarane forstår om litterærkvalitet, korleis dei argumenterer for det og kva slags kvalitetskriterier vurderingane kvilar på. Framfor alt vil vi undersøkje om – og eventuelt korleis – det finst koplingar mellom kvalitetsgrunngevingane og tidsskriftets funksjon som primært språkpolitisk, men òg organ for folkeopplysning. Problemstillinga

utløyser ei rekkje spørsmål som vi vil søkje svar på undervegs: Kva kvalitetskriterer ligg til grunn for kritikarane sine vurderingar? Kjem den språkpolitiske funksjonen til tidsskriftet til uttrykk i kritikken? Eller tidsskriftet sin funksjon som organ for folkeopplysning? Kor mykje litteraturkritikk er det i dei ulike periodane av tidsskriftet si historie? Kva bøker blir melde? Bokmålsbøker eller nynorskboeker? Kven er kritikarane? Kva type litteratur blir meld (skjønnlitteratur eller sakprosa)? Blir bøkene frå Samlaget prioritert samanlikna med bøker frå andre forlag?

### **Forskning om *Syn og Segn***

*Norsk litteraturkritikks historie 1870-2010* (Sissel Furuseth, Jahn Thon, og Eirik Vassenden red.), er eit nasjonalt samarbeidsprosjekt som etter planen skal publiserast august 2016. Verket tek føre seg utviklinga av den litteraturkritiske praksisen i Noreg. Frå dette prosjektet har vi fått tilgang til kapittelet som omtaler litteraturkritikken i *Syn og Segn* på 1970-talet (skrive av Eirik Vassenden). Vassenden syner korleis litteraturkritikken i dette tiåret var prega av radikaliseringa i samfunnet, og omtaler dei to sentrale litteraturkritiske satsingane i perioden. Vassenden sine funn er på somme punkt samanfallande med våre, då vår periode òg omfattar 70-talet.

Det er elles skrive to hovud-/masteroppgåver om tidsskriftet.

Erling Ramsvik si hovudfagsoppgåve levert ved Universitetet i Bergen i 1984 med tittelen: "Litteraturkritikken i *Syn og Segn* 1894–1910". Ramsvik analyserer dei litterære normene i bokmeldingar i oppstartsfasen av tidsskriftet. Han syner korleis litteraturkritikken i denne perioden er sterkt målpolitisk orientert, og så å seie berre nynorsk bøker blir melde. Mellom dei melde bøkene i perioden er sakprosabøkene i fleirtal, og det blir lagt vekt på såkalla "folkelesnad", medan realisme blir vektlagt i kritikk av skjønnlitteraturen. Vår oppgåve plasserar seg i forlenginga av Ramsvik si oppgåva.

Den andre oppgåva er Janne-Kristin Svarstad Nygård si masteroppgåve i nynorsk skriftkultur, "Eit forsøk på å utvide språket" (2015), levert ved Høgskulen i Volda. Nygård analyserer dei naturvitskapelege artikkelane i *Syn og Segn* i mellomkrigstida. Ho viser korleis det nynorske skriftspråket utvidar seg når skribentane tek i bruk språket til å skrive om nye emner. Denne oppgåva er i mindre grad relevant for vårt arbeid, men skildrar i likskap med oss, framveksten av den nynorske skriftskulturen.

### **Teori og metode**

Oppgåva er ei kritikkhistorisk analyse av litteraturkritikken i *Syn og Segn* over ein periode på 70 år. Vi nyttar eit kronologisk perspektiv, og følgjer kritikken slik den utfaldar seg frå år til år i perioden frå 1945 til 2014. For å få fram endringar og tendensar, har vi i analysane organisert materiale i femårsbolkar. Vi nyttar både kvantitativ og kvalitativ metode. Den kvantitative metoden omfattar ei storstilt kartlegging av litteraturkritikken. Kartlegginga er resultat av eit stort innsamlingsarbeid. Vi har sjølv funne fram til materiale som er tilgjengeleg på Nasjonalbiblioteket, men berre i fysisk, ikkje-digitalisert, format, og vi har difor scanna dei delane av årgangane som vi har definert som litteraturstoff. Dette materiale har vi gjennomtekt, i fleire rundar, for å kunne organisere det i ein kvantitativ analyse. For det første ønskjer vi å få oversikt over omfanget av litteraturkritikken i heile perioden. For det andre ønskjer vi å undersøkje litteraturkritikken nærare, og difor har vi utarbeida eit leseskjema der vi regiserterer fire ulike variablar – for å kaste lys over følgjande forhold: a) målform på den melde boka (nynorsk/bokmål) b) kjønn på kritikar c) type litteratur (skjønnlitteratur/sakprosa) d) forlag som gjev ut den melde boka (Samlaget/andre).

Den kvantitative analyse utgjer grunnlaget for den påfølgjande kvalitative analysen, som går til kjernen av problemstillinga – spørsmålet om kvalitet og tidsskriftet sin funksjon. Her analyserer vi eit utval av bokmeldingane, 86 av totalt 343 registrerte bokmeldingar. Vi har valt å gjere to årlege nedslag i kritikken, der vi har valt å jamstille kritikk av skjønnlitteratur og sakprosa. Dermed utgjer den kvalitative undersøkinga analyse av to bokmeldingar kvar årgang: ein skjønnlitterær kritikk og ein sakprosakritikk. Der analysen av kritikken av skjønnlitteratur rettar seg primært inn mot kvalitetsspørsmålet, er analysen av sakprosakritikken særleg konsentrert om funksjonsspørsmålet.

I analysen av bokmeldingane tek vi i bruk Per Thomas Andersen si kartlegging av dei ulike kvalitetskriteria. Per Thomas Andersen argumenterer i sin artikkel ”Kritikk og kriterier” frå 1987 for at kritikarar, medvetne eller umedvetne, legg visse kriterium til grunn for avgjersla om litterær kvalitet og at desse kriteria kan grupperast. Som vi skal kome nærare tilbake til, dreier det seg her om *moralsk/politiske* kriteriet, det *kognitive* kriteriet, det *genetiske* kriteriet og dei *estetiske* kriteria.

I analysen av funksjonsspørsmålet i kritikken av sakprosa-bøkene dreier det seg meir om ytre omstende – om bøkene sin tematikk og ikkje minst om kritikarane og tidsskriftets ideal og sjølvforståing.

## **Oppbygging av oppgåva**

I **kapittel 2** gjer vi greie for den historiske konteksten *Syn og Segn* vaks fram i. Då Det Norske Samlaget stifta *SoS*, var det med utgangspunkt i eit folkeopplysningsideal og med ønskje om å fremje nynorsken ved å ta den i bruk. Stiftinga av *Syn og Segn* må ein difor sjå i samanheng med framveksten av nynorsk som skriftspråk, den nynorske offentlegheita, og den nynorske litterære institusjonen som heilskap, samstundes som tidsskriftet sin funksjon òg må sjåast i samanheng med framveksten av ein norsk litteraturkritikk og tidsskrift som publikasjonsform. I **Kapittel 3** kjem den kvantitativ analysen av litteraturkritikken i *Syn og Segn* i perioden 1945-2014, medan den kvalitative undersøkinga av eit utval av litteraturkritikken følgjer i **kapittel 4**. **Kapittel 5** inneheld oppsummering av funn, konklusjon og avslutning.

## 2 Historisk kontekst

I 1945 er den andre verdskrigen over og Olav Midttun sit som skriftstyrar i *Syn og Segn (SoS)*. Midttun er kome litt over midtvegs i sin skriftstyrarperiode, ein periode som strekk seg over svimlande 52 år, frå 1908 til 1960. Tidsskriftet kjem ut med 10 hefter à 64 sider kvart år og kan etter den tyske okkupasjonen under krigen nyte redaksjonell fridom. Midttun hadde under krigen hatt ei stram line på å halde fram med det redaksjonelle arbeidet som før, men hadde òg nekta å prente oppslag der propagandaen var tydeleg. I sjølvbiografien sin vedgår han at han hadde lagt band på nokre kritiske tekstar i frykt for represalier frå tyskarane (Midttun 1971: 85). Etter krigen står redaksjonen friare og tek opp att utenriksstoffet som ikkje hadde vore prenta under krigen.

Norsk bokbransje opplever oppsving dei første åra etter krigen med ei fordobling av tal utgivingar samanlikna med siste fredsåret, men så går tala nedover (Rottem og Skei 2013). 31 nynorske forfattarar debuterer dei første tiåra etter krigen. Dette talet er halvert i tiåret 1955 til 1965, og regjeringa ser det som naudsynt å innføre ei innkjøpsordning for å sikre den nye norske litteraturen, og då særleg skjønnlitteraturen (Grepstad 2006: 220). Tarjei Vesaas reknast for den mest sentrale nynorske forfattere i etterkrigstida, saman med forfattarar som Jacob Sande og Jan Magnus Bruheim.

Utviklinga av nynorsk skriftkultur kan ifølgje Ottar Grepstad delast inn i fire fasar: *Etableringsfasen* var tida frå Ivar Aasens arbeid fram til 1904, etterfølgd av *utskillingsfasen* fram til 1945, etterkrigstida som han kallar *integreringsfasen*, samt ein *allminnleggjeringsfase* frå 70-talet og fram til i dag. Den nynorske skriftkulturen befinn seg altså i 1945 i det Ottar Grepstad omtaler som *integreringsfasen*. I denne fasen er målet å integrere nynorsken i dei samfunnsformasjonane som allereie eksisterer, i motsetnad til *utskiljingsfasen* der det var trykk på at eigne nynorske institusjonar måtte opp og gå (Grepstad 2010: 14).

Slik er situasjonen i dei første åra etter krigen, startpunktet for våre undersøkingar. Før vi kan undersøkje litteraturkritikken i *SoS* i vår periode, lyt vi ta føre oss dei historiske føresetnadane for den: framveksten av nynorsken som skriftspråk, framveksten av den borgarlege offentlegheita, den nynorske offentlegheita, den nynorske litterære institusjonen, framveksten av norsk litteraturkritikk, tidsskrift som publikasjon, og etableringa av *SoS* som del av den nynorske litterære institusjonen.



### **2.1.1 Framveksten av eit nytt skriftspråk: Nynorsk**

I Noreg kunne vi på midten av 1800-talet sjå attende på 350 år med dominans av dansk og latin som nesten einerådande prosaspråk (Grepstad 2010: 22). Denne språklige stillstanden skulle snart endre seg. For midt i den nasjonalromantiske rørsle stod striden om eige nasjonalspråk. På den eine sida stod dei som ønska ei fornorsking av dansken med heimelege strukturelle trekk, og på den andre sida dei som ønskte seg eit meir talemålnært skriftspråk fundert på dei norske dialektane. Ivar Aasen ønskte det siste, og hadde frå midten av 1800-talet reist rundt i landet for å samle prøver av dei norske dialektane. Desse innsamlingane til Aasen kom til å danne grunnlaget for det nye «landsmålet». Då Aasen skriv sin artikkel «Samtale mellom to bønder», trykt i Morgenbladet i 1849, utvidar den norske skriftkulturen seg. Med skipinga av *SoS* i 1894 er nynorsken framleis så fersk at språket nærast blir til medan skribentane skriv. Politiseringa av målrørsle, den nære koplinga til Venstre, fører til at dei får politisk gjennomslag, og at det vart innført språklege rettar. Ein viktig siger for målfolket var Jamstillingsvedtaket frå 1885, som tilsa at landsmålet (nynorsk frå 1929) var likestilt med den danske skriftnorma (Bakke 2001: 59), men framleis var nynorsken eit minoritetsspråk, eit språk i *etableringsfasen* (Grepstad 2010: 14).

#### **Borgarleg offentlegheit**

For å forstå tidsskriftets rolle innanfor den nynorske offentlegheita og den nynorske litterære institusjonen, lyt vi gjere greie for den borgarlege offentlegheita som ligg som ein føresetnad for dei begge. Den tyske sosialfilosofen Jürgen Habermas skildrar framveksten av den moderne borgarlege offentlegheita som voks fram på slutten av 1700-talet. Habermas definerer den borgarlege offentlegheita som "den sfære der privatfolk samles til publikum" (Habermas 1991: 25). Den borgarlege offentlegheita består slik av eit publikum av privatfolk som møtes for å diskutere saker som angår staten og utfordrar myndighetene. Den borgarlege offentlegheita er såleis ei politisk offentlegheit. Før denne borgarlege offentlegheita var den rådande offentlegheita representativ og knytt til adelen og eineveldsstaten (Habermas 1971: 17). Ettersom det voks fram ein ny type produksjon, nemleg i privateigde småverksemdar, voks borgarskapen fram. Det var nettopp borgarane, dei med eigedom, som no fekk tilgang til offentlegheita (Stegane 1991: 12). Ikkje berre hadde borgarskapet no rett til å delta i den offentlege diskusjonen, det vart sett på som deira plikt å bidra, og framveksten av nye urbane institusjonar som til dømes kaffihusa bidrog til å skape offentlege arenaer der borgarane kunne samlast for å diskutere.

## **Den nynorske offentlegheita**

Om vi i det heile kan snakke om ei eiga ”nynorsk offentlegheit”, er omdiskutert. Denne diskusjonen blir gjengitt i i *Norskraft 43* (1984). Helge Rønning er ein av dei som meiner omgrepet er problematisk. Han stiller spørsmål ved om ein kan snakke om nynorsken som ei eiga deloffentlegheit, då nynorskrørsla tok del i arbeidarklassa, bondeklassa og bohemen, og nynorskrørsla då ikkje er ei eiga ”klasse” (*Norskraft* 1984). Jostein Gripsrud argumenterer for at omgrepet likevel kan vere nyttig i denne samanhengen, og i mangel på eigna omgrep meiner han vi kan ta det i bruk. Slik utvidar han omgrepet til ikkje lenger å berre gjelde borgarskapen, men nyttar heller om ”felles samfunnsmessige interesser for ei sosial gruppe” (65). Han viser til at den nynorske offentlegheita blir etablert i det målrørsla, mot slutten av 1800-talet, får igang dei nødvendige materielle føresetnadane som eit eige forlag, ei eiga presse og ikkje minst gjennom arbeidet til Noregs Ungdomslag som var sterkt etablert på bygda (66). Den nynorske offentlegheita er altså avhengig av ein alternativ litterær institusjon. Såleis er *SoS* både ein føresetnad og eit produkt av den nynorske offentlegheita.

## **Den nynorske litterære institusjonen**

1868 er eit sentralt år for framveksten av den nynorske litterære institusjonen. Då vart nemleg Det Norske Samlaget (Samlaget) stifta i Oslo og Vestmannalaget i Bergen. Denne framveksten må ein, ifølgje Stegane, sjå i samheng den borgarlege offentlegheita, som voks fram i Europa mot slutten av 1700-talet og særleg utover 1800-talet (Stegane 1993: 99). Eitt av ideala som voks fram i overgangen frå ei føydal til ei borgarleg offentlegheit, var at folket skulle ha tilgang til kunnskap slik at dei sjølv kunne danne si eiga meining. Argumentet for kvifor denne folkeopplysninga burde skje på nynorsk, kjem Arne Garborg med i *Den ny-norske Sprog- og Nationalitetsbevægelse* (1877). Ved å ta i bruk nynorsk vil folkeopplysninga skje på folket sine eigne premissar, i staden for framandgjeringa som dansk-norsken førte til. Som Stegane skriv, ønska Garborg å gi folk status som subjekt, i motsetnad til ei ”objektivering” (Stegane 1993: 104). Målet var altså at ein skulle tileigne seg kunnskap medan ein arbeidde på og med sitt eige språk.

Ein kan sjå stiftinga av Samlaget, Noregs Ungdomslag (1896), Noregs Mållag (1906) og Det Norske Teatret (1912), som dei første forsøka på å etablere ei alternativ nynorsk offentlegheit. Forfattar Arild Dahl skildrar ”Prosjekt Nynorsk” som ei av dei store forteljningane i Noreg. Det er ”ei forteljing som produserer si eiga meining der inga meining finst frå før (..)” (Dahl 1992: 76). Bjarte Birkeland omtaler verksemda til dei nye

nynorskforfattarane kring hundreårskiftet slik: ”Dei skriv eit språk som ikkje eigentleg høyrer heime i sentrum, men som er eit avvikarspråk” (Birkeland 1984: 52). Det var både gjennom skjønnlitteraturen og målpressa at den dansknorske offentlegheita vart utfordra. Stegane viser til at ein deloffentlegheit eller ei motoffentlegheit vil møte sanksjonar frå den rådande offentlegheita. Døme på dette såg ein då hovudstadspressa og den borgarlege riksmålsoffentlegheita lét seg provosere av språket i den første nynorske avisa, *Dølen* (Haarberg 1985: 41).

Sanksjonane mot litteratur som skilde seg ut, vil mellom anna kome til syne i litteraturkritikken (Stegane 1987: 53). Stegane omtalar *Syn og Segn* og *Den 17de Mai* som nynorskens hovedorgan, og at ”*Syn og Segn* må seiast å vere det enno” (1987: 73). Han viser til at litteraturkritikken i *SoS* er eit uttrykk for norma i den nynorske offentlegheita. Om stiftinga av Samlaget skriv Sigmund Skard at ”Samlaget er ei forretning; vi er ute etter å tena pengar. Men til skilnad frå forlag flest tener arbeidet vårt på ein idé” (Skard 1989: 361). I ”Børs og katedral”, skriv dåverande forleggjar i Gyldendal, Harald Grieg om at for å klare seg må forlaga basere seg på både børs og katedral, altså ein balanse mellom økonomi og ideologi (Grieg 1958: 816-17). Sjølv om han her tek føre seg forlagsbransjen, vil dette også vere gjeldande for andre publiseringskanalar, som *SoS*. Frå byrjinga av var *SoS* sterkt ideologisk grunnlagt. I skildringar av det første styret, kjem det fleire stader fram at dei ikkje var økonomisk motivert. Dei kjente eit ansvar, og arbeidet var ofte gratisarbeid. Stegane stiller spørsmål ved om stiftarane av Samlaget såg føre seg at nynorsken skulle bli ein del av den allereie eksisterande offentlegheita, eller om den skulle vekse fram som eit alternativ (Stegane 1993: 99). Då Vinje tok til å utgi *Dølen*, vart det klart at nynorsken ikkje vart akseptert i den rådande dansknorske offentlegheita. Bjarte Birkeland skriv at målrørsla i oppstarten stiller seg i opposisjon til den etablerte dansknorske offentlegheita, at det då kan vere snakk om ei motrørsla, medan det frå 1920-talet skjer ei endring: Ei utvikling ”til ein integrasjon” (Birkeland 1984: 56). Han viser til at nynorskforfattarane etter 1920 liksom gjerne kjem ut på forlag som ikkje er ”nynorskforlag”. I tillegg ser han på litteraturkritikken og han finn ein tendens til at nynorskforfattarar (fram til 1940) også blir melde på nynorsk i bokmålpressa (Birkeland 1984: 56). Det kan slik sjå ut som nynorsken får innpass i den norske litterære offentlegheita denne perioden.

### **2.1.2 Framveksten av ein ny litteraturkritikk**

Frå skipinga av *SoS* i 1894 var litteraturen eit viktig stoffområde. I nesten kvart hefte kunne ein lese litteraturhistoriske artiklar og dikt var prenta. Men som Ramsvik påpeiker i si oppgåve, er det særleg i litteraturkritikken ein kan følgje det nynorske litterære livet (Ramsvik 1984: 341). Vi vil i det følgjande gi ei kort skisse over framveksten og vegen fram mot institusjonaliseringa av den norske litteraturkritikken. Vi jamfører oss her med historia slik den er skildra av Edvard Beyer og Morten Moi i *Norsk litteraturkritikks historie Bind I: 1770-1848* (1990).

Sjølve ordet kritikk kjem av gresk og finn si tyding i ”å skjelne” eller vurdere, og litteraturkritikk i si mest kjende form kan definerast som undersøkinga av litterære verk med det føremål å omtale og vurdere dei. Det er brei semje om at vurdering av litteraturen er like gammalt som litteraturen sjølv og kan sporast attende til Aristoteles og Platon. Likevel er det ikkje berre problemfritt å finne klare definisjonar og avgrensingar for kva litteraturkritikk er, då den tidlege kritikken kom i fleire former som førekjem ukjent og kanskje fell utanfor rammene for det lesarar i dag vil kjenne att som litteraturkritikk. Grensene mellom litteraturkritikk og skjønnlitteratur var i større grad utflytande, og kritikken kunne kome i form av dikt og skodespel (Beyer og Moi 1990: 19). Omgrepet, slik det blir nytta i dag, høyrer til framveksten av eit breitt lesande publikum og av aviser og tidsskrifter (Skei 2009).

Som konsekvens av dette er startstreken til den moderne litteraturkritikken plassert i nærleiken av framveksten av den borgarlege offentlegheita. Og slik Habermas søker seg inn i dei europeiske kaffihusa på 1700-talet for å finne frambrøtet av den borgarlege offentlegheita, søkjer Beyer og Moi seg inn til Madam Juels kaffihus i København på slutten av 1700-talet, for å finne kimen til den norske litteraturkritikken. Hjà Madam Juel heldt den patriotiske og litterære klubben Det Norske Selskap hus, og diskusjonane kring litteratur var mange og høglydte. Sidan Norge på denne tida både var politisk og kulturelt underlagt Danmark, var det nok mest dansk, tysk og engelsk litteratur som var emne for diskusjonane. Noko eigen norsk litteratur kunne ein knapt snakke om, og det som vart gitt ut av norske forfattarar kom på danske forlag. Men skriveføre menn, knytt til Det Norske Selskap, var ikkje ei mangelvare, og etterkvart kom somme av dei til å markera seg som kritikarar (Beyer og Moi 1990: 23-32).

Dei aller første norske kritikarane hadde altså sitt virke i den danske offentlegheita, men etter 1814 var tida snart mogen for eit eige organ for kritikk av den norske litteraturen. Frå og med nyttår 1819 kom den første norske dagsavisa *Morgenbladet* ut, og det ”æsthetiske” søndagsnummeret av avisa etablerte seg raskt som eit viktig organ for litteraturkritikk (Beyer og Moi 1990: 37-38). Beyer og Moi skildrar overgangen til 1830-åra

som ei tid med eit ”energisk tilløp til en litteraturkritisk institusjon” (Beyer og Moi 1990: 39), men den norske litterære institusjonen var i 1830-åra framleis lite utbygd, og det å gi ut bøker i Noreg var vanskeleg og forbunde med stor økonomisk risiko. Morgenbladet hadde tilsett eit par teaterkritikarar, men noko fast litteraturmeldar hadde ikkje avisa før første halvdel av tiåret. Faglitteraturen vart meld i større utstrekning enn skjønnlitteraturen, og kritikken var enno ikkje profesjonalisert, men det private initiativet rådde grunnen. Om ei skjønnlitterær bok vart meld, var det ofte i form av at ein privat lesar fekk sitt innlegg om boka på trykk (Beyer og Moi 1990: 61).

Utover 1840-åra var det framleis dårleg med regelbunden presentasjon av litteratur i pressa, men samstundes auka talet på tidsskrifter, og i 1847 kom Norsk Tidsskrift for Videnskap og Litteratur, utgitt og redigert av historikar Chr. C. A. Lange. Tidsskriftet etablerte seg som det viktigaste kulturorganet i landet og betydde mykje som forum for litteraturkritikken, men som mange andre tidsskrift på denne tida hadde det kort levetid, og i 1855 måtte tidsskriftet leggjast ned (Beyer og Moi 1990: 180-82).

Sjølv om tidsskriftet var kortlevd, markerte det likevel eit skilje for norsk litteraturkritikk. Her hadde leiande kritikarar vore prenta, mellom andre Marcus Jacob Monrad, Peter Jonas Collett, Andreas Much og H.J. Thune, og redaksjonen i tidsskriftet hadde sett seg mål om å presentere og vurdere alle norske skjønnlitterære bøker som kom ut. Medan litteraturkritikken i 1830-åra var eit heller sporadisk fenomen, kunne ein ved utgangen av 1840-åra snakke om litteraturkritikken som ein sosial og kulturell institusjon (Beyer og Moi 1990: 270). Frå sporadiske private initiativ til ein integrert del av dei største norske avisene og tidsskriftene, litteraturkritikken hadde komen for å bli.

### **2.1.3 Tidsskrift som publikasjon**

Dei viktigaste førelegga til publikasjonsforma ”tidsskrift” finn ein i britiske blad som *The Spectator* og *The Tatler* utgitt på tidleg 1700-talet. Frå Storbritania spreidde tidsskriftskulturen seg raskt til andre land i Europa, og i Noreg reknar ein Claus Fasting sitt *Provinzialblade* (1778-1781) som eit tidleg døme på eit norsk tidsskrift i tradisjonen etter dei engelske. Sidan 1700-talet har tidsskrifta vore premissleverandørar for ein kritisk resonnerande offentlegheit, men under 1700-tallets tidsskriftomgrep inngår ofte også aviser, då det på den tida var vanskeleg å setje klare skiljelinjer mellom dei to. I dag skil ein gjerne mellom publikasjonsformene gjennom utgivelsesfrekvens og format (Furuseth, Thon og Vassenden 2010: 10).

Sjølve omgrepet ”tidsskrift” kan definerast som ein ”publikasjon som utkommer regelmessig (men sjelden hyppigere enn hver måned), og som er tilpasset og vender seg til en bestemt målgruppe” (Lothe 1998: 253). Tidsskrift som publikasjon finn sine underkategoriar i mellom anna fagtidsskriftet, det litterære og det allmennkulturelle tidsskriftet.

Eit *fagtidsskrift* spring, som namnet tilseier, som regel ut frå ein fagkrins, og ein fagkrins med respekt for seg sjølv har gjerne eitt eller fleire tidsskrift knytt til seg. *Litterære* tidsskrift har eit særskild litterært fokus og har som undergruppe dei *unglitterære* tidsskrifta som jamfør Jahn Thon kan kjenneast att på nokre felles særtrekk: ”lave produksjonsomkostningar, en ikke-kommersiell målsetting, begrenset opplag og spredning, kort levetid og en avantgardisk og eksperimentell grunnholdning” (Thon 1995: 21). Tidsskriftet *Profil* (1959-1992) var i si tid eit døme på eit unglitterært tidsskrift. Det *allmennkulturelle* tidsskriftet er eit tidsskrift som har som mål å famne ei rekkje emner og samfunnsområder, og *SoS* er saman med *Samtiden* (skipa i 1890) eit av dei eldste allmennkulturelle tidsskrifta i Noreg.

### **SoS i dei første åra**

I 1894 kom første prøvenummer av *SoS* ut. Det Norske Samlaget hadde då i lenger tid gått med ambisjonar om å gi ut eit tidsskrift som kunne «ta opp det som gjeng Gjønø Tida» som Olaus Fjørtoft formulerte det (Rue 1969: 10). Tre menn utgjorde redaksjonen i 1894: Rasmus Flo, Arne Garborg, og Moltke Moe, men det var Flo som stod for mesteparten av det redaksjonelle arbeidet dei første åra, og fram til sin død i 1905 (Rytter 1968: 230). Tidsskriftet var særmerkt av at utgivaren var Samlaget, eit forlag organisert som ei stifting med ein språkpolitisk føremålsparagraf: «Samlagets Formaal er at fremme Udgivelse af Bøger paa Norsk, enten Landsmaal eller Bygdemaal» (Djupedal 1968: 46). Ein naturleg konsekvens av dette var at *SoS* heilt frå første nummer vart redigert på nynorsk. Dette var den gong då og er framleis, ei språkpolitisk handling. I det store og heile er det vanskeleg å skilje tidsskriftet frå den språkpolitiske konteksten tidsskriftet voks ut or med sterke bindingar til målrørsla. Likevel er det interessant å merke seg korleis det språkpolitiske *ikkje* kom eksplisitt til uttrykk i føremålsteksten til tidsskriftet trykt i første nummer, forfatta av Rasmus Flo. ”[D]et er ei tid med store voner me no lever i” (Flo 1894: 19), skreiv Flo, og det var ein kulturpositivisme med tru på vitskapen, teknologiske framsteg, og idealet om folkeopplysning som utmerkte seg som rettesnor for det vidare arbeidet med tidsskriftet. Då *SoS* vart lansert var det med vekt på bladet som allmennkulturelt tidsskrift, det språkpolitiske var ikkje lagt noko særskild vekt på. Samstundes vart det med første prøvenummer òg sendt ut ei brosjyre på tre sider som innheldt ein

introduksjonstekst. Brosjyra var titulert "Fraa skriftstyret" i "Syn og Segn", og der vart det språkpolitiske vektlagt i større grad, og det vart slått fast at hovudføremålet var "aa arbeida for norskdom paa same grunnlag som Samlaget hittil heve verka" (Ramsvik 1984: 43).<sup>1</sup>

*SoS* var då som no eit abonnementsblad, og mellom 1894 og 1950 hadde tidsskriftet eit tingartal på kring 1100 i året. Den første årgangen (1894–1895) kom tidsskriftet ut med sju hefter. I åra 1905–1909 gjekk tidsskriftet over til å fungere som ein slags bokklubb for Samlaget der det kom ut to til fire hefter i året, og dei øvrige hefta kom ut som bøker under *Syn og Segn*-fana, før det i 1910 vart gitt ut ti ordinære hefter. Etter kvart kom fire hefter i året til å bli norma. Når det gjeld innhaldet, så var det frå og med skipinga eit uttalt mål om å famne alle emne. Med artiklar som strakk seg frå naturvitskap, filosofi, og livssyn til utanriks og litteratur var ingen stoffområde framand for tidsskriftet. Tidsskriftet har frå byrjinga av vore litterært, med rom for litteraturvitskaplege artiklar, forfattaromtaler, skjønnlitterære innslag og bokmeldingar under vignetten "Boksjaa".

### **Mellomkrigstida – ein bauta reiser seg og nynorsken ekspanderer**

Når ein skal skildre *SoS* si utvikling i åra frå 1900 og fram mot 1945, kjem ein ikkje unna Olav Midttun som sat som skriftstyrar i store deler av denne perioden. Midttun vart tilsett i *SoS* då dåværande skriftstyrar, historikaren Halvdan Koht reiste til Amerika i 1908. Det som opphavleg var eit vikariat, utvikla seg etterkvart til noko langt meir omfattande (Rytter 1968: 231). Midttun kom faktisk til å setje sit preg på heile 500 hefte av tidsskriftet i løpet av si tid som redaktør fram til 1960, og redaktørperioden strekkjer seg over begge verdskrigane, i tillegg til tida mellom dei, til saman heile 52 år. Midttun var ein mann med mange jarn i elden. Han arbeidde ein periode som timelærer medan han samstundes fungerte som konsulent for Samlaget før han vart redaktør for *SoS* i 1908, knapt 25 år gamal. I 1934 vart han den første norske kringkastingssjefen i NRK (Dahl 2009). Under Midttun var den redaksjonelle linja (som før) at tidsskriftet skulle famne alle emne, for slik å syne nynorsken som bruksspråk – men striden kring målsaka skulle redaksjonen ikkje legge seg opp i. "Det gjaldt å få folk til å skrive på målet, ikkje om målet", som han sjølv formulerer det (Midttun 1971: 89). Midttun var ingen passiv redaktør, men bidrog inn til tidsskriftet med artiklar om ulike emner. Særleg mange bokmeldingar under vignetten "Boksjaa" er signert

---

<sup>1</sup> Sjølve brosjyra har ikkje vi lukkast med å oppdrive og lyt difor syne til Ramsvik som har lese den. Vi har vore i løpet av arbeidet med oppgåva vore i kontakt med Ramsvik og han kan stadfeste at brosjyra eksistere, men vi har altså ikkje lukkast å finne den i arkivet til Nasjonalbiblioteket.

Midttun, og han var faktisk mellom dei viktigaste kritikarane i tidsskriftet i den perioden han sat som skriftstyrar.

Den norske bokmarknaden voks i tida frå århundreskifte og fram mot den første verdskrigen. I 1925 nådde norsk bokproduksjon eit toppunkt med heile 1228 utgitte titlar. Sidan sank produksjonen noko, og produksjonen tok seg ikkje opp att før fram mot andre verdskrig (Andreassen 1986: 41). Den nynorske litterære institusjonen var òg i vekst og nynorsk skjønnlitteratur utgjorde ein aukande prosentandel av norsk skjønnlitteratur i perioden før opprettinga av Norsk Kulturråds innkjøpsordning i 1965. I 1918 var faktisk 98% av alle norske skjønnlitterære originalverk. I 1963 var denne prosentdelen nede i 30 % (Grepstad 2015: 233). Sentrale nynorske forfattarar i mellomkrigstid var Olav Duun, Kristofer Uppdal og Tore Ørjasæter.

I mellomkrigstida hadde den nynorske skriftkulturen nådd det som Grepstad omtaler som *utskillingsfasen*, ein periode som strakk seg frå 1904 og fram til 1945. Fokuset låg her på etableringa av eigne nynorske institusjonar, som eigne forlag og aviser (Grepstad 2010: 14). Nynorsken gjennomgjekk ein sterk vekstperiode, mykje grunna nynorsken sin ekspansjon som skulespråk. I 1920-åra vart landsmål (nynorsk etter 1929) innført som skulespråk i fleire store landsdelar, og ved inngangen av andre verdskrig hadde over 50 % av norske skulekrinsar nynorsk som opplæringspråk (Hoel 2011: 416). Samstundes møtte målrørsla sterkare motstand på 20- og 30-talet, og dei opplevde politisk nederlag i ei rekkje namnesaker (striden om Oslo og Nidaros til dømes) (Hoel 2011: 393).

### **SoS frå 1945 til 2014 – eit riss av ei tidsskriftssøge**

Lat oss til slutt sjå nærare på den perioden som er emne for undersøking, og forsøkje å gi eit oversyn over utviklinga til *SoS* ved hjelp av nokre nedslag i tidsskriftets historie med vekt på redaksjonelle endringar, og forhold som syner til tidsskriftets funksjon som folkeopplysar og språkpolitisk organ.

### **Fortid må vike for samtid**

I etterkrigstida registerer Olav Rytter ei vridning i tidsskriftet mot meir aktuelt stoff, ei utvikling der fortida i større grad må vike til fordel for samtida (Rytter 1968: 237). Jamfør Rytter heng denne aktualiseringa saman med utskiftningar i redaksjonen. Magne Skodvin kjem inn som medredaktør til *Midttun* i perioden 1952 til 59, og Bjarte Birkeland følgjer *Midttun* og sit som redaktør frå 1960–68. Denne aktualiseringa fører særleg med seg eit aukande fokus på det som rører seg ute i den store verda, altså utanriksstoff. Tidsskriftet blir i større grad eit vindauge mot verda, og ein ”gullalder” med tanke på tingartal er i kjømda.



## **Den eventyrlege veksten i tingartala**

Under redaktørtida til Bjarte Birkeland opplever tidsskriftet ein sterk vekst i tingartalet. Frå kring 1100 tingarar årleg, gjer talet i 1956 eit hopp til 3000 tingarar, i 1961 til 8600, og når i 1968 ein topp med heile 16000 tingarar (Rue 1968: 132, 141). Utover 1970-åra svingar talet mellom 5000 og 8000. Denne eventyrlege veksten i tingartala gjer tidsskriftet til eit av dei mest utbreidde i Europa, og skuldast dei store etterkrigstidskulla med gymnasiastar og ein kløktig vervestrategi sett i gang av Birkeland. For skuleungdommen blir det i denne perioden nærast obligatorisk å halde *SoS* då tidsskriftet blir sett på som modell og stilideal for god nynorsk språkføring. Med endringar i skulesystemet utover 1970-åra vert tidsskriftet i mindre grad obligatorisk lesnad, og frå 1990 og utetter ligg tingartala på ein stad mellom 2000 og 4000 (Tusvik 2014).

## **Vaktbikkje for pressa og den samfunnskritiske vendinga**

I 1967 kjem Berge Furre inn som medredaktør attmed Bjarte Birkeland og med nytt blod kjem òg nye satsingsområder. Nytt av året er at *SoS* tek til med å setje dei norske avisene under lupa. Under leiarartikkelen "Blokknøt" fortel Furre om bakgrunnen for satsinga: *Syn og Segn* har ikkje tenkt til å setje seg til overdommar over norsk presse, men vi er i ei slik stilling at vi kan vere eit forum for den kritiske vurderinga av pressa som er mangelvare i vårt samfunn (Furre 1967: 236).

Tidsskriftet er faktisk det første i Noreg til å trykke aviskritikk (Grepstad 2010: 176). Om dei første tiåra etter krigen stod i reaktualiseringa og vitaliseringas teikn for tidsskriftet, så fører òg 70-åra med seg omveltningar. Tidsskriftet har heilt sidan skipinga hatt folkeopplysning som ei målsetjing, med ei sterk nasjonal forankring, men omverda og det kritiske blikket blir no stadig viktigare. Berge Furre skildrar dette klimaskiftet på leiarplass i det første heftet i 1970:

Den kritiske samfunnsdebatten fargar t.d tidsskrifta meir enn før. Det gjeld i det meste av Europa, og det gjeld våre granneland: Gamle, autoritative, alvorlege og høgkulturelle tidsskrift, støvete dyrkarar av objektivisme og opplysning for dei opplyste er blitt illsinte samfunnskritikarar. [...] (Furre 1970: 1).

Kravet om samfunnskritisk brodd i artiklane skaper òg ringverknadar for den litteraturkritiske linja: Sakprosa blir no eit særskild fokusområde, og "Sak og debatt" blir eit fast innslag der eit høgt tal sakprosabøker blir melde. Den nye litteraturkritiske satsinga spelgar den nye vendinga i det redaksjonelle arbeidet, med høgare krav til samfunnsrelevans, men som Vassenden påpeiker, så svarar den òg til ein aldri så liten revolusjon i bokbransjen: Inntoget av billegboka (Vassenden 2016). Nye trykke- og produksjonstekniske framsteg i bokbransjen

gjer det mogleg for forlaga å produsere bøker i store opplag i form av ”pocketbøker” – eller billegbøker, og her til lands startar billegbokrevolusjonen med Universitetsforlaget sine U-bøker i 1961. Billegbokrevolusjonen i Noreg hadde, jamfør litteratursosiologen Trond Andreassen, primært eit faglitterært innhald, og debattbøkenes stordomstid fell saman med venstresidas gjennomslag i dei veksande studentmiljøa (Andreassen 2006: 275). Billegbokboomen avtek mot slutten av 1970 åra, men billegbøkene er i aller høgste grad, enn så lenge, aktuelle.

### **Kritikk i dialog**

Det er i det store og det heile kritikken av politisk sakprosa som dominerer i tidsskriftet tidleg på 1970-talet, men det skal seiast at det heller ikkje skortar på vilje å gå i *dialog* om litteraturkritikken under denne perioden. For allereie under Bjarne Fidjestøl sin redaktørperiode (1969–1973) blir det lansert ei ny litteraturkritisk linje. Med bakgrunn i ein diskusjon sett i gang av Knut Johansen allereie i 1969, om kor vidt litteraturkritikken berre skal tene forlaga eller vere eksplisitt politisk, tek Fidjestøl no til orde for å diskutere kva litteraturkritikken er og kan vere. Nytt under sola er at to kritikarar skal melde same verk før forfattaren skal få høve til å svare på kritikken. Første trekløver ut er kritikarane Knut Johansen, Asbjørn Aarseth og forfattar Tor Obrestad. Redaksjonen held det gåande med dette kritikk-eksperimentet fram til 1975 før det blir avvikla. Ein kan nok gi Eirik Vassenden rett i at det var ein form for kritikk som var vanskeleg å oppretthalde med offensive kritikarar og defensive forfattarar:

At den eksperimentelle kritikk-som-dialog-forma berre var tidvis vellukka, kan ha å gjere med at den estetiske dommen er vanskeleg å diskutere med – for den ”domfelte”. Men ei forklaring kan òg vere at Syn og Segn i all hovudsak var eit sak-, debatt- og opplysningsblad i desse åra – og i langt mindre grad eit litterært tidsskrift. Det var slettes ikkje forfattarane sin heimebane (Vassenden 2016).<sup>2</sup>

Ved inngangen av 1980 åra er alle dei tre store litteraturkristiske satsingane, ”Boksjå” og ”Sak og debatt” og dialog-eksperimentet avvikla. Bøker blir melde i den sporadisk opptredande spalta ”Kritikk” utover 80-åra, men også denne avviklast i 1988.

### **Damene kjem**

I 1979 får tidsskriftet sin første kvinnelege redaktør i Sigrid Straand. Ho er redaktør fram til 1983 og blir etterfølgt av Ottar Grepstad. Under Ottar Grepstad sin periode (1984-88) som

---

<sup>2</sup> Vi fekk tilgang til ein upublisert versjon av kapittelet utan paginering.

skriftstyrar tek *SoS* til med kritikk av andre tidsskrift, og litteraturkritikk er i mindre grad eit fokusområde. Dette kan ein mogeleg lese som eit teikn på ei endring innanfor tidsskriftsfeltet, med tilvekst av fleire reine litterære tidsskrift, som til dømes *Vagant* (1988) og *Bokvennen Litterært Magasin* (1989).

På 2000-talet kjem ein periode med mange kvinnelege redaktørar. Etter Nils Rune Langeland kjem Hilde Sandvik og Marit Eikemo inn som redaktørar. Dei er medredaktørar frå 2003 til 2006 og blir etterfølgt av Teresa Grøtan. Bente Riise kjem inn i skriftstyrarrolla i 2006 og blir sitjande til 2013 og blir avløyst av Knut Aastad Bråten. Det er under Riise sin periode at *SoS* vert heidra med tittelen *Nordisk Tidsskrift 2010*. I eit intervju i etterkant av prisutdelinga svarar Riise på spørsmålet om kva *SoS* kan bidra med for å styrkje nynorsken. Riise svarar at:

– Vi kan gje folk godt og interessant lesestoff på eit godt og kvalitetssikra språk. For meg er det viktig å gje lesarane både breidde og djupn, alvor og humor. Vi har også ein av dei beste språkvaskarane i landet (Litlehamar 2010).

Intervjuet tyder på at den språkpolitiske funksjonen til tidsskriftet ikkje er heilt utradert i offentlegheita, og at tidsskriftet sjølv held fram med å ha medvete kring ansvar sitt.

#### **2.1.4 Nynorsken si stilling frå 1945 og fram til i dag**

Vi har no følgd den historiske utviklinga til *SoS*, og vil i det følgjande gi eit historisk riss over utviklinga av den nynorske skriftkulturen i same periode. Dette gjer vi ettersom det er vanskeleg å tenkje seg tidsskriftet utan den språkpolitiske konteksten som det står i tett samband med.

##### **Integreringsfasen**

Etter ein sterkt vekst på 1930-talet, har nynorsken ein tilbakegang i etterkrigstida. I *Viljen til språk* kjem Ottar Grepstad med fleire forklaringar på svekkinga av nynorsken si stilling.

Tilbakegangen skuldast mellom anna sentraliseringa der mange flytta frå nynorskområde til bokmålsområde og skifta målform. Samstundes fekk samnorskstriden negativ innverknad for målsaka, kommunesamanslåing førte til at mange små nynorsk kommunar vart del av større bokmålskommunar og det "nasjonale" som målrørsla hadde brukt til sin fordel før, hadde no etter krigen vore sverta av Nasjonal Samling (Grepstad 2006: 203). Krigen hadde gitt det "nasjonale" andre assosiasjonar og hadde dessutan ført til at målrørsla måtte setje sitt eige arbeid på hald for å delta i motstandsørsla (Torp 2014: 227).

## Målrørsla

I 1949 sette Noregs Mållag i sitt målprogram mellom anna at nynorsk skulle bli hovudmålet i den øvste styringa i Noreg, og at "Noreg" skulle vere det einaste namnet på landet (Almenningen 1978: 62). Dei hadde altså høge ambisjonar, men målrørsla var ikkje like godt organisert som før krigen. Mot slutten av 40-talet var det fleire fylkesmållag som ikkje hadde blitt starta opp igjen (Almenningen 1978: 62) og etter krigen var det særleg i skulen at bruken av nynorsk hadde blitt redusert. Sjølv om nynorskprosenten i skulen hadde sitt høgdepunkt i 1944 med 34,1 % var talet allereie nede på 25,3 % i 1955.

I oppbyggingsfasen etter krigen var det viktig å få i gang samfunnet, og tidlegare motsetnader vart dekt over. Riksmålsfolket var godt organisert. Samnorsk splitta Noregs Mållag og førte til indre splid, og dermed kom målsaka i andre rekkje (Haugen 1969: 138). Det var først i slutten av 50-talet at Noregs Mållag gjekk inn i striden, ved å mellom anna setje i gang aksjonar. Bokmålet hadde då 80% av skulekrinsane og 95 % av pressa i ryggen. Medlemstalet i Noregs Mållag gjekk frå å vere omlag 13 000, til 16 000 i 1960 (Grepstad 2015). Likevel skildrar Almenningen målrørsla på 60-talet som "stillefarande og smålåten" samanlikna med målrørsla på 50-talet (Almenningen 1978: 66). Sjølv om medlemstalet var høgt, var det mange av medlemma som ikkje var aktive.

I 1965 var nynorskprosenten i skulen nede i 20 %, men likevel såg det lysare ut for målrørsla på byrjinga av 60-talet, då ungdommen byrjar å engasjere seg. Noregs Student- og Elevmållag, seinare Norsk Målungdom, vart stifta i 1961. Sentralisering truga nynorsken, og dette var ein viktig kampsak for målrørsla, særleg målungdommen, på 60-talet. Målrørsla gjekk meir varsamt ut for å hindre meir tilbakegang (Almenningen 1978: 68). Radikaliseringa på 70-talet førte til framgang i målsaka med ei auke i medlemstal, og rørsla var aktiv. Dei nystifta partia AKP (ml) og SV strida om hegemoniet i Studentmållaget, noko som førte til debatt og engasjement (Almenningen 2003: 283). Det var mykje intern strid i målrørsla, samstundes som den negative utviklinga med nynorskprosenten i skulen heldt fram. I 1975 var den nede i 16,7 %.

Målfolket byrja på 70-talet å sjå på det ideologiske grunnlaget målrørsla var grunnlagt i, og sjølv språket kom i fokus. Mellom 1974 og 1976 var det særleg usemje om kva veg målarbeidet skulle ta. Dei som ønska ei tospråkslinje, fremja radikal bokmål, medan eittspråkstilhengjarane berre ville basere seg på nynorsken. I åra 1977 til 1983 er det dialektane som er tema. Målrørsla stod saman om å fremje dialektane, medan Noregs Mållag gjekk under parolen: "Snakk dialekt – skriv nynorsk" (Almenningen 2003: 257). 70-talet var dessutan tida for ei allmenn radikaliseringsprosess, som òg målrørsla tok del i. Det politiske

engasjementert hadde ein oppsving generelt, målrørsla var del av nei-sida i debatten om EF i 1972 og medlemstala hjå Målungdommen auka.

1980-talet var prega av ei høgrebølge. Høgre vann valet i 1981, og varsla endring i kulturpolitikken. Samstundes tok riksmålsorganisasjonane opp kampen mot valfritt sidemål. Fram til 1980-talet gjekk skulesystemet dessutan gjennom store endringar der norskfaget fekk ein sterkare posisjon. Skulegangen vart gjort niårig for alle, slik at ungdomsskulen vart obligatorisk. Sidemålet (som for dei fleste var nynorsk) kom godt ut av den nye ordninga. ”Med ungdomsskulen på plass var nynorsk blitt eit allment skiftspråk som alle skulle få ei viss opplæring i”, skriv Grepstad (Grepstad 2006: 249).

Den negative utviklinga med nynorskprosenten i skulen snudde i ein kort periode på 1980-talet og i 1990 var den tilbake på 17 prosent før den då tok til å minke att. Medlemstala i Noregs Mållag gjekk ned, og interne konflikhtar i målrørsla førte igjen til ei splitting i rørsla (Almenningen 2003: 267).

I 2000 var nynorskprosenten i skulen nede i 15 %, og i 2009 nede i 13,3 %. Tala gjeld grunnskulen, frå 1972 er ungdomssteget medrekna (sjå tabell: Torp 2014: 229, som viser til *Språkfakta 2010* av Ottar Grepstad).

### **Den nynorske litteraturen**

31 nynorskforfattarar debuterte i det første tiåret etter krigen. Dette talet var halvert i tiåret 1955 til 1965, og regjeringa såg det nødvendig å innføre ei innkjøpsordning for å sikre den nye norske litteraturen (Grepstad 2006: 220). Det har vore omdiskutert kor stor den nynorske bokprosenten eigentleg har vore. I ei undersøking basert på ”Årskatalog over norsk litteratur” for 1952 kjem det fram at berre 3 prosent av dei 2026 bøkene var på nynorsk (Haugen 1969: 192). Då Kringkastingsringen undersøkte bøker utgitt tiåret 1945-1955 var prosenten 11,9 (talet gjeld også bøker skrive på dialekt).

Innkjøpsordninga vart innført i 1965, og verka ulikt inn på dei to skriftspråka. Tidlegare var det vanleg at poesi vart skrive på nynorsk, og prosa på bokmål. Innkjøpsordninga førte til at det no kom ut fleire diktsamlingar på bokmål, og fleire prosabøker på nynorsk (Grepstad 2006: 222). I 1963 og 1964 debuterte det berre éin nynorskforfattar. Mellom 1960 og 1964 debuterte det berre sju nynorskforfattarar, medan det var 280 nynorskdebutantar mellom 1960 og 2005, med andre ord ei stor auke i denne perioden (Grepstad 2006: 222). Fløgstad omtalar innkjøpsordninga som ”(...) starten på moderne nynorsk diktning” (Fløgstad 2012).

## Situasjonen idag

I dag er nynorsken sin situasjon svært samansett. Kjartan Følgestad argumenterer i artikkelen "Eit sant mirakel" for at nynorsken sin plass som riksspråk er meir utsett enn på lenge, samstundes som den nynorske skjønnlitteraturen har styrka sin posisjon dei siste åra: "I dag kan vi trygt slå fast at nynorsk skjønnlitteratur lever og blømer frodigare enn nokon gong" (Fløgstad 2012). Frå å vere ein ideologisk kampsak, har nynorsken blitt eit normalt skriftspråk med litterære tradisjonar, institusjonar, aviser og over ein halv million brukarar (Hoel 2001: 20). Samstundes er det verdt å leggje merke til at nynorskprosenten i grunnskulen ligg på 13 prosent, og omkring ein tredjedel av nynorskelevane har endra målform til bokmål, innan artium. Riksavisene blir konsekvent skrive på bokmål. Nynorsk er framleis eit mindretalsspråk. Det er om lag 600 000 nynorskbrukarar i Noreg, men fire av ti nyttar like gjerne bokmål som nynorsk, og er slik sett tospråklege (Grepstad 2015: 52).

### 3 Kvantitativ undersøking

70 år med litteraturkritikk utgjør mykje stoff. For å danne eit heilskapleg bilete av kritikken i tidsskriftet over desse 70 åra valde vi difor å nytte kvantitativ metode for å svare på deler av problemstillinga: Kor mykje litteraturkritikk er det i dei ulike periodane av tidsskriftets historie? Kva bøker blir meldt? Bokmålsbøker eller nynorsk-bøker? Kven er kritikarane? Kva type litteratur blir meldt (skjønnlitteratur eller sakprosa)? Blir bøkene frå Samlaget prioritert?

#### Metode

Denne delen av oppgåva er ei kvantitativ undersøking, først av innhaldet i *SoS* i perioden 1945 til 2014, så av sjølve litteraturkritikken i same periode. Metodisk støttar vi oss på Helge Østby si skildring av kvantitativ metode frå innføringsboka *Metodebok for mediefag* (Østbye m.fl. 2013). Østbye omtaler her kvantitativ metode som ein nyttig analysemetode for å finne fram til strukturar i eit større materiale som kan talfestast eller teljast (Østbye m. fl. 2013: 1961: 61). Vi vekslar mellom å presentere råtall, prosentandel og gjennomsnitt, avhengig av materialet. Prosent blir framstilt ved kakediagram eller i tabell, og råtall ved søylediagram. I den kvantitative undersøkinga av bokmeldingane nyttar vi oss primært av univariat analyse der vi undersøker ein og ein variabel med fleire verdiar for å syne frekvensfordeling. Til dømes ser vi på frekvensfordelinga mellom kor mange av dei meldte bøkene som kjem frå Samlaget og kor mange av bøkene som kjem frå andre forlag. Variabelen er då "Forlag" og verdiane er "Samlaget" og "Andre".

Til grunn for denne kvantitative analysen av dei til saman 343 bokmeldingane, ligg eit leseskjema. Leseskjemaet består av fire variablar: målform, kjønn kritikar, type litteratur, og forlag. Kvar variabel har to eller fleire verdiar. Målform har tre verdiar: "nynorsk", "bokmål" og "anna". Svenske og danske bøker inngår i verdien "anna". Kjønn kritikar har to variablar: "kvinne", "mann". Type litteratur to: "skjønnlitteratur", "sakprosa". Forlag: "Samlaget" og "Andre".

I registreringa har vi tatt høgde for at ei bokmelding kan melde fleire bøker under eitt, og vi har såleis i praksis registrert alle dei meldte bøkene. Ei bokmelding kan melde bokmålsbøker og nynorsk-bøker om kvarandre, og i leseskjemaet har vi registrert nøyaktig kor mange av kvar. Men der ei bokmelding kan melde fleire bøker med ulike målformer, frå ulike forlag osv, står det berre ein kritikar bak kvar bokmelding (med unntak av to tilfeller på 70-

talet med fleire kritikarar). Vi nyttar her femårsperioden som eit struktureringsprinsipp, ettersom det er dei overordna tendensane i materialet vi ønskjer å finne fram til.

### **3.1.1 Kvantitativ analyse av innhaldet i *Syn og Segn***

For å etablere konteksten til litteraturkritikken har vi sett på kor mykje litteraturstoff som stod på trykk i tidsskriftet i perioden 1945-2014 opp mot dei andre stoffområda i tidsskriftet. Vår definisjon av ”litteraturstoff” famnar forfattaromtalar, intervjuer, litteraturhistoriske artiklar, litteraturvitskaplege artiklar, skjønnlitterære bidrag, bokmeldingar, samt ein kategori vi har kalla ”diverse” med ymse litteraturstoff. Resten av stoffet er markert som ”anna” og syner til dei andre stoffområda i tidsskriftet som til dømes samfunnsvitskap, naturvitskap, filosofi og psykologi.


Under arbeidet med litteraturstoffet vart det fort klart at kategoriane litteraturvitskaplege artiklar, litteraturhistoriske artiklar og forfattaromtalar ofte ligg veldig nære og det kunne vere snakk om glidande overgangar mellom desse kategoriane. I oppteljinga bestemde vi difor å skilje mellom litteraturvitskaplege artiklar og forfattaromtalar ved å sjå om oppslaget primært var analytisk eller om det historisk-biografiske var vektlagt. Dersom oppslaget primært var analytisk, vart den kategoriserte som litteraturvitskapleg. Vi har i oppteljinga og registreringa av litteraturstoffet valt bort dei oppslaga som omhandlar dramatik, både teaterkritikk og omtale av drama som tekst. Frå Ivar Aasen sin forfatterskap, har vi teke med oppslaget berre når det omtalar hans skjønnlitterære tekstar, ikkje når det handlar om Aasen som språkgranskar. Grensekategorien essay har vi innlemma det berre når essayet har ein overordna litterær tematikk, ikkje essay i kraft av sjangeren essay, sjølv om grensene også her er flytande. Vi har heller ikkje innlemma brev og reiseskildringar.

Vi har valt å framstille talmaterialet vårt ved hjelp av eit søylediagram der kvar søyle representerer stoffområdet over ein femårsperiode. Dette struktureringsprinsippet valde vi då det primære målet med denne delen av undersøkinga er å få fram dei overordna linjene, i større grad enn det partikulære ved kvar årgang.

#### **Litteraturstoff i tidsskriftet**

Av søylediagrammet (Fig.1) ser vi at ”anna stoff” overordna dominerer gjennom heile perioden, men òg at litteraturstoffet markerer seg som eit viktig stoffområdet i tidsskriftet.





**Fig.1:** Artiklar i *Syn og Segn* i perioden 1945-2014 med litteraturstoff i raudt, andre artiklar i blått.


I snitt ligg delen litteraturstoff på 26, 5 % per femårsbolk i denne perioden. Vidare ser vi at litteraturstoffet utgjør eit særleg viktig stoffområde dei første tiåra etter krigen og fram mot 1980. Størst del litteraturstoff registrerer vi i perioden 1970 til 74 der litteraturstoffet utgjør 37, 5 % (Fig. 2). Av søylediagrammet kan vi også avlese at litteraturstoffet minkar utover 1980-talet, og tabelloversikten fortel oss at delen litteraturstoff er på sitt lågaste i perioden 1985 til 89 med knappe 14 %. Utover 2000-talet går talet noko opp, og er mellom 2005 og 2009 oppe i 25, 4%. Totaltalet på registrerte oppslag i tidsskriftet svingar rett nok ein del, og dette påverkar naturlegvis kor stor prosentdel litteraturstoffet faktisk utgjør av tidsskriftet. Av tabellen under (Fig. 2) ser vi korleis talet på oppslag kan variere. Flest oppslag er registrert i perioden 1970 til 74, og færrest er det i perioden 1995 til 99 og 2010 til 2014.

Årstal	Anna	Litt.stoff	Totalt	Litt.prosenten
1945-49	199	112	311	36 %
1950-54	215	119	334	35,60 %

1955-59	253	122	375	32,50 %
1960-64	297	98	395	24,80 %
1965-69	292	121	413	29,20 %
1970-74	338	203	541	37,50 %
1975-79	255	141	396	35 %
1980-84	306	79	385	20 %
1985-89	275	48	323	14 %
1990-94	255	59	314	18,70 %
1995-99	204	47	251	18,70 %
2000-04	213	56	269	20,80 %
2005-09	196	67	263	25,40 %
2010-14	201	50	251	19,90 %

**Fig. 2:** Tabelloversikt over oppslag i *SoS* i perioden 1945-2014 med prosentandel delt inn i stoffområdene litteraturstoff og anna.

Av kakediagrammet (Fig. 3) ser vi at litteraturstoffet utgjør omlag 27 % av alle oppslaga i tidsskiftet i perioden 1945-2014.



**Fig. 3:** Stoffområder i *SoS* i perioden 1945-2014 med underkategoriar av litteraturstoffet.

Skjønnlitterære bidrag utgjør det største stoffområdet internt i litteraturstoffet, og utgjør i snitt 8 % av det totale stoffområdet i perioden. Deretter kjem bokmeldingane som i snitt utgjør 7 % av det samla stoffet i tidsskriftet i perioden, og såleis representerer ein sentral del av litteraturstoffet i perioden.


### **Kva er litteraturkritikk? Ei bokmelding?**

Mellom alt det stoffet vi har definert som litteraturstoff står litteraturkritikken/bokmeldingane i ei særstilling då det er desse oppslaga vi særleg er interesserte i. I avgjersla om kva vi definerer som litteraturkritikk i *SoS* har vi brukt tidsskriftet sin eigen definisjon av litteraturkritikk, ved primært å ta utgangspunkt i dei oppslaga som er å finne under dei to litteraturkritiske satsingsområda til tidsskriftet: "Boksjå" og "Sak og debatt". Rett nok vart "Boksjå" avvikla iløpet av 1958, og "Sak og debatt" startar opp først i 1970 - og somme oppslag står utanom desse satsingane, så ein del avvik frå denne regelen inngår i materialet. Mellom dei to litteraturkritiske satsingane har vi innlemma frittstående litteraturkritiske oppslag. I tvilstilfelle har vi primært sett på vurderingsnivået i oppslaget, og om den omtala boka har ein viss aktualitet på det gitte tidspunktet. Som ei rettesnor har vi dessutan den hatt den definisjonen av litteraturkritikk som spring ut or det greske og tyder å "kunsten å vurdere, skjelne, dømme". Denne ordboksdefinisjonen kan ein supplere med Erik Bjerck Hagen sitt utsegn om at: "når vi handler litteraturkritisk, forsøker vi å verdsette litterære verk, og begrunne våre verdsettelse" (Bjerck Hagen 2004: 15).

Dette meiner vi er dekkjande for litteraturkritikken i *SoS*, som spenner frå stutte bokmeldingar på ei halv side til lange litteraturkritiske artiklar skrive av litteraturvitarar. Vi vekslar i oppgåva mellom å snakke om bokmeldingar og litteraturkritikk, men vi meiner at begge termene inngår i den litteraturkritiske praksisen til tidsskriftet. Bokmelding, eller "anmeldelse" på bokmål, blir definert hjå Bjerck Hagen ved at dei er "relativt korte, de kommer tidlig og skal formidle en umiddelbar reaksjon på en bok, mens en litteraturkritisk artikkel eller avhandling vil forsøke å komme dypere" (Bjerck Hagen 2004: 15). Når det er sagt, må det òg seiast at arbeidet med å definere kva bokmeldingane i tidsskriftet er og ikkje er, har utfordra synet vårt. Litteraturkritikk i tidsskriftet skil seg noko frå den kritikken vi er vand med å sjå frå den moderne pressa. Overordna dreier dette seg om vurderingsnivået i meldingane samt at "aktualitet" får ei litt anna tyding. I dag tenkjer vi at bøker som nettopp har kome ut er "aktuelle". I *SoS*-samanheng opplever vi ofte at "aktuelle" bøker bli einstyndande med fjorårets utgivingar.

## Bokmeldingane

Av grafen (Fig. 4) ser vi at talet på litteraturkritiske oppslag eller bokmeldingar i perioden 1945 til 2014 svingar kraftig.




**Fig. 4:** Bokmeldingar i tidsskriftet i perioden 1945-2014.

Det første tiåret etter krigen held talet på bokmeldingar seg relativt høgt med eit snitt på 7, 8 meldingar i åra 1945 til og med 1949. Dette lyt ein sjå i samanheng med den faste spalta ”Boksjå”, som kunne innehalde fleire meldingar. Talet på meldingar fell noko fram mot 1960 då ”Boksjå” avviklast i 1958, før talet veks drastisk på 1970-talet. Den sterke veksten i bokmeldingar på 1970-talet kan ein tilskrive den nye litteraturkritiske satsinga i 1970 med spalta ”Sak og debatt”. Her vert eit stort tal såkalla *kvalitetsbillegbøker* melde. Ved inngangen av 1980-talet flatar talet på bokmeldingar ut, og held seg stabilt lågt utover mot 2000-talet. Utover på 2000-talet er bokmeldingane i fåtal, og mellom år 2000 og 2014 er det i snitt 0,66 meldingar på trykk i kvar årgang. På 2000-talet registerer vi med andre ord at det kan gå heile årgangar utan ei einaste bokmelding. År 2009 og 2010 er døme på årgangar utan litteraturkritikk. Ved inngangen til 2000 har litteraturkritikken gått frå å vere fast innslag til å bli sporadisk gjesteopptreden. Dei store litteraturkritiske satsingane som tidlegare prega *SoS* er avvikla, og tidsskriftet har andre fokusområder.

### 3.1.2 Kvantitativ analyse av bokmeldingane

#### Ny norsk litteratur eller nynorsk litteratur?

Ifølgje funna til Ramsvik vart nesten utelukkande berre nynorske bøker meldt i *SoS* frå og med skipinga i 1984 og fram til 1910 (Ramsvik 1984). Det er difor interessant å sjå at det frå 1945 og fram til 1970-talet framleis er nynorskbøkene som dominerer, sjølv om bokmålsbøker også blir melde i denne perioden (Fig. 5). I perioden 1945 til 49 er 32 nynorske meld mot 10 bokmålsbøker. Frå 1950 til 54 er 86 nynorske meld mot 9 bokmålsbøker. I perioden 1955 til 59 er det meld 85 nynorskbøker mot 7 bokmålsbøker. På 60-talet går talet på melde bøker noko ned, men framleis er det nynorskbøkene som er i fleirtal. Utover 80-talet og framover går talet meldte bøker tilbake, og styrkeforholdet mellom dei nynorske -og bokmålsbøkene stabiliserer seg i større grad.




**Fig. 5:** Målforma i dei melde bøkene i tidsskriftet perioden 1945-2014. Bokmål er markert med raudt, og nynorsk med grøn. Anna betyr som regel svenske bøker.

Av figuren ser ein korleis 70-talet utpeikar seg med ei kraftig auke i talet melde bøker. I perioden 1970 til 74 er det registrert heile 209 melde bøker til saman. Den kraftige auken i melde bøker må ein sjå i samanheng med den nye litteraturkritiske satsinga "Sak og debatt", ei spalte der eit høgt tal sakprosa bøker vart melde. Med inntoget av "Sak og debatt" skjer ei endring. No er det plutselig bokmålsbøkene som dominerer. I perioden 1970 til 74 registrerer vi totalt 157 meldte bøker på bokmål mot 46 på nynorsk og 6 på andre språk (svensk). Denne

bokmålsdominansen held seg i perioden 1975 til 79 òg, med 86 meldte bokmålsbøker, 21 nynorskbøker og 3 på andre språk. Ved inngangen til 1980 blir ”Sak og debatt” avvikla, men bokmålsdominansen held stand. I perioden 1980 til 84 går talet på meldte bøker ned, men bokmålsbøkene er framleis høgast i talet med 15 meldte bokmålsbøker mot 6 nynorskbøker. Talet på meldte bøker i dei påfølgjande periodane er stabilt lågt, og forholdet mellom bokmålsbøkene og nynorskbøkene er jamt, men i perioden 1990 til 94 er det plutsleg nynorskbøkene som er i fleirtal med 18 melde nynorskbøker, mot ingen melde bokmålsbøker. Utover resten av 90-talet og 2000 talet flatar talet på melde bøker ut, og det er vanskeleg å sjå noko tendens i styrkeforholdet mellom nynorskbøkene og bokmålsbøkene, anna enn at det blir meld få bøker i tidsskriftet. Det verkar i større grad tilfeldig om bøkene som er meld er på nynorsk eller bokmål.

### Kven er kritikarane?

Frå byrjinga av var *SoS* eit mannsdominert tidsskrift. Stiftarane av *SoS* var menn, og det var menn som sat i redaksjonen og bidrog til tidsskriftet. Denne mannsbastionen ser ut til å halde stand, då det overordna i perioden 1945 til 2014 framleis er slik at dei mannlege kritikarane er i fleirtal.




**Fig. 6:** Kritikarane fordelt på kjønn.

Av figuren (Fig. 6) går det fram at det ikkje er registrert ein einaste kvinneleg kritikar i perioden 1945 til 49. Først i perioden 1950 til 1954 kjem det til kvinner. Her er det registrert 2 kvinner og 37 menn. Det er Halldis Moren Vesaas som er den første kvinnelege kritikaren i vårt materiale. Den andre kvinnelege meldaren i denne perioden er forfattar og omsetjar, Rebekka Hammering Bang, som i 1953 skriv under spalta ”Boksjå”.

Med den nye litteraturkritiske satsinga ”Sak og debatt” på 1970-talet veks talet på kritikarar, men dei mannlege kritikarane er framleis i fleirtal med 99 registrerte menn mot 17 kvinner. I den påfølgjande perioden er det registrert 12 kvinner mot 55 menn. I perioden 1980 til 84 går talet på meldingar ned, og det er registrert 9 mannlege kritikarar og 2 kvinnelege. I perioden 1990 til 94 er det ikkje registrert ei einaste kvinne, og alle dei 5 registrerte kritikarane er menn. Utover resten av 90-talet og 2000-talet er talet på bokmeldingar jamt over lågt, og styrkeforholdet mellom kvinner og menn held seg jamt over slik som det har vore, med eit fleirtal av menn. I dei to siste periodane, 2005 til 2009 og 2010 til 2014, er materialet vårt så spinkelt at det er vanskeleg å utleide nokon tendens.

### Kva type litteratur blir meld?

Av figuren (Fig. 7) ser vi at skjønnlitteraturen står sterkast i perioden frå 1950 og fram mot 1970. I perioden 1970 til 1979 er majoriteten av dei melde bøkene sakprosa. Etter denne perioden minkar litteraturkritikken, og styrkeforholdet mellom sakprosa-bøkene og dei skjønnlitterære jamnar seg i større grad ut.




**Fig. 7:** Melde bøker fordelt på type litteratur.

I perioden 1950 til 54 er det registrert 70 skjønnlitterære bøker mot 25 sakprosabøker. I den påfølgjande perioden held den skjønnlitterære dominansen fram med 79 registrerte skjønnlitterære og 13 sakprosa. Også gjennom 60-talet dominerer skjønnlitteraturen, sjølv om talet på melde bøker går noko ned, men ved inngangen av 1970-talet ser situasjonen heilt annleis ut. 70-talet er tida for ”Sak og debatt”, og sakprosaen dominerer i stort monn. I perioden 1970 til 74 er det registrert 188 sakprosabøker, mot 14 skjønnlitterære. I perioden etter, 1975 til 79, er det registrert 88 sakprosa mot 21 skjønnlitterære. Ved inngangen til 1980 talet minkar litteraturkritikken, og forholdet mellom skjønnlitteraturen og sakprosaen jamnar seg ut. I perioden 1980 til 84 har sakprosaen framleis eit overtak, om enn knapt, med 14 sakprosa mot 7 skjønnlitteratur. I perioden 1990 til 94 er det skjønnlitteraturen som har eit knapt overtak med 14 mot 4 sakprosa.

### **Melder *SoS* berre bøker frå Samlaget?**

I perioden sett under eitt blir det stort sett meld flest bøker frå andre forlag enn frå Samlaget. Berre i perioden 1990 til 94 dominerer bøkene frå Samlaget. Sjølv ikkje i den perioden der flest nynorske bøker blir meld, perioden 1945 til 1964, jamfør Fig. 4, er bøkene til Samlaget i fleirtal. I 1950 til 54 kjem berre 14 av dei melde bøkene frå Samlaget mot 81 bøker frå andre forlag, sjølv om storparten av dei melde bøkene i denne perioden er nynorsk (jamfør fig.4). Dette fortel oss at Samlaget ikkje dominerer i *SoS*-kritikken av nynorsk litteratur, men at det er nynorskutgivingar på andre forlag som er i fleirtal. Forlag som Fonna Forlag og Noregs Boklag gjev utelukkande ut nynorske bøker i perioden, samstundes som Tarjei Vesaas som ofte blir meld i *SoS*, kjem ut hjå Gyldendal Norsk Forlag.





**Fig. 9:** Melde bøker fordelt på forlag.

Vidare kan vi sjå av figuren (Fig 9) at talet på melde bøker frå Samlaget held seg stabilt lågt utover 2000-talet. Den einaste perioden der Samlaget sine bøker dominerer, er ein periode der berre nynorske bøker er melde. Dette ser ein når ein jamfører med Fig. 4. I perioden 1990 til 94 er 17 nynorske bøker er meld, ingen på bokmål (Fig.4), og alle desse 17 bøkene kjem frå Samlaget (Fig. 9). Dette kan tyde på at i perioden 1990 til 94, i ein periode der litteraturkritikken står svakt, står koplinga mellom Samlaget og SoS sterkt.

## 4 Kvalitativ undersøking

Frå det store fugleperspektivet ønskjer vi no å dykke ned i materialet. Vi analyserer eit utval av bokmeldingane med mål om å finne svar på korleis kritikarane argumenterer for kvalitet, og om dei ulike funksjonane til tidsskriftet kjem til uttrykk gjennom denne argumentasjonen.

### 4.1.1 Metode

I det følgjande vil vi nytte kvalitativ metode for å undersøkje litteraturkritikken i tidsskriftet i perioden frå 1945 fram til 2014. Med kvalitativ metode meiner vi standard litteraturvitskapleg tekstanalyse. Metodisk skil vi mellom meldingar av skjønnlitteratur og meldingar av sakprosa. I analysen av meldingane av skjønnlitteratur vil vi undersøkje vi kva kvalitetskriterier som er i omløp. Her vil vi særleg sjå på om kritikarane sine kvalitetsvurderingar er smitta av den språkpolitiske funksjonen til tidsskriftet. I handsaminga av sakprosakritikken er vi langt meir opptekne av den språkpolitiske funksjonen, då den rettar seg mindre inn mot kvalitet. Primært er vi ute etter å undersøkje om dei melde bøkene fungerer som ei stadfesting, eller ikkje, av dei ulike funksjonane og ideala til tidsskriftet (*SoS* som språkpolitisk verkemiddel og som organ for folkeopplysning).

### 4.1.2 Utval

Med 343 registrerte bokmeldingar i perioden er det klart at vi må føreta eit utval. Vi tek utgangspunkt i to meldingar frå kvar årgang av tidsskriftet i perioden 1945-2014, ei melding av skjønnlitteratur og ei melding av sakprosa. Vi jamstiller kritikken av skjønnlitteratur og sakprosakritikken for å danne eit heilskapleg bilete av den, og vi ønskjer å undersøkje om kritikarane si kvalitetsvurdering er knytt til tidsskriftets funksjon som organ for folkeopplysning og språkpolitisk aktør.

Vi opererer med femårsbolkar der kvar enkelt meldinga blir analysert separat. Dette vil seie at ei oppsummering over fem år er basert på ti meldingar totalt, fem meldingar av skjønnlitteratur og fem av sakprosa. Unntaket er dei to siste periodene, 2005-09 og 2010-14, som vi har slått saman til ei tiårsperiode grunna lite materiale. Ved denne framgangsmåten kjem vi i teorien til å melde 140 bokmeldingar, men grunna periodar med lite kritikk

og årgangar utan, blir det reelle talet 86 bokmeldingar. Femårsperioden er valt som strukturingsprinsipp då vi har eit omfattande materiale og fordi vi ønskjer å fange opp dei store overordna linjene, tendensane og endringane i materialet i større grad enn dei små partikulære nyansane.

Utvalet er gjort med tanke på både representativitet og mangfald. I dei årgangane som har hatt mange bokmeldingar, både meldingar av skjønnlitteratur og sakprosa, har vi måtte føreta eit reelt utval mellom dei ulike meldingane. Her har vi på den eine sida vektlagt at utvalet skal vere mest mogeleg representativt for det totale biletet som kritikken syner, og har difor lent oss på funna frå den kvantitative undersøkinga. På den andre sida har det vore viktig at utvalet speglar eit visst mangfald i perioden. Til dømes var det i perioden 1950 til 54 berre 2 kvinnelege kritikarar mot 37 mannlege. Vi har likevel valt å innlemme ei melding forfatta av ein kvinneleg kritikar, for å få fram mangfaldet og spennvidden i materialet. I andre tilfelle har vi ikkje hatt noko reelt val om kva materiale vi kunne basere analysen på. Dette gjeld til dømes perioden 1990 til 94, der ein registrerer tre heile årgangar utan kritikk. Vi vil opplyse som slike perioder med mangelfullt materiale undervegs.

Eit problem ved utvalet er at det er noko av materialet som ikkje vektlegg alle sidene ved problemstillinga. Dette gjeld særleg meldingane av bokmålsbøker. Analysene av desse meldingane vil ikkje kunne avdekkje om kvalitetsvurderinga heng saman med tidsskriftets funksjon som språkpolitisk aktør, men er likevel tekne med då dei kan seie noko om korleis kritikarane vurderer litterær kvalitet opp mot målform. Korleis ser litteraturkritikken i *SoS* ut når ein tek bort nynorsken som ein potensiell vurderingsfaktor?

### **4.1.3 Teori**

#### **Per Thomas Andersen – Kritikk og kriterier**

I analysane av skjønnlitterære meldingar er vi ute etter å avdekkje korleis kritikarane argumenterer og feller dommar over litterær kvalitet. Per Thomas Andersen si kategorisering av dei ulike kriteria er her ei viktig rettesnor. I artikkelen ”Kritikk og kriterier” frå 1987 undersøker han kva kriterier som kritikarane medvitne eller umedvitne legg til grunn for sine vurderingar, for slik å sjå om det eksisterer eit kritikk-paradigme (Andersen 1987: 17,18). Andersen byggjer sine kriterier på den amerikanske litteraturteoretikaren Monroe C. Beardsley, og skil i artikkel mellom det han kallar *genetiske*, *estetiske*, *kognitive*,

og *moralsk/politiske* kriterium. Beardsley tilhørte den nykritiske retninga innan litteraturvitskapen. I hans mest kjende verk, *Aesthetics: Problems in the Philosophy of Criticism*, argumenterer han for bruken av objektive, estetiske kriterium for å kome nærare ei meir "gyldig" vurdering av kvalitet. I forlenginga av dette vil nokre kriterium, såkalla *subjektive kriterier*, ikkje kunne nyttast for å avgjere spørsmålet om litterær kvalitet. Dette gjeld mellom anna genetiske og kognitive kriterium (Beardsley 1981: 454 – 463). Seks år etter Beardsley utarbeider Per Thomas Andersen si systematisering for kriterier. Han tilpassar Beardsley med utgangspunkt i norske forhold, og han hentar døma sine frå dagspressa. Dei *objektive kriteria* til Beardsley omtaler Andersen som *estetiske kriterier*. **Genetiske kriterium** syner til alt som går forut for teksten. Det vere å plassere verket i ein tradisjon, plassere verket i ein forfattarskap, originalitetsproblematikk eller diskusjonar om intensjonen bak verket. Det genetiske ligg til grunn for utsagn som: "Det er 20 år siden han ble utvist fra Syd-Afrika. Forfatterer kan være farligere enn bomber" (Andersen 1987: 21). Kriteriet er jamfør Andersen ofte brukt i norsk litteraturkritikk, og set kunnskapen til kritikaren på prøve (Andersen 1987: 21).

**Kognitive kriterium** syner til kunnskapstilfanget eller det intellektuelle nivået i teksten. Andersen meiner at dette kriteriet ofte speglar kritikaren sitt litteratursyn, og at det generelt står noko veikare i norsk tradisjon enn det moralske (Andersen 1987: 19). Det kognitive kriteriet ligg til grunn for utsagn som til dømes: "Boken gir næring til både tanke og tro" (Andersen 1987: 19). **Moralsk/politiske kriterium** er det som gir teksten politisk, moralsk eller sosial verdi og har ifølgje Andersen ein sterk posisjon i norsk kritikkhistorie (Andersen 1987: 18). Døme på dette kriteriet finn ein i utsagn som: "Med høy temperatur og full styrke hudfletter han samtidskulturen" (Andersen 1987: 18). Det moralsk/politiske kriteriet angår særleg to problemstillingar Andersen tek opp. For det første meiner han at ein som kritiker må kunne skilje mellom dei haldningane som forfattaren skildrar i sin tekst, og dei meiningane som forfattaren måtte ha utanfor teksten. Feilslutning på dette punktet har ifølgje Andersen vore kimen til mange kritikkfeidar opp gjennom åra (Andersen 1987: 19). For det andre er han oppteken av at kritikaren må vere medveten på kva kriterier han nyttar, og kva konklusjon det er rimeleg å trekkje på bakgrunn av dei ulike kriteria. Det moralsk/politiske kriteriet kan slik ikkje nyttast til å trekkje konklusjonar om teksten sin litterære eller estetiske kvalitet, kan ikkje avgjerde om ei bok er god eller dårleg, men kan berre seie noko om teksten sin "*viktighet*" (Andersen 1987: 19).

**Estetiske kriterium** omfattar dei spesifikt litterære kriteria, med underkatagoriane kompleksitet, integritet og intensitet (Andersen 1987: 18 - 24). Desse tilsvarar dei *objektive*

*kriteria* til Beardsley. Kompleksitet går på at ein tekst har fleire tekstnivåer, fleire lesenivå eller fortolkingsmoglegheit, og blir ofte brukt som eit kvalitetskriterium. Utsagn som "X er en bok med mange fasetter, og sterk leserappell på flere plan" kan takast som døme for det estetiske kriteriet kompleksitet (Andersen 1987: 22). Integritet går på den tekstlege heilskapen til eit verk, medan intensitet går på teksten si evne til å halde på lesaren gjennom heile boka. Integritet ligg til grunn for utsagn av typen som "Aldri har tenkeren og dikteren X utfylt og beriket hverandre i høyere grad enn her" (Andersen 1987: 23). Intensitet gjeld for merknadar som "X engasjerer sin leser" (Andersen 1987: 23). I tillegg til dei kriteria som allereie er skissert opp, opererer Andersen med **affeksjon** som eit kriterium. Det syner til dei psykologiske effektane som verket vekker i lesaren (kritikaren) og er eit kriterium som Andersen koplar til «reader – respons criticism». Dei affektive kriteria er dei kriteria Andersen er minst oppteken av. Han meiner likevel at dei i mange høve spelar ei overordna rolle i norsk litteraturkritikk og kjem i vegen mellom premiss og konklusjon, noko som medfører at kritikken blir lite etterprøvbar (Andersen 1987: 25).

### **Motstemmer til Per Thomas Andersen**

For Andersen er det ikkje alle kriteria som kan nyttast til å trekkje konklusjonar om litterær kvalitet. Det moralsk/politiske kriteriet kan til dømes berre avgjere om eit verk er viktig, og kan ikkje nyttast i kvalitetsvurderinga. Såleis vektlegg Andersen betydninga av at kritikaren må kunne skilje mellom dei ulike kriteria og vere klar over kva slutningar som kan trekkjast på grunnlag av dei. På dette punktet møter Andersen motbør frå kollega Erik Bjerck Hagen. Bjerck Hagen kritiserer korleis Andersen trekkjer opp skarpe skiljelinjer mellom kriteria, og meiner at det aldri vil vere mogeleg å vurdere den litterære krafta til eit verk isolert frå det kognitive og moralske:

Vi setter ikke et litterære verk høyt hvis dets ideer er umodne eller tåpelige eller i det hele tatt ikke på høyde med dets språklige pretensjoner. [...] Skillet mellom viktighet og estetisk appell vil [...] oppheves i skjønnlitterære tekster, siden det ikke går an å vurdere deres litterære kraft isolert fra deres kognitive kraft og deres moralske kraft" (Bjerck Hagen 2004: 41).

Det bør nemnast, er at Andersen reviderer seg sjølv i artikkelen "Danjanistikk og kritikk" frå 1995, og erkjenner at det han kallar *journalistiske kriterier* ofte er overordna dei litteraturkritiske kriteria (Andersen 1995: 13). Her tek Andersen såleis i større grad høgde for at litteraturkritikk er eit "litteratursosiologisk fenomen", som den svenske litteraturvitaren Tomas Forser formulerer det (Forser 2002: 138). Trass i kritiske røyster, innvendingar mot

kriterieinndelinga, og hans eiga seinare revidering, ønskjer vi likevel å nytte Andersen sine kriterier i analysen av bokmeldingane. Dette for å seie noko overordna om korleis meldarane argumenterer for kvalitet.

Meldingane av sakprosa er som tidlegare nemnd analysert med tanke på funksjonen til den melde boka.

## Tekstanalyse av bokmeldingane

### 4.1.4 1945 til 1949

**Om utvalet:** Alle meldingane i utvalet er å finne under vignetten ”Boksjå”, som er eit fast innslag i tidsskriftet i denne perioden, og bøkene blir melde kvar for seg. Av dei til saman ti melde bøkene i utvalet er det fire bokmålsbøker og seks nynorskbøker. Overvekta av dei nynorske bøkene står til det totale biletet i perioden, der 32 nynorske bøker vart melde mot 10 på bokmål. Alle kritikarane i utvalet er menn. Dette må seiast å vere representativt, då det jamfør vår kvantitative undersøking ikkje er ei einaste kvinne å spore mellom kritikarane i denne perioden. Kritikarane er stort sett akademikarar og målmenn. Olav Midttun står for fire av meldingane, og kan kallast ein av hovudkritikarane i denne perioden, som også fell saman med hans tid som skriftstyrar. Av dei melde bøkene i utvalet er ingen av bøkene gjevne ut på Samlaget. Dette står til det totale biletet, der det berre er registrert ei bok frå Samlaget mot 41 bøker hjå andre forlag.

#### Meldingar av skjønnlitteratur

1945: Boksjå – Olav Midttun melder romanen *Huset i mørkret* (Gyldendal Norsk Forlag) av Tarjei Vesaas. Nynorsk.

Skriftsstyrar Olav Midttun fungerer her som kritikar, noko han ofte gjorde under si rekordlange redaktørperiode på 52 år. Meldinga er på kring to sider. Midttun fortel at ein har høge forventningar etter Vesaas sin siste roman, *Kimen*, og at han innfrir med den nye romanen. ”[...] ein vert ikkje vonbroten” (Midttun 1945: 346)<sup>1</sup>. Denne krinsinga rundt forventningar kan sorterast under det genetiske kriteriet. Dei estetiske kriteria *kompleksitet* og *intensitet* kjem til syne i kommentarar som ”Det er ei framifrå symbolsk skildring, hendig og kunstnarleg vel gjennomført, med stor intensitet og konsekvens” (347). Det moralsk/politiske kriteriet kan identifiserast i følgjande avsnitt: ”Meisterleg hev han og lagt fram korleis menneski ofte lyg for seg sjølv og finn fram til orsakingar og forklåringar, når dei skal verja sin eigen feigskap og veikskap” (347). Slik

ser ein at det er fleire kriterier som ligg under for vurderingane. Overordna er mest plass vigg handlingsreferatet. Avslutningsvis skriv Midttun at

Boki hev alle dei gode sermerki åt Vesaas, mest at han fær sagt så mykje millom og under linoen. Det er ei verdfull ”krigsbok” som vil stå seg når mange verk elles hev sige i gløymsle. (348).

Det mangetydige hjå Vesaas vurdert positivt, i tillegg til at Midttun framhevar romanen som ”verdfull” utifrå tematikken. Til grunn for denne vurderinga ligg det estetiske kriteriet kompleksitet samt det moralsk/politiske kriteriet. Det moralsk/politiske kriteriet er eit kriterium som jamfør Andersen ikkje kan nyttast til å seie noko om litterær kvalitet, men berre noko om ei bok er *viktig* eller ikkje. Det språkpolitiske mandatet til tidsskriftet er ivareteke ved at den melde boka er på nynorsk og fremjar ein sentral nynorsk forfattar, men utan at det fins spor av språkpolitisk refleksjon eller forhold som tyder på samanheng mellom kvalitetsgrunningjeving og tidsskriftet sin funksjon som språkpolitisk organ.

1946: Boksja – Asbjørn Øverås melder *Nattens brød, Plogjernet* (Aschehoug) av Johan Falkeberget. Bokmål.

Asbjørn Øverås var ein kjend mann i skulekrinsar, rektor ved Trondheims katedralskole i ei rekkje år samt formann i Noregs Mållag i perioden 1949–1952. Meldinga er over tre sider, og inneheld presentasjon og karakteristikkk av Falkeberget. Det framgår at kritikaren er begeistra for forfattaren: ”Ein poetisk vismann vandrar gjennom dei historiske romanane hans” (Øverås 1946: 237). Øverås er på grensa til det ein kan kalle panegyrisk, og set forfattaren i samanheng med høgare makter: ”Som ein klok Herrens såmann står han i liv og diktning” (237). Vidare står det at ”ingen treng å ottast for å ikkje verta riven med”. Her ser vi korleis det estetiske kriteriet intensitet vektar inn i vurderinga. Etter ei lenger utlegning om den kristen-etiske tematikken hjå Falkeberget, slår Øverås fast at ”Det er så mykje å læra av bøkene hans. Falkeberget er både vis og god.” Ei blanding av det moralsk/politiske og kognitive kriteriet ligg til grunn for denne vurderinga. I den avsluttande vurderinga kjem det beste ved boka fram – nesten oversett av kritikaren:

*Plogjernet* har mykje å gje oss, boka steller problem og vekker til ettertanke, samstundes som ho er dramatisk spanande. Men det aller beste ved boka har eg knapt makta få fram i denne meldinga – det er den poetiske rikdomen som ustansleg møter ein frå denne unge 65-åringen, ein artist av Guds nåde. (240).

Under merknaden den ”poetiske rikdommen” ligg moglegvis det estetiske kriteriet kompleksitet. Meldinga framstår overordna som ein hyllest til Falkeberget. Kritikaren vurderer i større grad forfattaren enn verket, noko som moglegvis kan takast til inntekt for ei historisk-biografisk tilnærming til litteraturen. Noko språkpolitisk orientering ser vi ikkje, då den melde boka er på bokmål.

1947: Boksja – Nils Hellesnes melder *Guds vesle åkerlapp* (Falken forlag) av Erskine Caldwell. Boka er omsett til norsk (nynorsk) av Ragnar Førstund.

Nils Hellesnes var utdanna lektor og del av redaksjonen kring tidsskiftet. Meldinga er litt mindre enn to sider. Hellesnes omtaler språket i boka som ”omsett til god og grei nynorsk” (Hellesnes 1947: 483). Han vender seg så til eit lengre handlingsreferat, etterfølgd av nokre oppsummerande merknadar: ”Caldwell har sett både det tragiske og det komiske hos desse folka som han skildrar” (484). Her ligg det estetiske kriteriet kompleksitet til grunn.

Overordna er vurderingsnivået i meldinga lågt, og handlingsreferatet dominerer storparten. Hellesnes legg ikkje vekt på det språkpolitiske anna enn kommentaren om at omsetjinga av romanen er til nynorsk.

1948: Boksja – Nils Hellesnes melder romanen *Tårnet* (Gyldendal Norsk Forlag) av Tarjei Vesaas. Nynorsk.

I første avsnitt av den to sider lange meldinga gjer Hellesnes greie for originaliteten hjå Vesaas, før han i dei følgjande avsnitta gjev ei kontekstualiserande innføring i hans forfatterskap. Desse merknadane kan sorterast under det genetiske kriteriet. Det tek tid før han kjem til kjerna av saken: romanen *Tårnet*. Hellesnes stoggar ved symbolikken i romanen og har ei fortolkande tilnærming til den: ”Tårnet er lengten etter rettferd og harmoni, ei trå som alltid søkjer oppover etter utløyning, - men tårnet kastar òg skuggar av skuldkjensle” (Hellesnes 1948: 430-32). Så går kritikaren til ei kort skisse av handlinga og karakterteikninga: ”Tårnet” er eit gripande bilete av stridande liv, og kvinneskapnaden Jorunn er eit bilete av sjeldsynt tragikk” (430-32). Her ligg det estetiske kriteriet intensitet til grunn for merknaden. Til sist i meldinga kommenterer Hellesnes språket: ”Det er også ei nyting å følgje den sikre målberinga. (...) Språket hans har farge og tone frå norsk natur og norsk folkelynde, slik som det spegla seg i vår gamle folkediktning og i folkemusikken vår” (432). Vi leggjer merke til korleis stilen og målforma til Vesaas blir knytt i hop av kritikaren, og korleis målet hans blir kopla til det spesifikke norske via folkediktninga og folkemusikken. I denne vurderinga blir Vesaas si diktning sett inn i ein større tradisjon, og det genetiske kriteriet ligg til grunn. Det er med andre ord det genetiske kriteriet som



dominerer vurderinga av romanen, sjølv om storparten av meldinga består av handlingsreferat og analyse/litterær tolking. Den språkpolitiske konteksten meldinga står i kjem til uttrykk gjennom vektleggjinga av målføringa til Vesaas, og korleis kritikaren koplar målforma opp mot det urnorske.

1949: Boksja – Olav Midttun melder *Solør og solungen. Forteljingar frå førre hundreåret* (Noregs Boklag) av H. Schulze. Nynorsk.

Midttun trekk i denne knappe halvside av ei melding fram kor viktig han tykkjer det er at boka kjem ut. Han skildrar utgjevinga som "eit godt tiltak", og vektlegg realismen i framstillinga av forteljingane. "Dei gjev alle eit fint, sant bilete frå bygdene, og ein god folkekaraktistikk" (Midttun 1949: 476). Fokuset på realisme og positiv skildring av bygdekulturen fell saman med funna frå hovudoppgåva til Erling Ramsvik (Ramsvik 1984). Den einaste innvendinga er at Midttun gjerne skulle visst kven som stod bak utvalet, og avslutter med å omtale boka som "koseleg og hyggjeleg" utan vidare utgreiing. Noko språkpolitisk orientering er ikkje å finne i meldinga anna enn i utvalet av boka, som jo er på nynorsk. Samstundes ser ein óg korleis det som tradisjonelt har vore ein viktig verdi for målrørsla, bygdekulturen, blir trekt fram og særleg når framstillinga gjev eit "fint, sant bilete frå bygdene" (476). Det ser her ut til å vere ein kontinuitet i litteratur og kvalitetssyn hjå tidsskriftet.

### **Meldingar av sakprosa**

1945: Boksja – Arne Bergsgård melder Wilhelm Munthe sin biografi om historikaren og overbibliotekaren Ludvig Daae (Cammermeyers bokhandel). Bokmål.

Arne Bergsgård, kjend som historikar og pedagog, legg i denne drøyt tre sider lange meldinga vekt på at forfattaren har god kjennskap til sitt "studieobjekt" og beint fram har vore glad i professoren, noko som ifølgje Bergsgård gjev framstillinga truverd (Bergsgård 1945: 93). Bokmeldinga har inga direkte kopling til målrørsla. Den melde boka er på bokmål, og omtalar ikkje ein person frå krinsen rundt rørsla. Den må likevel kunne seiast å stå i forlenging av folkeopplysningsprosjektet tidsskriftet har stått for sidan skipinga, då meldinga tek føre seg ein viktig norsk kulturpersonlegdom.

1946: Boksja – Johan Hovstad melder *Den norrøne litteraturen* (Noregs Boklag) av Lars Reinton. Nynorsk.

Johan Hovstad er lektor og omsetjar. Meldinga er på to sider. Hovstad tek til med å plassere boka opp mot andre bøker som omtalar det same emnet, og set såleis verket inn i ein større samanheng, ein tradisjon. Hovstad kjem raskt fram til at denne boka er eit ”nyttig” og ”gagnleg” verk (Hovstad 1946: 475). Når det kjem til kritikken sin funksjon så føyer den seg inn i den danningstradisjonen som tidskriftet står i. Den melde boka omtalar ein viktig del av norsk kulturhistorie, den norrøne litteraturen. I tillegg er boka på nynorsk. Koplinga mellom det norrøne og nynorsken er ikkje ukjend for målrørsla. Praksisen med å omsetje norrøne skrifter til nynorsk kan sporast attende til Ivar Aasen si omsetjing av *Fridtjovs saga* i 1858, og vart seinare følgd opp av Samlaget (Koht 1900: 358–375). Målrørsla har såleis lenge forsøkt å innlemme den norrøne tradisjonen i den nynorske. Meldinga av den aktuelle boka står i forlenging av dette.

1947: Boksja – Olav Midttun melder biografien *Ivar Kleiven 1854–1934* (H. Aschehoug & Co) av Halvard Grude Forfang. Bokmålsbok.

Skriftstyrar Olav Midttun nyttar store delar av den to siders lange meldinga på å gi ein karakteristikk av Ivar Kleiven. Midttun påpeiker korleis forfattaren har vore glad i Kleiven, ”so han legg varme og farge i utgreidingi utan å vike av frå ei trugi vitskapleg saumfaring av tilfanget” (Midttun 1947: 439–40). Det er lagt vekt på at forfattaren har hatt god kjennskap til sitt emne, noko som gjev framstillinga truverd og liv. Overordna er meldinga prega av ein hug for Kleiven og hans livsprosjekt. Det framgår at Kleiven var ein sentral skikkelse i målrørsla, med tilknytning til *SoS*. Med Midttun sine ord er emnet ”gildt”, og han trekk i siste avsnitt fram kor makelaus Kleiven var og avsluttar meldinga med at han les boka med glede.

For målfolket, som Olav Midttun absolutt var del av var Ivar Kleiven ein viktig skikkelse, og dette gjer boka (i deira augo) viktig. Såleis får bokmeldinga ein funksjon for målfolket, når den melde boka løftar fram historia til ein mann som hadde ei sentral stilling hjå dei.

1948: Boksja Arne Berg melder *Norsk trearkitektur* (Gyldendal Norsk Forlag). Bokmål.

Bygningshistorikar og vernemann Arne Berg melder her ei fagbok om norsk trearkitektur. Meldinga er på tre sider. Berg innleier meldinga med å framheve kvifor det er viktig å kjenne til bygningssoaga. Han påpeiker at Vreim har gjort ”boka nyttig for både fagmannen og lekmannen” (Berg 1948: 229). Berg kommenterer at forfattaren har ”vakta seg for å lage ei

strengt kronologisk framstilling” i oppbyggjinga av boka (229). Dette tykkjer Berg er eit godt val. Om språket skriv kritikaren at ”Ho er skrivi på eit greitt oppnorska bokmål” (230). Berg er bruksorientert i si tilnærming til boka. Innvendinga til framstillinga er han ofte raskt ute med å nyansere, og han meiner óg at noko av kritikken ikkje kan lastast forfattaren, då den botnar i mangelen på eit breiare og meir allmennt verk om bygnings saga her til lands. Berg avrundar med igjen å framheve at dette er ei bok med mange bruksområder. ”Då boka til gagns kan fylla så mange ulike oppgåver, er det å vona at ho kan nå ut til retteleg mange” (231). Kritikken får her sin funksjon ved at den melde boka kastar lys over ein del av norsk kulturhistorie, og såleis støtter opp under det allmenndannande idealet som *SoS* har hatt som redaksjonell linje sidan skipinga.

1949: Boksja – Olav Midttun melder *Norsk allkunnebok* (Fonna Forlag). Nynorsk.

Her er det skriftstyraren sjølv som melder. Det er ei kort melding på knapt ei side. Overordna legg Midttun vekt på to ting: folkeopplysning og målsak. ”Det er utruleg mange opplysningar samla her” (Midttun 1949: 432), kommenterer Midttun nesten litt naivt med tanke på at dette er eit leksikon. ”Det er ei hjelpebok som ein ikkje kan vere forutan i våre dagar”, held han begeistra fram. Midttun er såleis forbrukarorientert, og vektar at er det er mykje kunnskap i boka som skal kome folket til gode. I neste avsnitt blir óg det språkpolitiske ved prosjektet trekt fram:

Ein kan heller ikkje verdsetja høgt nok alt det gode måldyrkingsarbeidet som her vert gjort på so mange område. Ein fær alle opplysningane i ei god naturleg norsk form. Det vil vonleg hjelpa til å fremja det nynorske talemålet (432).

*Norsk allkunnebok* er eit nynorsk-leksikon, og treff såleis midt i sikte for det som målrørsla frå starten arbeidde for: Å ta i bruk nynorsken og syne den brukande for alle emner. Det er såleis ikkje overraskande at Midttun avrunder meldinga med von om at dette prosjektet kjem til å halde fram: ”Det er mykje um å gjera at tiltaket kann halde fram i denne gode jamnlege takten det no er komen inn i” (432).

### **Oppsummering av bokmeldingane i *SoS* i perioden 1945 til 1949**

Felles for alle meldingane, uavhengig av skilje mellom skjønn og sak, er at dei er lite vurderande. Handlingsreferat, analyse og diskusjon kring tematikk fyller store deler av dei. Det er påfallande kor lite meldingane siterer frå bøkene dei omtalar. Dette fører til at

meldingane opplevast som noko påstandsprega. Overordna er meldingane av skjønnlitteratur dominerte av eit lågt vurderingsnivå, handlingsreferat og analytiske merknadar om tematikk. Med Per Thomas Andersen sitt begrepsapparat identifiserer vi det moralske/politiske kriteriet, dei estetiske kriteria kompleksitet og intensitet samt det genetiske kriteriet. Mest samling er det om det estetiske kriteriet kompleksitet som avgjerande for kvalitet. Dette er særleg sant for meldingane av dei symboltunge romanane til Tarjei Vesaas. To av dei melde romanane i utvalet er signert Tarjei Vesaas. Dette seier noko om særstillinga Vesaas stod i hjå tidsskriftet. Alle dei nye romanane til Vesaas vart melde i *SoS* etter kvart som dei kom ut, han hadde ofte dikt på trykk, og i høve hans 50-årsdag var eit heilt særnummer vigd forfattarskapen hans.

I sakprosa-kritikken er det lagt vekt på i kva grad boka er ”nyttig”. Sakprosa-kritikken er dermed meir ”bruksorientert” enn kritikken av skjønnlitteratur. Fleire av dei melde sakprosa-bøkene kan koplast direkte til målrørsla gjennom personar eller verdiane den har hatt som sentrale, og kritikken får såleis ein målpolitisk funksjon. Dette gjeld meldinga av biografien om Ivar Kleiven og meldinga av det nynorske leksikonet *Norsk allkunnebok*. Begge desse meldingane er skriva av skriftstyrar Olav Midttun, noko vi moglegvis kan ta til teikn for at han, særleg, er medviten sitt ansvar. Fleire av dei andre sakprosa-bøkene har elles ein meir overordna funksjon, ved at dei kan stå i forlenginga av det danningidealet som tidsskriftet har stått i sidan skipinga.

#### 4.1.5 1950 til 1954

**Om utvalet:** Storparten av meldingane er å finne under vignetten ”Boksjå”, der ei og ei bok blir meld kvar for seg, men vi legg også merke til framveksten av såkalla ”oversynsmeldingar”, der fleire bøker blir melde under ei og same melding. Av dei fem meldingane av skjønnlitteratur er tre av meldingane slike oversynsmeldingar. Kritikaner i utvalet er åtte menn og ei kvinne. Dette må igjen seiast å vere nokså representativt, då det berre er to meldingar som er skriva av kvinner i denne perioden. Kritikaner i perioden er jamt over høgt utdanna, med fleire lektorar, forfattarar og professorar i utvalet. 24 av dei melde bøkene i kritikkuutvalet er på nynorsk, tre på bokmål (det høge talet melde bøker heng i hop med oversynsmeldingar). Dette er i samsvar med det totale biletet, der dei nynorske bøkene er i fleirtal med 86 nynorske bøker mot 9 bokmålsbøker. Berre tre av dei melde bøkene i kritikkuutvalet er frå Samlaget, mot 24 frå andre forlag. Dette står i forhold til det

totale biletet der 81 av dei meldte bøkene er utgjevne på andre forlag, mot 14 bøker frå Samlaget.

### **Skjønnlitteratur**

1950: Boksja – Nils Hellesnes melder romanen *Signalet* (Gyldendal Norsk Forlag) av Tarjei Vesaas. Nynorsk.

Lektor Nils Hellesnes omtalar Vesaas som ”ein stor diktar” og set slik an tonen for det som blir ein hyllest av forfattaren. Meldinga er på kring to sider, og storparten er vigd ei tematisk analyse av den symboltunge romanen. ”I oppbyggjinga får romanen ein til å tenkje på ei gresk tragedie, med di forfattaren observerer einskapen i tid, stad og handling” (Hellesnes 1950: 430). Merknaden er knytt til det genetiske kriteriet, og den positive samanlikninga bidreg til å byggje autoritet for romanen og forfattaren. Det fleirtydige ved romanen blir óg løfta fram som noko positivt: ”Det sjeldsynte ved denne romanen er at den psykologiske motivering er like mangetydig og rik som livet sjølv” (432). Det estetiske kriteriet kompleksitet ligg til grunn for denne vurderinga. I avsluttande merknadar løftar kritikaren forfattaren til nye høgder med vendingar som ”Med sine magiske evner får han lesarens sinn i tale” og ”På ein genial måte har Tarjei Vesaas avspegla det vi alle opplever i oss og ikring oss av spaning og uvisse i just vår tid” (433). Vurderingsnivået er jamt over lågt, då meldinga mest av alt framstår som ein panegyrisk hyllest av Vesaas. Det estetiske kriteriet kompleksitet blir vekta inn i avgjersla om kvalitet, men det er tydeleg at kritikaren på førehand har ei haldning til Vesaas der kvalitet automatisk er knytt til hans namn og ry. Det seier moglegvis noko om kva posisjon Vesaas heldt i *SoS* i denne perioden. Han var den største nynorske forfattaren på denne tida, og *SoS* løfta han fram. Ein legg ikkje merke til noko utprega språkpolitisk orientering i meldinga.

1951: Tre nye romanar – *Den dyre lov* (Gyldendal Norsk Forlag) av Johannes Heggland, *Verda var atter ung* (Aschehoug) av Knut Hauge og Lars Berg sin *Kvinna og havet* (Aschehoug). Bøkene er alle på nynorsk, og meldt av Alfred Hauge.

Alfred Hauge er forfattar og journalist. Her melder han tre nynorske romanar under den same vignetten, men han handsamar bøkene kvar for seg. Meldinga er på seks sider. Første bok ut er *Den dyre lov* av Johannes Heggland. Alt etter presentasjonen av forfattaren fell dommen. ”[...] Nei, han held ikkje det han ein gong lova. I vissa ikkje i denne venda” (Hauge 1951: 34). Til grunn for denne vurderinga ligg det genetiske kriteriet, som går på forventningar til forfattaren. Kritikaren er likevel rask med å nyansere seg: ”Her er takande skildringar av

menneske og natur, og Heggland trengjer og denne gongen lenger ned i sinnet sine dulde djupner enn mange av den yngre forfattargenerasjonen” (35). Denne vurderinga er knytt til dei estetiske kriteria intensitet og kompleksitet. Så kjem kritikaren til det han meiner er hovudproblemet: ”Han har ikkje fornya seg” (35). Her tek han i bruk det genetiske kriteriet. Andre roman ut er *Verda var atter ung* av Knut Hauge. Også her byrjar meldinga med ein presentasjon av forfattaren, før dei første vurderande merknadane kjem: ”Den nye romanen av Knut Hauge, *Verda var atter ung*, syner klårt at han er på veg framover” (36). Her ser kritikaren romanen i samanheng med resten av forfattarskapet, og det genetiske kriteriet ligg til grunn for merknaden. Kritikaren rosar forfattaren for å våge å vere sentimental, ei vurdering knytt til det estetiske kriteriet intensitet. Etterkvart kjem denne sentimentaliteten til å bli noko negativt. Boka er sentimental på den dårlege måten. Konklusjonen er negativ, men forfattaren er òg ein å halde auge med.

Den tredje og siste romanen ut er *Kvinna og havet* av Lars Berg. Kritikaren tek til med ein forfattaromtale. Etter eit kort handlingsreferat, heftar han seg ved kritikken som romanen set fram med si handsaming av forholdet mellom fysisk arbeid og andsarbeid. ”Her rettar Lars Berg eit hogg mot den snobbeskapen som dessverre syner seg altfor ofte: at åndsarbeid skal vere så mykje gjævare enn kroppsarbeid” (38). Denne merknaden kan nok leggjast under det moralske/politiske kriteriet, då den kommenterer *haldninga* i teksten. Det estetiske kriteriet intensitet er i sving når kritikaren kommenterer at forfattaren ”Levande og friskt fortel [...] om livet på sjøen” (38). Der kritikaren rosar forfattaren for å ta opp tematikken med manuelt arbeid mot intellektuelle sysler, er han likevel ikkje samd med hovudpersonen si tilbeding av kvinna og seksualiteten. Heller ikkje med språk og stil er kritikaren nøgd:

Eg sjølv ser annleis enn Lars Berg på desse tinga. Det hindrar ikkje at eg skulle ha gjeve han full honnør dersom han hadde lagt fram sitt eige syn fram på ein kunstnarleg fullverdige måte. Men det har han ikkje gjort (39).

Kritikaren er ikkje samd i haldninga som framgår av teksten, noko som kan plasserast under moralsk/politisk kriterium. Påstanden om at det kunne vore annleis om det var godt skrive, er også interessant. Dei estetiske kriteria ser ut til å vekte tyngre enn dei moralske/politiske. Meldinga illustrerer korleis ikkje berre eit kriterium dominerer i avgjersla om kvalitet, men at fleire kriterier er tilstades og vektar inn. Likevel kan ein merke seg at dei estetiske kriteria (intensitet og kompleksitet) held ein særskild posisjon. Noko språkpolitisk orientering er ikkje merkbart i meldinga, men berre nynorske bøker er omtala.

1952: Nynorsk innslag i bokheimen 1951. 5 romanar meldt av Alfred Hauge. Alle er nynorske bøker. Romanane som er meldt er *Vi må ro i natt* (Aschehoug) av Lars Berg, *Brattøra* (Norli) av Olav Gullvåg, *Gard* (Gyldendal Norsk Forlag) av Johannes Heggland, *Dyreskogen og tuntreet* (Noregs Boklag) av Haakon Lie, og *Skrinet skal opnast um hundre* (Norli) år av Olav Sletto.

Meldinga tek for seg heile fem romanar og er på åtte og ei halv side. I byrjinga diskuterer Hauge tilstanden for den nynorske bokheimen. Han ser med bekymring på utviklinga. ”Det nynorsk[e] innslaget i norsk litteratur synes å minka år om anna, ikkje berre relativt, men jamvel absolutt” (Hauge 1952: 49).

Første roman Hauge omtaler *Vi må ro i natt* av Lars Berg. Han kjem tidleg med eit vurderande avsnitt som legg visse føringar: ”[...] alt tyder på at det store emnet han no har teke opp – den nordnorske fiskaren, hans liv og hans kår – vil kunne løyse ut dei beste sidene ved talentet hans” (50). Kritikaren har kjennskap forfatterskapet, og meiner at det aktuelle emnet passar han betre enn ting han tidlegare har skrive om. Merknaden kan gå under det genetiske kriteriet. Vidare kan vi registrere korleis det kognitive kriteriet ligg til grunn for vurderinga når Hauge bemerkar at ”Lars Berg veit mykje om emnet sitt”, medan det estetiske kriteriet intensitet kan knyttast til kommentaren ”Det er ein fart og ein friskleik over skildringa så ho mange stader fangar ein heilt, serleg då mot slutten” (51). Kritikken går på ei manglande evne til å nyansere: ”Han eig lita evne til å sjå ei sak frå meir enn eine sida. Difor finst det óg lite nyansar i menneskeskildringa hans” (51). Her ligg det estetiske kriteriet kompleksitet til grunn. Om menneskeskildringane er lite nyanserte, meiner kritikaren derimot at samfunnsbiletet er realistisk. Når det gjeld målføre, meiner kritikaren at ”Lars Berg skriv stort sett ein grei og god nynorsk, men her og der gjer han reine elementærbommentar i grammatikken” (51). Konklusjonen er likevel positiv. Kritikaren meiner at boka er verdfull og god – den beste han har skrive til no.

Neste roman ut er *Brattøra* av Olav Gullvåg. Kritikaren trekkjer først nokre linjer mellom den førre omtala forfattere, Lars Berg, og Olav Gullvåg. I vurderinga legg Hauge vekt på ”[...] den pågåande forteljargleda” til forfattere. Dette kan ein knyte til det estetiske kriteriet, intensitet som har med forfattere si evne til å halde på lesaren. Det som trekkjer romanen ned er ei rekkje feil, både av typen anakronismar og misvisande historiske opplysningar. Det er den ”fengjande og friske forteljarmåten” som held romanen oppe.

Tredje roman ut er *Gard* av Johannes Heggland. Meldinga tek til med ein kort forfattarinntroduksjon og ei samanlikning av den aktuelle romanen opp mot tidlegare arbeid. Dette går under det genetiske kriteriet. Sett opp mot det andre forfattere har skrive, kjem

denne romanen til kort: "Sjølv tykkjer eg at med "Gard" står han atter sterkare enn han har gjort i dei to-tre siste romanane, men boka kan likevel ikkje reknast mellom det beste han har skrive" (53). Hauge omtalar romanen vidare som "djup og intens", som ein kan knyte til dei estetiske kriteria intensitet og kompleksitet, moglegvis også til det kognitive kriteriet då det omhandlar teksten sitt kunnskapstilfang. På den negative sida held Hauge fram at boka "ikkje berre er djup, men at han óg er uklår" (54). Det estetiske kriteriet kompleksitet ligg til grunn for både positive og negative vurderingar. Når det gjeld målføringa, meiner han at den er "sterk og god", men at det stundom vantar eit "drag av affeksjon over stilen". Konklusjonen er likevel at boka er god, det er ei "sterk og levande bok" (54). Det er intensitetskriteriet som ligg til grunn for denne positive konklusjonen.

Fjerde bok ut er Haakon Lie med *Dyreskog og tuntreet*, ei "smålåten" og "god" bok. Med desse lovorda har kritikaren sett tonen for det som er ei jamt over positiv melding. "Det var ei kvile og ein fest å få setja seg ned med henne", held Hauge fram (54). Boka set kritikaren i ei viss kjenslemessig stemning, noko ein kan kople til kriteriet Andersen kallar affektivt kriterium. Det er likevel ikkje berre stemninga som gjer denne boka god, "ho gjev kunnskap óg" (54). Det kognitive kriteriet er i sving her. "Boka er full av små perler", skriv Hauge, og bruker eit heilt avsnitt i meldinga på å gjengi ei lita soge frå sjølve boka. Dette legg ein særleg merke til, då kritikaren til no ikkje har sitert noko frå dei andre omtala bøkene. Til sist ligg det genetiske kriteriet under då Hauge trekkjer linjer mellom Haakon Lie og far hans John, ein forfattar Haakon ikkje står attende for.

Siste roman er *Skrinet skal opnast um hundre år* av Olav Sletto. Denne romanen har vore rot til mykje hovudbry hjå kritikaren: "Den siste romanen til Olav Sletto har eg vore mykje i villreie med korleis eg skulle skjønna"[...] "Eg leita fåfengt etter *holdet* i boka" (55-57). Kritikken går på ein manglande indre meiningssamanheng. Dette kan ein sortere under det estetiske kriteriet integritet, slik Andersen skildrar det. På den andre sida merker Hauge seg ei god målføring. Overordna er det, som vi har sett, fleire kriterier tilstades i meldinga. Det er likevel ein særleg hyppig bruk av det genetiske kriteriet, samt dei estetiske kriteria intensitet og kompleksitet. Bruken av det genetiske kriteriet i kvalitetsvurderinga kjem til uttrykk gjennom tendensen til å lese bøkene opp mot heilskapen av det aktuelle forfatterskapet. Det språkpolitiske blir vekta inn gjennom kommentarar om målføringa, men ser ikkje ut til å ha direkte verknad på avgjersla om kvalitet her. Det språkpolitiske blir likevel vekta inn i utvalet av bøkene. Berre nynorske bøker er melde.



1953: Boksja ”Barnebøker 1952” – ein oversynsartikkel av A.H. Helland. Alle dei nemnde bøkene er på nynorsk.

I denne samlemeldinga tek Helland for seg heile tolv barnebøker av fjoråret. Meldinga er på kring fire sider. Samtlege er på nynorsk. Meldinga tek utgangspunkt i den årlege tevlinga om dei beste barnebøkene, tilskipa av Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Helland bit seg merke i korleis dei nynorske barnebøkene har gjort det i tevlinga, og påpeiker korleis det denne gongen var ”bøker på bokmål i avgjort fleirtal blant dei fem som kom med på premielista” (Helland 1953: 237).

Etter tilstandsrapporten vender Helland seg til ein av dei få nynorske barnebøkene som hevda seg: *Ho som fekk namnet Loretta* (Damm) forfatta av Kari Ørbech. I omtalen er mest plass vidd til handlingsreferatet, men noko vurdering registrerer vi òg: ”- Kari Ørbech kjenner miljøet ho skriv om, ho kan både fortelja og skildra og treng ikkje gripa til noko kunnstige innslag for å skapa ei bok som riv oss med” (237). Det kognitive kriteriet ligg til grunn når kritikaren syner til kunnskapstilfanget i teksten, og det estetiske form av intensitet når han meiner at forfattaren er god til å halde på lesaren. Ganske typisk skal det vise seg at mest plass er vidd til handlingsreferatet i omtalen av dei følgjande bøkene, men også moralsk/politisk kriterie er teke i bruk. Helland heftar seg mellom anna ved om forfattaren moraliserer eller ikkje:

Utan å bruke lettkjøpte kunstråder eller å tvinga ein moral inn på oss, har Drøssland greidd å skildra heilt overtydande korleis eit menneske med høg moral vil vinna, ikkje berre over seg sjølv, men jamvel over dei vonde menneska (238).

Utsagnet er kanskje tidstypisk i omtale av barnebøker, der ein gjerne er opptekne av at forteljinga skal ha ein oppsedande moral. Samstundes må ikkje moralen verta for overtydeleg heller. Sett under eitt er fleire kriterium identifiserte i meldinga, men særleg det moralsk/politiske samt det estetiske kriteriet intensitet er vekta inn i avgjersla om kvalitet. Det språkpolitiske mandatet til SoS er tilstades gjennom utvalet av bøkene. Berre nynorske barnebøker er meldte.

1954: Boksja – Olav Midttun melder romanen *Vårnatt* (Gyldendal Norsk Forlag) av Tarjei Vesaas. Nynorsk.

Midttun melder her den siste romanen frå Vesaas. Meldinga er på litt over to sider. Når Midttun skriv: ”Ingen kan som Vesaas teikna born og ungdom i spretting, eller lata lesaren kjenna den lokkande trolske makt i naturi og det skjelvande samspelet millom ungdomshugen og alt det ”rare” rundt ikring ein” (Midttun 1954: 474), ligg dei estetiske

kriteria kompleksitet og intensitet til grunn. Midttun rosar Vesaas for menneskeskildringane. Han får derimot kritikk for oppbyggjinga av forteljinga, då Midttun tykkjer at innleiinga er for lang: ”Men ein tykkjer det vert litt lang innleiding, endå so makelaus rik på nøgne psykologiske åtgåingar og sjelelege skiftingar som ein fær vera med på” (474). Denne vurderinga kan ein knyte til det estetiske kriteriet integritet. Det moralsk/politiske kriteriet er òg i verknad når Midttun kommenterer haldninga eller livssynet han meiner romanen uttrykkjer: ”Ein kjenner kor det stillferdig ligg under ei etisk tru på at voksteren gjeng mot det gode, og ei maning frå diktaren til at ein må hjelpa menneski i kronglute livsfolkar” (474).

Konklusjonen lyder slik:

Det er ymist uklårt i verket og mangt ein må dikta med i; men som vanleg hjå Vesaas er skildringane sterkt fengslande og det er ein atmosfære kring personanen og ei vedunders stemmning som held ein fast og gjev ein rik kunst og livsuppleving (476).

Når Midttun trekkjer fram det uklare i verket, kan ein sortere det under det estetiske kriteriet kompleksitet. I denne meldinga blir dette vurdert som noko negativt. Vesaas sine ”fengslande” skildringar og hans evne til å halde på lesaren, som går under det estetiske kriteriet intensitet, blir derimot rekna som positivt, og ser ut til å vega tyngre på vektskåla. Som me har sett i tidlegare meldingar av Vesaas sine romanar, held Vesaas ei særleg høg stjerne i *SoS*. Midttun ser til Vesaas som ein autoritet i den nynorske bokheimen, og dette utløyser nesten automatisk kvalitetsstempelet. Interessant er det likevel å sjå korleis det mangetydige i romanen, som er eit kjennemerke hjå Vesaas og som av andre kritikarar tidlegare har vore vurdert som positivt, får eit negativt forteikn. Dette er eit godt døme på korleis same kriterium kan utløyse ulike konklusjonar hjå ulike kritikarar.

### **Meldingar av sakprosa**

1950: Boksja – Arne Bergsgård melder *Ideologiernes Tidsalder* (Aschehoug) av Eiliv Skard. Bokmål.

Arne Bergsgård, historikar og pedagog, melder her boka *Ideologiernes Tidsalder* av professor i antikkens idehistorie, Eiliv Skard. Meldinga, som er på fire sider, er i hovudsak orientert mot saka som boka presenterer. Først etter ei lang innføring i debatten om dei ulike ideologiane som bryt mot kvarandre, kjem Bergsgård til sjølve boka. ”Denne framstillinga er eit lite meisterstykke av fast oppbyggjing og klår tankeføring, fyndig og skarpt poengtert”, skriv Bergsgård (Bergsgård 1950: 334). Det er påfallande korleis kritikaren her nyttar boka som utgangspunkt for ein fagdiskusjon. Det primære er temaet boka tek opp, ikkje boka i seg sjølv. Boka fungerer såleis berre som eit påskot for å kaste lys over saka. Overordna fungerer

nok denne bokmeldinga i størst grad som ei stadfesting av tidsskriftet som organ for folkeopplysning.

1951: Johan Hovstad melder *Filosofien i gamletida. Eit historisk oversyn* (Aschehoug) av Eiliv Skard. Bokmål.

Johan Hovstad er lektor og omsetjar, og melder her ei innføringsbok i filosofar frå hellenistisk tid av Eiliv Skard. Meldinga er på kring to og ei halv side. Hovstad gir boka gode skussmål frå første stund: ”Med denne boka har professoren i antikkens idehistorie dr. Eiliv Skard, gjevi ei grei og lettlesen innføring i filosofien i gamletida” (Hovstad 1951: 378). Han held fram med å peike på korleis denne boka fyller eit tomrom for dei heilt studentane, og berømmer Skard for den pedagogiske framstillinga: ”Ei sers verdifull side ved denne framstillinga er at ein alltid får den kulturhistoriske bakgrunnen for dei ymse filosofiske straumdraga” (379).

I dei avsluttande avsnitta framhever Hovstad korleis Skard rettar opp feiloppfatningar om den greske filosofien. Han innvender så at han godt kunne tenkje seg ein ”[...] liten omtale av dei seinare mysteriereligionane og den rolla dei har spela for framvoksteren av helvetesførestillingane” (379), men avslutter med at ”[...] elles trur eg det skal godt gjerast å få med så mykje fullverdig stoff på så få sider i ei så lettlesen form. Boka er eit verdifullt tilskot til vår filosofiske litteratur” (381). Overordna fungerer nok også kritikken av denne boka først og fremst som folkeopplysning, og meldinga står slik i samband med *SoS* sitt tidlegare nemnde folkeopplysningsideal.

1952: Olav Midttun melder boka *Heimar på bygdene* (Det Norske Samlaget) av Ingrid Askevold, Arne Berg, Torleiv Hellkås og Svein Mollaug. Nynorsk.

”I den den store husbyggjingi som det er rundt i heile landet i dag er det sers viktig at me fær både ein ekte norsk bygnadsskikk og ei praktisk innreidning”, skriv Midttun i opninga av denne stutte meldinga på ei halv side (Midttun 1952: 476). Han legg for dagen ei nasjonalistisk haldning kring byggeskikk, og ynskjer boka hjarteleg velkomen: ”Ei god hjelp her er den vesle boki som Det Norske Samlaget sender ut um ”*Heimar på bygdene*”” (476). Det positive skussmålet kviler på at Midttun meiner at den boka er nyttig og viktig i eit nasjonalt perspektiv. Kritikken av boka inngår i folkeopplysningsprosjektet som *SoS* står i samband med. Boka ber også i seg kunnskap om norsk bygdekultur, ein viktig identitetsmarkør for målrørsla.

1953: Boksja – Rebekka Hammering Bang melder *Sokrates* (Aschehoug) av S. Eitrem. Bokmål.

Rebekka Hammering Bang er klassisk filolog, bibliotekar og omsetjar, og melder her ei bok om Sokrates. Meldinga er på tre sider. Innleiingsvis gjer Bang forfattarens spørsmål til sitt eige: når ein skriv om forlorne tider langt unna oss, er det mogeleg å gjere det levande for den moderne lesar? Bang meiner at Eitrem har greidd dette: ”I ei uvanleg rik bok har han trylt fram eit livslevande Athen kring hovudpersonen, Sokrates” (Bang 1953: 94). Her vurderer Bang boka og forfattere i eit viss mon, og vurdering er positiv. Likevel brukar Bang storparten av meldinga på å syne eigen kunnskap om antikken, og den aktuelle boka fungerer primært som ei unnskuldning for å ta problemstillingar knytt til antikken opp til diskusjon. Overordna får ein ei kjensle av at det primære i denne meldinga er temaet eller saka, ikkje boka. Boka har ingen klar kopling til det språkpolitiske, og kritikken fungerer berre som ei forlenging av det allmenndannande prosjektet som *SoS* har stått for.

År 1954: Olav Midttun melder biografien om Johannes Skar (Norli) av Olav Bø. Nynorsk. Denne to og ei halv sider lange meldinga omhandlar ein biografi om Johannes Skar, norsk folkeminnesamlar og ”Ein merkesmann i norsk målreisning” ifølgje Midttun sjølv. Store delar av meldinga går med til ei innføring i Johannes Skar sitt livsløp, men Midttun framhever òg at det er spennande lesning som engasjerer. ”Det er mykje hugtakande”, skriv han, og ”Det er beintfram spanande å fylgje livsgangen hans slik som Bø samvitsfullt og nøgje dreg han opp” (Midttun 1954: 46). Overordna er vurderingsnivået i meldinga lågt, og Midttun er meir oppteken av saka (mannen) Johannes Skar enn boka. Den melde boka gir kunnskap om ein sentral person i målrørsla, og kritikken byggjer slik opp under den språkpolitiske funksjonen til tidsskriftet.

### **Oppsummering av bokmeldingane i *SoS* i perioden 1950 til 1954**

Sams for meldingane av skjønnlitteratur i denne perioden er eit noko lågt vurderingsnivå med vekt på gjenforteljinga av handling eller tematikk i boka. Det er ei samling rundt det genetiske kriteriet samt dei estetiske kriteria intensitet og kompleksitet, som saman blir vekta inn på avgjersla om kvalitet eller ikkje.

Det språkpolitiske kjem hovudsakleg til syne i utvalet av bøker, der dei nynorske bøkene dominerer, men dette ser ikkje ut til å verke direkte inn på avgjersla om kvalitet. Nynorskdominansen er i tråd med biletet frå den kvantitative undersøkinga. Dette kan hengje saman med veksttilhøva for den nynorske skjønnlitteraturen.

Den største økonomiske risikoen for forlaga er som regel knytt til utgjeving av norsk skjønnlitteratur, noko opprettinga av innkjøpsordninga av 1965 reflekterer. Då er det klart at forlaga spring ein svært høg risiko med å satse på *nynorsk* skjønnlitteratur. Dominansen av nynorske bøker under kritikken av skjønnlitteratur i tidsskriftet er moglegvis ei spegling av dette. *SoS* ser ut til å ta eit særleg kulturelt ansvar for fremjinga av nynorsk skjønnlitteratur i perioden 1950 til 1954.

I meldinga av barnebøker er det liten plass til kvalitetsvurderinga og handlingsreferat dominerer. Ein legg óg merke til korleis det politisk/moralske kriteriet står i ei særstilling. Også sakprosa-kritikken i utvalet held eit noko lågt vurderingsnivå, og kritikken er prega av ei viss "saksorientering". Temaet som boka handlar om er det primære, ikkje boka i seg sjølv, og kritikaren syner seg fram med sin kunnskap i ein diskusjon kring fag. Det språkpolitiske mandatet til *SoS* kjem tydelegast til syne i meldingane underteikna skriftstyrar Midttun. Han melder bøker som på ulike vis står i samband med målrørsla, anten det dreier seg om biografien til ein målmann eller bøker om bygdekulturen, som målrørsla har som eitt av sine ideal. Det ser likevel ut til at sakprosa-kritikken i langt større grad enn å bekrefte tidsskriftet sin språkpolitiske funksjon, står i forlenginga av det *folkeopplysningsidealet* som *SoS* har hatt som redaksjonell linje sidan skipinga. Sakprosa-kritikken byggjer i størst grad opp under *SoS* som eit allmennkulturelt tidsskrift, i mindre grad *SoS* som språkpolitisk organ.

#### 4.1.6 1955 til 1959

**Om utvalet:** Karakteristisk for denne perioden er avviklinga av spalta "Boksjå", som fram til 1958 har vore eit fast innslag. Samstundes som dette skjer registrerer vi framveksten av "samlemeldingar", der mange bøker blir melde under eitt. Dette gjeld i størst grad for skjønnlitteraturen, og med i utvalet er to samlemeldingar om lyrikk og ein om barnebøker. Lyrikk-kritikken og barnebok-kritikken ser ut til å vere særleg prioriterte område for tidsskriftet i perioden. Utvalet består av utelukkande bøker på nynorsk. Dette må kunne seiast å vere representativt, då det reflekterer korleis majoriteten av dei melde bøkene i perioden er på nynorsk jamfør våre kvantitative undersøkingar. Kritkarane i utvalet er ei kvinne og ni menn. Det er framleis menn som dominerer kritkarverksemda i tidsskriftet, men kvinner, her ved Halldis Moren Vesaas, blir lagt merke til. Alle kritkarane i perioden er høgt utdanna, mange av dei er direkte knytte til målrørsla (Koht, Hellevik og Mannsåker til dømes), og somme av dei har inngåande kunnskap om den sjangeren dei melder. Dette gjeld til dømes Halldis

Moren Vesaas og Arnljot Eggen, som begge sjølv er lyrikarar og melder lyrikk i tidsskriftet. Berre fire av bøkene i kritikktuvalet er utgjevne på Samlaget, men dette samsvarar det øvrige biletet, der vi har registrert berre 19 bøker frå Samlaget mot 73 frå andre forlag i kritikken i denne perioden.

### **Meldingar av skjønnlitteratur**

1955: Halldis Moren Vesaas melder ”Nynorsk lyrikk” frå hausten 1954.

Halldis Moren Vesaas er lyrikar og omsetjar. Ho er gift med Tarjai Vesaas og er ein av dei få kvinnelege kritikarane i *SoS* i denne perioden. Her melder ho fire nynorske lyrikksamlingar frå hausten 1954. Meldinga er på 8 og ei halv side, og dei melde bøkene er *Mørker og Morgon* (Gyldendal Norsk Forlag) av Trygve Bjørgo, *Skjenkarsveinens visur* (Aschehoug) av Aslaug Vaa, *Syngjande kjelder* (Gyldendal Norsk Forlag) av Marie Takvam og *Ord gjennom larm* (Aschehoug) av Jan Magnus Bruheim. Sett over eitt er meldinga prega av analytisk lesning av diktsamlingane, med mange direkte sitat frå samlingane. Når Moren Vesaas er så godt forankra i teksten, gir det resonnementet hennar tyngde. Likevel er vurderingsnivået noko lågt.

Moren Vesaas kommenterer at dikta til Bjørgo ikkje gjer det sterkaste inntrykket, men tvert om blir opplevde som konvensjonelle. Her ligg det estetiske kriteriet intensitet saman med det genetiske kriteriet til grunn for vurderinga. Ho påpeiker vidare korleis ein mangel på originalitet svekkjer intensiteten i dikta. Dei beste dikta er dei reflekterande: ”Det spørst ikkje om Bjørgo – til vanleg! – er sterkare i det å tenkje enn det å kjenne” (Moren Vesaas 1955:181). Her ligg det kognitive kriteriet til grunn for vurderinga av dikta. Noko uforløyst meiner Vesaas det er i boka, men samstundes rosar ho forfattaren for kompleksiteten. Det mangetydige blir óg framheva i handsaminga av samlinga til Aslaug Vaa:

Og elles er ikkje Aslaug Vaa ein av dei diktarane som det er lett å rekne ting ut for. Hos henne hender det stundom at nett det diktet som ved første augnekast ser laust og tilfeldig ut, kan opne bråe djup av tanke og kjensle, av røynsle og visdom” (183).

I det siterte avsnittet ser ein korleis kriteria glir over i kvarandre. Her kan ein identifisere dei estetiske kriteria intensitet og kompleksitet saman med det kognitive kriteriet. I omtalen av samlinga til Jan Magnus Bruheim er dei estetiske kriteria intensitet og integritet avgjerande for ei positiv vurdering: ”*Ord gjennom larm er ei sterk og heil bok. Form og innhald er eitt*” (186). Alt i alt ser ein av meldinga til Moren Vesaas at dei estetiske kriteria intensitet og kompleksitet, det genetiske kriteriet og det kognitive saman verkar inn på avgjerdsel om

litterær kvalitet. Det språkpolitiske mandatet til tidsskriftet er ivareteke ved at berre nynorsk lyrikk er omtala.

1956: Alf Hellevik melder romanen *Kornet og Freden* (Gyldendal Norsk Forlag) av Åsta Holth. Nynorsk.

Alf Hellevik er filolog, språkprofessor, ordbokredaktør og ein aktiv målmann. Meldinga er på to sider. Frå første setning er begeistringa tydeleg: ”For ei sjarmerande bok! Riktig ei folkebok i god meining” (Hellevik 1956: 47). Det estetiske kriteriet intensitet ligg til grunn for vurderingar av typen: ”[...] boka er uvanleg tettbygd, utan dødpunkt, stykkom-til direkte spennande, ofte gripande og alltid fengslende” (47). Vidare kan ein identifisera det kognitive kriteriet i merknadar om Holth sin inngåande kjennskap til miljøet ho skriv om. Etter dette gjer kritikaren noko som ein sjeldan ser i *SoS*-samanheng, han eksemplifiserer med scener frå boka som han siterer i sin heilskap. Desse to døma tek kring ei halv side, men gjev kritikaren meir truverd i domfellinga då han er godt forankra i teksten.

Vidare kan ein leggje merke til korleis det estetiske kriteriet kompleksitet ligg til grunn for kommentaren om at ”hovudpersonane er ikkje unyanserte glansbilete” (48). Til slutt kommenterer han målføringa. Han karakteriserer den som ”klangfull, og vakker nynorsk på austlandsk grunn”, og meiner at om ein hadde hatt mange austlandsforfattarar som nytta seg av målet på slikt grunnlag, ”så trur eg at striden mellom ”vest” og ”aust” fort kunne leggje seg, og austnorsk og vestnorsk klinge saman i eit vakkert og fulltonande samnorsk” (49). Slik får boka ein slags ”meirverdi” for kritikaren. Boka blir *viktig* fordi den syner at nynorsken ikkje utelukkande treng vere eit ”vestnorsk” fenomen.

Både det kognitive kriteriet og dei estetiske kriteriana kompleksitet og intensitet ligg til grunn for vurderinga av boka. Den målpolitiske orienteringa er tilstades gjennom merknaden om ”samnorsken”, noko som speglar eit sentralt stridspunkt for målfolket i perioden.

1957: Boksja. Nils Hellesnes melder romanen *Mot blå berg* (Olaf Norlis Forlag) av Sjur Bygd. Nynorsk.

Lektor Nils Hellesnes si melding av romanen er på to og ei halv side. Overordna er meldinga særst analytisk, og vurderinga kjem såleis i skuggen av analysen. På den andre sida går Hellesnes rett på sak: ”Sjur Bygds originalitet og verd som diktar er det ikkje vanskeleg å få auge på” (Hellesnes 1957: 466). Det genetiske kriteriet ligg til grunn for denne merknaden. Deretter gir Hellesnes ei tematisk analyse av forfattarskapen, før han kjem til den aktuelle romanen. Han løftar her fram forfattaren si evne til å skildra menneska og deira psyke: ”Sjur Bygd har ein djup og gjennomtrengande intuisjon på det sjelelege planet” (466).

Kritikaren vurderer realismeprøget i romanen som positivt, i tillegg til at det estetiske kriteriet kompleksitet ligg til grunn for merknaden om at "[...] han [forfattar] kan kunsten å smelte alvor og ironi saman med frigjerande situasjonskomikk" (468).

I alt ligg to kvalitetskriterium til grunn for vurderinga til Hellesnes, det genetiske kriteriet og det estetiske kriteriet kompleksitet. Den språkpolitiske funksjonen til tidsskriftet er ivareteke ved at kritikken tek for seg ei nynorsk bok.

1958: Arnljot Eggen melder tre diktsamlingar: *Rit di rune* (Gyldendal Norsk Forlag) av Aslaug Låstad, *Ro bort din båt over vatnet* (Gyldendal Norsk Forlag) av Anna Skeide og *Bilete med bakgrunn* (Aschehoug) av Jan Magnus Bruheim. Alle diktsamlingane er skrivne på nynorsk.

Arnljot Eggen er lærar og lyrikar. Meldinga strekk seg over åtte sider. Overordna er meldinga meir analytisk enn vurderande, men nokre kriterium kan likevel identifiserast. Første samling ut er *Rit di rune* av Aslaug Låstad. Eggen tek til med å setje den i samanheng med resten av forfattarskapen. Han meiner at det er "først med dei siste samlingane ho har fått vist sin djerve lyriske profil" (Eggen 1958: 130). Desse merknadane kan ein sortere under det genetiske kriteriet. Det same kriteriet gjer seg gjeldande i merknader kring originalitetsproblematikk. Kritikaren meiner at nokre av dikta mister nerve fordi motiva er oppbrukte. Han meiner vidare at samlinga er ujamn: "Samlinga har nokså ujamn kvalitet for di diktaren har teki med så mykje" (131). Det estetiske kriteriet integritet ligg til grunn for denne vurderinga. Likevel er her nok av gode dikt: "Med sterke og målande bilete, med djerve assosiasjonssprang og ein ledig og skiftande rytme som blir aksentuerer innhaldet, når ho iblant sødergranske høgder" (132). Ei slik samanlikning kan ein knytt til det genetiske kriteriet.

Eggen går vidare til *Ro bort di båt over vatnet* skrivne av debutanten Anna Skeide. Samanlikna med Låstad blir denne samlinga i tamaste laget, "men så er det og skilnad på temperamentet hos dei to". Ikkje alle dikta er like vellukka: "Vi saknar motsetningar hos henne, noko som kunne gi dikta høgare temperatur og spaning, dei er liksom så alt for resignerte og smålåtne" (133). Det estetiske kriteriet intensitet ligg til grunn for merknadene her. Delar er likevel lovande, særleg dei dikta som består av "venleiksinntrykk".

Omtalen av den siste samlinga til Jan Magnus Bruheim er hovudsakleg ei analyse eller fortolking av innhaldet. Ifølgje kritikaren har Bruheim alt skrivne dikt som kan reknast for "klassiske", ein kommentar der det genetiske kriteriet ligg til grunn. Det språkpolitiske mandatet til SoS er her ivareteke ved at dei melde bøkene er på nynorsk.



1959: A. H Helland melder nynorske barnebøker frå 1958.

Her er 14 barnebøker melde over ei melding på fem sider. Meldinga tek til med ein tilstandsrapport for nynorsk barnelitteratur. Helland ser pessimistisk på det, og meiner at 1958 var eit dårleg år. Få bøker kom ut, og dei som kom synte mangel på originalitet, ein merknad som går under det genetiske kriteriet. Handlingsreferat frå bøkene tek stor plass, men kritikaren er óg oppteken av om forfattaren skriv på nivå med barnelesaren, og om skildringane av barn i bøkene er truverdige. I omtalen av *Gullklokka* (Noregs boklag) av Sverre By heiter det at ”Det er lett å peike på feil hos han [forfattar]; ikkje alltid får han den rette svingen over barnereplikkane, setningane kan bli for stutte og uheile og borna kan kome med litt for mange ”visdomsord” (Helland 1959: 140). Det estetiske kriteriet intensitet er viktig, dette ser ein i merknadar som tek føre seg om forteljingane er ”levande fortalt” eller ikkje.

Kritikaren kommenterer óg målføringa. ”Målet hans kan noen kvar lære av, mjukt, enkelt, klangfullt”, er kommentaren til romanen *Ny vår* (Noregs boklag) av Haakon Lie. Andre bøker igjen får strykkarakter: ”Men konsulenten bør vere strengare med målføringa” (142). Krinsinga om målet i nettopp barnelitteraturen kan ein kanskje ta til direkte inntekt for det språkpolitiske mandatet i *SoS*. Barnelitteraturen har tradisjonelt sett alltid hatt ei oppsedande rolle, og det er truleg at målfolket har lagt særleg vekt på barnelitteratur på nynorsk, og då på ”rett nynorsk”. Av meldinga ser vi at det estetiske kriteriet intensitet saman med det genetiske kriteriet dominerer i argumentasjonen for kvalitet, saman med den eksemplariske målføringa.

### **Meldingar av sakprosa**

1955: Jon Mannsåker melder biografien *Mahatma Gandhi* (Det Norske Samlaget) av Louis Fisher, omsett til nynorsk av Odd Nordland og Magne Skodvin.

Presten og målmannen Jon Mannsåker melder her ein biografi om den indiske leiaren og fridomsforkjemparen Mahatma Gandhi. Meldinga er på to og ei halv side. Mannsåker startar med ei kort oppsummering av mennesket Gandhi, før han set den aktuelle biografien inn i ein større kontekst med andre bøker om emnet. Mannsåker omtaler boka som ”ein serleg god biografi” (Mannsåker 1955: 474).

Ein presentasjon av livsløpet til Gandhi tek opp store deler av meldinga, og vurderingsnivået er med andre ord lågt. Som ein avsluttande merknad seier Mannsåker at ”Fischers biografi må høva framifrå som hjelpebok i studieringar” (476). Mannsåker er her

inne på kva bruksområde boka kan ha, i tillegg til at han krinsar inn ei passande målgruppe for boka: studentar eller skuleelevar. Dette kan ein nok sjå i samanheng med at tidsskriftet frå slutten av 1950-talet og utover 60-talet sikta seg særleg inn mot elevar på gymnaset. Den melde boka er her kanskje valt med særleg omtanke kring den intenderte målgruppa for tidsskriftet. Siste setning tek for seg den nynorske språkdrakta: ”Om målføringa i boki har eg berre godt å seie. Tak og les!” (476). Den språkpolitiske funksjonen til tidsskriftet er med andre ord også ivareteke.

1956: Boksja. Johan Hovstad melder avhandlinga *Hofulausn i Egils saga* (Det Norske Samlaget) av Odd Nordland. Nynorsk.

Lektor Johan Hovstad melder her ei avhandling som tek for seg spørsmålet om islandske ættesoger som historiske kjelder. Meldinga er på to sider. Innleiingsvis introduserer han dette spørsmålet som sentralt i solegegranskinga, før han går gjennom oppbyggjinga og metoden: ”Nordlands analyse av Hovudlausn kan stå som mønster for tolkning av eit skaldekvad. Her er gjennomtrengande gjennomlysning av detaljar para med eit vidfemnande heilskapssyn” (Hovstad 1956: 432). Hovstad meiner oppgåva vitnar om ei sterk innleving i stoffet og om ”granskarglede og granskarevne.” Her vurderer kritikaren forfattaren.

Hovstad peiker på dei sidene ved prosjektet som representerer nybrottsarbeid, og vektlegg slik det originale ved avhandlinga. I konklusjonen får avhandlinga gode skussmål. ”Alt i alt tener denne studien av Nordland til å auke vår tiltru til den norrøne tradisjonen”, skriv Hovstad, og legg også til at han trur oppgåva kan nå ut til ein større leseskare ut over academia, noko som visstnok óg var intensjonen frå forfattaren si side. Boka står i forlenginga av *SoS* sitt ideale om folkeopplysning. Det at nettopp denne boka blir gjenstand for kritikk, understrekar dette idealet.

1957: Svale Solheim melder ei samling med avhandlingar av Hallvard Magerøy om ”Sertekstproblemet i Ljosvetninga saga”(Det Norske Vitenskaps-Akademi ). Nynorsk.

Svale Solheim er folklorist og polititar. Han har forfatta ei rekkje bøker, mellom anna *Norsk Sætertradisjon* som tidlegare har vore meld i *SoS*. Meldinga er på to sider, og store delar av den er vidd til ei kontekstualiserande innføring i fagdiskusjonen kring opphavet til dei islandske ættesogene: ”Det må seiast at Magerøy har gjennomført si oppgåve på ein framifrå måte. [...] hans analyse vitnar om vaken kritisk sans og nøktern vurderingsevne” (Solheim 1957: 192). Svalheim løftar fram at forfattar er kunnskapsrik, og at avhandlinga ikkje druknar i ”havet av detaljar”. Han meiner vidare at avhandlinga er truverdig og at forfattaren kviler godt på sine oppfatningar. Vurderinga er overordna av det positive slaget. Ut frå tematikken

kan ein seie at kritikken inngår i det folkeopplysningsidealet som tidsskriftet står i forlenginga av.

1958: Halvdan Koht melder samlinga *Ivar Aasen i Brev* (Det Norske Samlaget) Reidar Djupedal står som redaktør for samlinga. Nynorsk.

Som tidlegare redaktør for tidsskriftet og tidlegare leiar i Mållaget, er Halvdan Koht ein kjenning i *SoS*-samanheng. Her omtalar han første band av Ivar Aasen sine brev og dagboksnotat. Meldinga er på heile åtte sider, og Koht rettar i innleiinga ein stor takk til utgjevarane: ”Det er ein stor ting at vi no kan lese alt i full samanheng.” (Koht 1958: 97). Koht trekkjer samlinga fram som viktig, og då særleg viktig for *målfolket*. Boka gir kunnskap om Ivar Aasen, som tidlegare har vore løynd for ålmenta. Det er såleis nesten gitt at dette er ei bok som må få god omtale i *SoS*. Meldinga kan bli oppsummert som ein historisk-biografisk gjennomgang av Aasen sitt liv gjennom det som kjem fram i breva. Koht er lite vurderande, og vurderinga kjem til slutt. Han berømmer Djupedal for arbeidet han har lagt ned, men leverer óg ein kritisk merknad om at ”Eg synes nok at det både i utgåva og i merknadane fins somt som går lenger enn det trengs. Men det er betre å gjere for mykje av dette enn for lite” (104). Kva ”dette” er, gir ikkje Koht noko forklaring på. Er det mengda av informasjon han siktar til, eller er det at redaktøren har vore for bastant i å trekkje slutningar? Dette blir hangande i lufta. Overordna fungerer den melde boka som formidlar av kunnskap om den viktigaste personen for målrørsla, Ivar Aasen. Boka handlar såleis spesifikt om den språkpolitiske konteksten tidsskriftet står i.

1959: Bjarne Svare melder Arne Bergsgårds Noregshistorie *Frå 17.mai til 9.april* (Det Norske Samlaget) Nynorsk.

Skulemannen og forfattaren Bjarne Svare omtalar Bergsgård som ”ein god skribent”, og framhevar stilen hans som lett og grei (Svare 1959: 59). Meldinga er på fire sider. Om forma meiner kritikaren at boka møter dei krava ein måtte ha til ei slik bok, og omtalar den som ”folkelesnad”. Såleis samsvarar boka med den redaksjonelle linjamed folkeopplysning som sentralt mantra. Viktig må det nok óg ha vore i utveljinga av boka som gjenstand for omtale, at den skriv fram Noregs historie på *nynorsk*. Svare brukar elles storparten av omtalen på å gje eit omriss av hovudlinjene i framstillinga. Overordna er meldinga lite vurderande, og ber preg av ei rosande haldning til forfattaren sin autoritet på området. Ein bør óg nemne at forfattaren, Arne Bergsgård, sjølv er knytt til og har tidlegare figurert som kritikar for tidsskriftet. Kritikaren gjer ikkje lesaren merksam på denne bindinga.

## Oppsummering av bokmeldingane i SoS i perioden 1955 til 1959

Felles for meldingane i perioden er eit lågt vurderingsnivå med mykje plass til handlingsreferat. Når det gjeld meldingane av skjønnlitteratur er både meldingane av lyrikk, romanar og barnebøker dominerte av ei analytisk tilnærming til stoffet. Vurderinga kjem ofte i andre rekkje, og det er ikkje eit enkelt kriterium som dominerer, men dei verkar saman. Ei viss samling om det genetiske kriteriet og det estetiske kriteriet intensitet registrerer ein likevel. Ein legg ikkje merke til noko direkte samanheng mellom den språkpolitiske funksjonen til tidsskriftet og kvalitetsvurderingane, men den språkpolitiske funksjonen til *SoS* er ivareteken gjennom utvalet, då alle dei skjønnlitterære meldingane er kritikk av nynorsk litteratur. Sitering frå dei meldte bøkene ser elles ut til å bli standard praksis i større grad enn tidlegare. Både i meldinga av lyrikk og romanar blir det no sitert frå bøkene. Dette er med på å gjere kritikken mindre påstandsprega.

Sakprosakritikken er prega av eit underliggjande ideal om folkeopplysning. Samtlege av dei melde bøkene kan nok gå under teikninga ”folkelesnad”, og står slik i forlenging av folkeopplysningsidealet som *SoS* sidan skipinga har stått i samband med. Elles legg ein merke til at bøker som står i direkte samband med målrørsla, til dømes samlinga med etterlatne brev frå Ivar Aasen, blir blir trekt fram som særskilt viktige. I forlenginga av dette er det nok óg klart at Arne Bergsgård sitt verk om Noregs historie på tilsvarande vis blir meldt og framheva som eit ypparleg verk, mykje i kraft av at ein målmann skriv landet si historie på *nynorsk*. Til skilnad frå kritikken av skjønnlitteratur, er det ikkje vanleg praksis å sitere frå dei melde sakprosaabøkene.

### 4.1.7 1960 til 1964

**Om utvalet:** Utvalet består av to meldingar frå kvart år, ei melding av skjønnlitteratur og ei melding av sakprosa, med unntak av 1961 og 1962. I 1961 er det ikkje registrert noko melding av sakprosa, og i 1962 er det ikkje registrert noko melding av skjønnlitteratur. Spalta ”Boksjå” er no avvikla, og storparten av meldingane i denne perioden opptre i tidsskriftet som enkeltmeldingar, ofte med tittel som syner til den melde boka. Ein registrerer eit framhald av praksisen med å omtale mange barnebøker under eitt i ”oversynsartiklar”, og på same vis ein tendens til å handsame fleire diktsamlingar under eitt. I utvalet inngår 21 nynorske bøker og ei bokmålsbok. Det høge talet nynorskbøker kjem her av at fleire bøker er melde under eitt. Til dømes tel ein heile 13 nynorske bøker i ei og same melding

(barnelitteratur), og tre nynorske diktsamlingar er melde under eitt. Likevel er nok dette representativt for perioden, då det totalt er registrert 25 melde nynorskbøker mot berre ei bokmålsbok. Kritikanane i utvalet er fem menn og ei kvinne. Dette er i tråd med det øvrige biletet, då det i perioden er registrert totalt ni menn og ei kvinne. Når det er berre ei kvinne som fungerer som kritikaner i perioden, var det med tanke på mangfald naturleg å innlemme hennar melding i utvalet. Ein legg elles merke til eit vedvarande høgt utdanningsnivå blant kritikanane. I utvalet inngår to professorar i nordisk, ein litteraturvitar, ein tidlegare redaktør av *SoS*, og ein lyriker. 7 av dei melde bøkene i kritikkuutvalet er utgitt hjå Samlaget, 15 ved andre forlag. Dette står til det overordna biletet der 7 av dei melde bøkene er utkomne hjå Samlaget, mot 19 ved andre forlag.

### **Meldingar av skjønnlitteratur**

1960: A. H. Helland melder nynorske barnebøker frå 1959. 13 titlar nemde, alle på nynorsk. Helland omtalar her totalt 13 nynorske barnebøker frå førre året. Meldinga går over fire sider, og tek til med ein tilstandsrapport for tilhøva til nynorske barnebøker. Så går Helland til dei aktuelle barnebøkene. Presentasjonen av tittel samt forfattar og eit kort handlingsreferat er gjennomgåande for meldinga. Det er gjeve lite plass til vurdering, men somme element går att i omgangen med bøkene. Det at forfattaren har god kjennskap til emnet, blir vekta inn positivt: ”*Ivar Grimstad viser i Den mystiske hola (Noregs Boklag) at han har eit godt tak på emnet sitt*” (Helland 1960: 94). Her kan vi på sett og vis sjå at det kognitive kriteriet ligg til grunn for ei positiv vurdering. Elles heftar Helleland seg ved om personskildringane er truverdige eller ei, i tillegg til at han er oppteken av ”forteljarevna” eller ”forteljarglede” hjå forfattaren. Dette kan vi kople opp mot det estetiske kriteriet intensitet. Kort oppsummert ser ein av meldinga at forfattaren si forteljarevne, kunnskap til emnet han skriv om og truverd i skildringane ligg til grunn for vurderinga av barnebøkene. Det språkpolitiske mandatet til tidsskriftet er her ivareteke ved at alle dei melde bøkene er på nynorsk.

1961: Leif Mæhle melder romanen *Brannen* (Gyldendal Norsk Forlag) av Tarjei Vesaas. Nynorsk.

Vesaas sine romanar blir jamnleg melde i *SoS*. *Brannen* er ikkje noko unntak, her meld av professor i nordisk og særleg nynorsk litteratur, Leif Mæhle. Meldinga er på seks og ei halv side. Han startar med ein introduksjon til forfattarskapet, med vekt på utviklingstendensar hjå Vesaas. Mæhle peiker mellom anna på at Vesaas sine romanar ofte hentar opp motivkrinsar som tidlegare har vore introduserte i novellene. Dette gjeld óg for romanen *Brannen*, og

Mæhle tek dette som eit teikn på ”den sterke einskapen og indre samanhangen som det er i heile Vesaas si dikting” (Mæhle 1961: 467). Han les med andre ord den nye romanen i forlenginga av resten av forfattarskapet, knytt til det genetiske kriteriet. Etter eit handlingsreferat gir Mæhle ei analytisk lesning. Han påpeiker at ”[...] det finst mange måtar å lese denne romanen på” (468), ein merknad som ein kan sortere under det estetiske kriteriet kompleksitet. Kritikaren meiner at den ”gåtegissande” måten å lese romanen på er den dårlegaste lesninga.

Så følgjer det vi kan kalle ein gjennomgang av ulike lesestrategiar i møte med symbolikken hjå Vesaas, før Mæhle gir si lesning av romanen. Lesninga er primært analytisk og ikkje særleg vurderande. I siste avsnitt trekkjer Mæhle trådar til både Vesaas, Kafka, Lagerkvist og Duun, men minner óg om at Vesaas mest av alt auser frå sine eigne kjelder ved å hente opp att motiv frå eigne romanar. Dette kan ein óg knytte til det genetiske kriteriet. Det språkpolitiske mandatet til *SoS* er her ivareteke ved at den melde boka er på nynorsk, i tillegg til at forfattaren er ein sentral nynorsk forfattar som også denne kritikaren løfter fram som ein stor og original diktar.

1963: Halldis Moren Vesaas melder *Den evige sol* (Aschehoug) av Pandelis Prevelakis. Omsett til norsk av Carl Fredrik Engelstad.

Det er ein gresk roman Halldis Moren Vesaas her tek føre seg. Meldinga er på fem og ei halv side. Moren Vesaas skriv at omsetjaren sitt arbeid er både ”fint og omhyggeleg gjort”. Så kjem eitt atterhald:

Det er berre det at når ein les boka kan ein ikkje la vere å tenkje på kor godt ho ville ha gjort seg på nynorsk. Både miljøet i boka og den enkle, ”folkelege” og samstundes så poetiske måten ho er skriven på, ville ha gjort den språkdrakta meir kledeleg for henne enn den ho har fått (Moren Vesaas 1963: 377).

Moren Vesaas meiner at boka kunne hatt godt av å vere omsett til nynorsk i staden for bokmål. Etter dette sørgebodet for språkdrakta gir ho ein introduksjon til Prevelakis og hans forfattarskap. Så følgjer eit utførleg handlingsreferat, før ho kjem med nokre merknader til framstillinga: ”Forfattaren har spent bogen farleg høgt i skildringa av denne kvinna. Men han har ein så bra boge å spenne at vågestykket lykkast” (379). Det er særleg personschildringane som gjer denne boka god, skal ein tru Moren Vesaas. Vurderingnivået er overordna lågt, og det primære i meldinga er å introdusere forfattarskapet for norske lesarar. Meldinga blir avrunda med eit heilt kapittel frå romanen som Moren Vesaas har omsett til nynorsk. Her får

ho vist i praksis ”kor godt ho ville gjort seg på nynorsk” (277), og såleis er det språkpolitiske mandatet til tidsskriftet i høg grad ivareteke.

1964: Leif Mæhle melder tre diktsamlingar. Tore Ørjasæter, Kristofer Uppdal og Åsmund Sveen. Alle nynorske lyrikarar.

Professor i nordisk litteratur, Leif Mæhle, samlar seg her om tre av diktsamlingane av hausten. Meldinga er på åtte sider. Dei to første nyttar han til å gje ein tilstandsrapport for norsk lyrikk og særleg nynorsk lyrikk, før han vender seg til diktsamlingane: *Klårhaust* (Norli) av Tore Ørjasæter, *Hestane mine* (Noregs boklag) av Kristofer Uppdal, og *Brunnen* (Cappelen) av Åsmund Sveen (Mæhle 1964: 40). Jamt over er Mæhle analytisk i si tilnærming til samlingane, og sjølv vurderingsnivået er lågt. Nokre vurderingskriterium kan ein knapt identifisere då meldinga er så lite vurderande, men det språkpolitiske mandatet til *SoS* er ivareteke ved at alle dei omtala bøkene er på nynorsk.

### **Meldingar av sakprosa**

1960: Halvdan Koht melder tredje og siste band av *Ivar Aasen, Brev og Dagbøker* (Det Norske Samlaget) ved red. Reidar Djupedal. Nynorsk.

Målmann og tidlegare redaktør i tidsskriftet, Halvdan Koht, omtalar her det tredje og siste bandet om Ivar Aasen, med ei samling av brev og dagboksnotat samla og redigert av Reidar Djupedal. Omtalen er på kring sju sider, og storparten av den går med til ei gjengjeving av kva informasjon om Aasen som blir lagt fram. Innleiingsvis vedgår Koht at ikkje alt er like god lesnad, og omtaler notata som ”turre”. Han er likevel raskt ute med å kome Aasen til unnsetning:

Det er greitt nok at Aasen ikkje kunne ha minste tanke på at dagboks-notata hans kunne bli utgjevne. Dei kan for størsteparten ikkje bli rekna for ”litteratur”, og dei er ingen morosam lesnad. Men så nakne som dei står der, fører dei oss likevel djupt inn i livet hans (Koht 1960: 257).

Dette er sjølv kjernen i meldinga. Det er kanskje ikkje lesverdige litteratur, men det er ei viktig kjelde til ny kunnskap om mannen som målrørsla er tufta på. Sær viktig er det nok at det kjem fram informasjon som byggjer opp under det etablerte biletet av Aasen og dermed av målrørsla. Koht legg seg på minne kor oppteken Aasen var av véret, og skriv: ”Han var ein ekte bonde, veret var ein viktig ting for han. Og han levde med i naturen. Eller enda meir: naturen levde i han” (258). Det nasjonalromantiske biletet av Aasen som den opplyste bonden utgjør sjølv grunnmuren i målrørsla med sine ideal. Samlinga i sin heilskap fungerer såleis som ei stadfesting for målfolket, som har Aasen og hans målføre som identitetsmarkør.

Avslutningsvis rosar Koht nok ein gong redaktør Djupedal for hans arbeid, og voner at han vil samle granskingane sine i ei stor bok om Ivar Aasen og samtida hans. I sum fungerer meldinga som ei stadfesting av dei ideala som målrørsla er tufta på.

1962: Halvdan Koht melder siste hefte av *Norsk Allkunnebok* (Fonna Forlag). Leksikon på nynorsk.

Koht byrjar omtalen med det ein kan karakterisere som ein hyllest av den avdøydde redaktøren Hans Aarnes. Han set så dette siste heftet inn i konteksten til resten av det store leksikonprosjektet som *Allkunneboka* utgjer. Meldinga er på fem sider. Koht skriv om prosjektet: ”Det var i sanning eit stort tiltak. For vi hadde ikkje noko slikt verk på nynorsk mål” (Koht 1962: 486). Såleis legg han vekt på *behovet* for eit slikt leksikon på nynorsk, og samlinga får ein viktig funksjon i kraft av at det nynorske målet blir nytta for å skildre alle moglege område av samfunnet. Det har i lenger tid vore ei målsetjing for målrørsla å syne nynorsk som bruksspråk.

Koht har óg nokre merknadar mot framstillinga, ogrettar særskild merksemd mot omtalen av målstriden og målrørsla. Koht forventar god opplysning om desse emna, og heilt nøgd er han ikkje: ”Det er mangt her som ikkje er sagt”. Han konkluderer likevel med at ”Allkunneboka gjev i det minste mykje betre opplysning på dette området enn vi elles er vand med å finne” (487). Om målføringa i leksikonet seier Koht at ”Ho er jamt over retteleg god. Det har vel hovudredaktøren sin gode part av æra for” (488). Bokmeldinga får ein viktig funksjon for målrørsla, ved at den melde boka syner nynorsken som bruksspråk.

1963: Reidar Djupedal melder *Menn og bøker* (Det Norske Samlaget) av Olav Midttun. Nynorsk.

Professor i nordisk språk og litteratur, Reidar Djupedal, melder her artikkelsamlinga *Menn og bøker* av Olav Midttun. Meldinga er på fire sider. Midttun sat som redaktør for *SoS* i heile 52 år, og ein omtale av Midttun si bok blir slik nesten sjølv sagt. Boka er ei samling med utgreingar om nynorske diktarar og nynorsk diktning, eit emne som Midttun har hatt dei beste forutsetnader for å skrive om som professor i nynorsk målbruk og diktning. Djupedal omtalar framstillingsmåten som ”nøktern og oversynleg”, og trekkjer fram dei tre avhandlingane om Vinje som noko av det ”viktigaste” i boka. Dette er tydeleg ei bok som Djupedal meiner det er behov for. Endeleg har målfolket fått ei god og oversiktleg bok om dei nynorske diktarane. Siste side av meldinga er vigd rosande ordelag om Midttun, som i siste setning: ”Mange av Olav Midttuns elevar og vener vil gjerne takka han for denne boka”



(Djupedal 1963: 442). Kritikken stadfestar tidsskriftet sitt språkpolitiske mandat, ved at den melde boka er skriven av ein sentral målmann og omtalar den nynorske litterære tradisjonen.

1964: Peter Hallberg melder artikkelsamlinga *Dåd og dikt* (Det Norske Samlaget) av Sigmund Skard. Nynorsk.

Peter Hallberg, svensk filolog og litteraturvitar, er her hyrt inn for å melde den nye artikkelsamlinga til Sigmund Skard, professor i amerikansk litteratur, forfattar, omsetjar, og ein viktig figur innan målrørsla. Skard hadde sterke band til Samlaget der han først sat som sekretær, og i perioden for denne bokmeldinga som styreformann. Meldinga er på fire og ei halv side. Om ein skulle omtale denne boka eller ei har tydeleg vore diskutert, det ser ein av tekstboksen i venstre hjørne på første sida av meldinga. Bruken av slike tekstboksar er relativt nytt av året i tidsskriftet. Her står det:

Syn og Segn har halde seg diskret i bakgrunnen i omtale av dei bøkene som vårt eige forlag, og formannen i Det Norske Samlaget gir ut. Men vi vil ikkje halde lesarane våre reint for narr med å late som professor Sigmund Skards "Dåd og dikt" slett ikkje var komen ut i haust, og har difor fått den svenske litteraturgranskaren, dr. Philos. Peter Hallberg til å skrive om boka og mannen (Red. Syn og segn 1964: 23).

Dette tyder ikkje at Samlaget sine bøker ikkje er melde i tidsskriftet på 60-talet, men ein skal gje redaksjonen rett i at bøkene frå Samlaget ikkje er i fleirtal i perioden 1960 til 1964. Av 26 melde bøker i perioden er berre 7 av bøkene frå Samlaget, resten er frå andre forlag.

Interessant er det óg at dei har fått ein ekstern kritikar til å melde boka. Bak denne distanseringa ligg det truleg eit ønskje om å gjere kritikken meir "uavhengig" for å få bukt med eit habilitetsproblem. Meldinga er jamt over hyllande i si tilnærming til både boka og mannen. Hellberg bruker i innleiinga ord som "ruvande" og "mangfoldig" om verket, og meiner at det opnar for "vide og stimulerande utsyn over viktige bolkar av heile den vesterlandske litteraturhistoria" (Hallberg 1964: 23). Hellberg trekkjer fram spennvidden i verket, og rosar forfattaren for evna til å skape heilskap.

Det framgår av meldinga at verket og mannen heng tett i hop. Hallberg tykkjer tydeleg godt om mennesket Skard, og let det farge hans oppleving av boka: "Overalt kjenner vi korleis forfattaren personleg er nærværande i det skrivne ordet, smittsamt glad for at han får dele med seg av sine røynsler, si innsikt" (25). Han avslører vidare korleis mannen og heilskapen overprøver dei små innvendingane undervegs: "Og det gjer ein rett og slett fordi ein snart nok skjønar at det vesle ein har å dra fram, ikkje er på høgd med Sigmund Skard"

(25). Bokmeldinga fungerer såleis som ei stadfesting av Sigmund Skard sin autoritet, noko den gjer på trass av ekstern kritikar, hyrt inn for meir kritisk distanse.

### **Oppsummering av bokmeldingane i *SoS* i perioden 1960 til 1964**

Felles for meldingane av skjønnlitteraturen er eit jamt over lågt vurderingsnivå med vekt på analytisk lesning av litteraturen, då kanskje særleg med tanke på meldingar av lyrikk. Dei kriteriuma som går att er det genetiske kriteriet, samt noko bruk av dei estetiske kriteria intensitet og kompleksitet. Det moralsk/politiske er merkbart lite i bruk i kritikken av skjønnlitteraturen i denne perioden. Når det gjeld den språkpolitiske orienteringa kjem den ikkje til uttrykk direkte i meldingane, sett vekk frå Halldis Moren Vesaas si melding. Ingen kommentarar om målet er registrert. Moren Vesaas går til gjengjeld hardt ut mot korleis den greske romanen ho melder er omsett til bokmål og ikkje nynorsk, og tidsskriftet har attpåtil fått henne til å omsetje eit heilt kapittel frå boka, for slik å demonstrere kor godt det fungerer på nynorsk. I det store og det heile blir målføring likevel ikkje kommentert i meldingane, då kjem det språkpolitiske heller til uttrykk gjennom *kva bøker* som blir melde. Nynorskbøkene held fram med å dominere framfor bokmålsbøkene. Såleis er det språkpolitiske mandatet til tidsskriftet ivareteke i størst grad gjennom utvalet av bøker.

Felles for meldingane av sakprosa i perioden er eit påfallande fokus på bøker som stadfestar målrørsla sin identitet og ideal. Dette gjeld mellom anna Halvdan Koht si melding av det siste bandet av Ivar Aasen – brev og dagbøker. Her får målrørsla ny innsikt om mannen som heile rørsla spring ut or. På same vis fungerer det nynorske leksikonet Allkunneboka, meld av same mann, i tråd med målrørsla sine målsetjingar om å syne nynorsken som eit bruksspråk. Tilsvarande får målrørsla endeleg eit godt og oversikteleg verk om den nynorske diktinga i verket *Mål og menn* av Olav Midttun. Det er verd å leggje merke til korleis redaksjonen avgjer å hyre inn ein eksternkritikar for å omtale boka til Sigmund Skard. Dette avslører korleis redaksjonen er medvitne til habilitetsproblemet med å melde bøker frå forlaget som eig *SoS*.

### **4.1.8 1965 til 1969**

**Om utvalet:** Utvalet består av to meldingar frå kvart år, ei melding av skjønnlitteratur og ei av sakprosa, med unntak av åra 1966 og 1967 då det ikkje er registrert noko meldingar av sakprosa. Det vil seie at utvalet her består av fem meldingar av skjønnlitteratur og tre meldingar av sakprosa. I utvalet inngår det 5 bøker på nynorsk og 11 bøker på bokmål, samt

ei på svensk. Dette er i samsvar med det overordna biletet frå den kvantitative undersøkinga, der bokmålsbøkene er i fleirtal med 16 melde bokmålsbøker mot 10 nynorske. Meldingane opptrer som enkelttoppslag i tidsskriftet, og er ikkje organiserte under noko fast spalte. Såleis har den litteraturkritiske satsinga til tidsskriftet fått ein meir tilfeldig karakter i denne perioden. På den andre sida held redaksjonen fram med "oversynsartiklar" der fleire bøker blir melde under eitt, då særleg med tanke på barnelitteraturen og lyrikken. Kritikanerane i utvalet er i alt ei kvinne og sju menn. Dette kan ein seie er representativt, då det totalt i perioden er registrert tre kvinner mot ni menn. Vidare er det eit vedvarande høgt utdanningsnivå hjå kritikanerane. I utvalet inngår det både forfattarar, lektorar, professorar og ein med magistergrad. I kritikkuvalet inngår 3 bøker utgitt ved Samlaget mot 14 ved andre forlag. Dette står i forhold til den totale biletet i perioden, der det er registrert 4 melde bøker frå Samlaget mot 22 på andre forlag.

### **Meldingar av skjønnlitteratur**

1965: Halldis Moren Vesaas melder barnebøker. *Rugda trekker* (Gyldendal) av Pål Sundvor og *Bakgrunn* (Det Norske Samlaget) av Ragna Rusten. Begge nynorske bøker.

Moren Vesaas tek for seg to av haustens nytgjevne nynorske barnebøker. Meldinga er på seks sider. Begge bøkene handlar om barndom, og Moren Vesaas meiner at forfatarane vender seg mot barndommen og "mest utislørt gir seg sjølv". Dei realistiske skildringane overtyder Moren Vesaas om at "dei fortener kvalitetsstempelet "diktning" (Moren Vesaas 1965: 16). Moren Vesaas gler seg over å kunne trekkje den slutninga om utgjevingane då ho tidlegare har hatt store innvendingar mot desse to forfattarskapa, og meiner det er positivt at dei overraskar. I tillegg frydar ho seg over at dei nynorske bøkene hevdar seg:

[D]et nynorske hjarte ein no eingong har, finn sin særlege grunn til å glede seg over desse to nye bøkene som så godt kan hevde seg i den gode gamle ufråkommelege juleflommen (17).

Moren Vesaas tek så for seg *Rugda trekker* og legg vekt på det estetiske kriteriet intensitet: "Her har forfataren ikkje stått på sida av stoffet sitt, her har han vore i eitt med det, og så får det liv" (18). Forutan intensitet ligg noko som kan minne om det "affektive kriteriet" til grunn for vurderinga, det vil seie forfataren si evne til å leve seg inn i skildringa og gje den liv.

Den andre romanen, *Bakgrunn*, får gode skussmål mykje grunna det Moren Vesaas omtalar som ein "heilskap" i framstillinga. Det estetiske kriteriet ligg til grunn denne argumentasjonen. Moren Vesaas argumenterer såleis for kvaliteten til desse to barnebøkene

ved å ta i bruk både dei estetiske kriteria intensitet, og noko som kan minne om det affektive kriteriet. Det språkpolitiske blir ikkje direkte brukt som eit argument for kvalitet, men kritikaren trer fram som nynorsking og gler seg over at det kjem gode nynorske bøker.

1966: Bjarne Birkeland melder den ny siste romanen til Tarjei Vesaas *Bruene* (Gyldendal Norsk Forlag) Nynorsk.

Det er skriftstytar og professor i nordisk litteratur, Bjarne Birkeland, som melder den siste romanen frå diktarhøvdningen Vesaas. Meldinga er på sju og ei halv side. Overordna har Birkeland ei analytisk tilnærming til romanen. Vurderingsnivået i meldinga er såleis lågt. Birkeland set den nye romanen inn i kontekst av forfattarskapet, og går deretter til det sjangeroverskridande ved romanen: "[...] romanen sjølv har fått ei ny form, som synes bryte ned gamle genre-grenser" (Birkeland 1966: 525). Dette kan ein sortere under originalitetsspørsmål og slik under det genetiske kriteriet. Eit lenger handlingsreferat blir etablert, før han slår fast at denne romanen er mellom dei mest vellukka hjå Vesaas: "Det spør om Vesaas nokon gong før har late desse kreftene spele jamnare, og i eit finare avstemt spel" (533). Det genetiske kriteriet ligg til grunn for denne merknaden. Det språkpolitiske mandatet til *SoS* er her ivareteke ved at den melde boka er på nynorsk, i tillegg til at meldinga, igjen, løftar fram Tarjei Vesaas ein av dei største nynorske diktarane i tida.

1967: Jo Ørjasæter melder novellesamlingar i samleartikkelen "Ny novellekunst i frambrøt". Alle dei 7 omtala bøkene er på bokmål. Alle frå andre forlag enn Samlaget.

Ørjasæter er journalist, litteraturkritikar og sakprosaforfattar. Her tek han særleg for seg framveksten av norske novellistar. Meldinga er på fem sider, og opnar med ein tilstandsrapport for norsk litteratur. Skal ein tru Ørjasæter teiknar det føregåande året seg som eit særleg godt år, som han meiner kan bli ståande som "eit litterært merkeår i Noreg." Meldinga er ei samlemelding av 7 novellesamlingar. Berre korte omtalar av kvar av bøkene er med, men Ørjasæter vurderer bøkene til eit visst mon. Om Bjørg Vik si samling seier han at "[...] enda sterkare enn keisemda og disharmonien hos desse kvinnen merkar ein varmen hos forfatarina, hennar uhysteriske innleving og medleving, som gjer novellene hennar til meir enn avspesling av ei stemmning i tida" (Ørjasæter 1967: 289). Her ligg det estetiske kriteriet intensitet til grunn for vurderinga. I omtalen av Kjell Askildsen ligg det genetiske kriteriet under for vurderinga: "Askildsen syner ei evne til å registrere det uregistrerbare i barnesinnet som kan minne om Johan Borgen". (288). I tillegg til det genetiske registrerer vi det estetiske kriteriet integritet: "[...] altfor ofte blir halvgode innfall

stående side om side med dei vellukka og svekkjer inntrykket” (287). Overordna er det lite plass til uttømande vurdering av kvar og ei av bøkene. Noko språkpolitisk orientering finn ein ikkje i meldinga, og alle dei omtala bøkene er bokmålsbøker.

1968: Odd Martin Mæland melder norsk lyrikk anno 1967 i ”Norsk lyrikk 1967, språk og handling”. To av dei melde diktsamlingane er på nynorsk, ein er på bokmål. To av bøkene er utgjevne hjå Det Norske Samlaget.

Magister Odd Martin Mæland set her lyrikken frå fjoråret under lupa for å kunne utleie nokre tendensar i tida. Meldinga er på heile 13 sider, og Mæland trekkjer fram særleg tre diktsamlingar som lovande: Paal Helge Hauges *På botnen av ein mørk sommar* (Det Norske Samlaget), Stein Mehrens *Vinden Runer* (Aschehoug) og Arnljot Eggens *Roller og røynd* (Det Norske Samlaget).

Mæland meiner at den norske 60-talslyrikken blir stadig meir politisert: ”Diktarane vil noko som gjeld vår borgarlege kvardag, dei går aktivt inn i si samtid: dikting er handling” (Mæland 1968: 259). Han meiner likevel at det ikkje er nok at poesien skal vere politisk, den må samstundes vere fullverdig kunst: ”[...] eit Vietnam-dikt må vere noko anna enn ein avisartikkel: eit politiserande dikt må òg rettferdiggjere seg som kunst” (259). Her kjem kunstsynet til Mæland til syne, og dette er avgjerande for kva diktsamlingar han vel å omtale. Han omtalar dei fleste diktsamlingane frå 1967 som ”heiderlege forsøk”, men trekkjer fram dei nemnde diktsamlingane som ”dei mest spennande og kraftfulle i siste års bokhaust” (260). Her ligg det estetiske krieriet intensitet til grunn for vurderinga. Mæland finn fleire fellestrekk mellom samlingane som gjer desse tre bøkene særskild gode: ”Diktarane ”poetiserer” ikkje kvardagen, angsten, meiningsløysa, gleda og draumen om lukke, men held dette fast som konkrete røynsler,” (260). Her ser vi korleis Mæland sitt kunstsyn er avgjerande for kva som er god dikting eller ikkje. Han rettar i tråd med dette kritikk mot den såkalla ”Vietnam-diktinga”, og meiner at dei tre diktsamlingane er meir vellukka politisk i si ”røynslenære og konkrete” tilnærming til det som hender i verda. Han trekkjer òg fram korleis Arnljot Eggen verken ”diktar verda eller diktar om verda, men diktar *i* verda” (270). I denne meldinga ser vi korleis ein kritikar kan legge eit særskilt kunstsyn til grunn for sin kritikk. Kunstsynet til Mæland utgjer ei overlapping av det moralsk/politiske kriteriet og dei estetiske kriterier, der dei ulike kriterier ikkje kan skiljast frå kvarandre. Det språkpolitiske kjem hovudsakleg til uttrykk gjennom utvalet av bøker. To nynorske diktsamlingar er melde, men vi legg ikkje merke til at målføringa er eit tema.

1969: Hermund Slaattelid melder romanen *Brodermordere* av Niko Kazantzakis (Aschehoug). Omsett til bokmål av Bjarte Kaldhol.

Lektor og formidlar av latinsk kultur, Hermund Slaattelid, melder her ein roman av greske Niko Kazantzakis som er omsett til norsk (bokmål). Meldinga er på fem sider. Slaattelid tek til med ei orientering om den pågåande debatten om politikk og litteratur. Han pensar deretter inn på romanen av Kazantaziakis, som han meiner er så altfor aktuell nett no:

Kazantzakis skildrar her eit Hellas som er kløyd og sundersprengt i indre strid, og han viser bakgrunnen for borgarkrigen, undertrykkjning og utnytting av folkemassane, korrupsjon og dugløyse hos leiarane (Slaattelid 1969: 138).

Slaattelid opnar slik opp for det politiske i litteraturkritikken. Han meiner likevel at "*Brodermordere*" ikkje først og fremst er ei bok om krigen: "Det han eigentleg skriv om, er møtet med krigen – korleis det desse menneska opplever, gir dei nye røynsler og ny innsikt" (139). Her kan ein identifisere det moralsk/politiske kriteriet.

Storparten av meldinga er handlingsreferat, og vurderingsnivået er såleis lågt. Overordna må ein nok seie at det er det moralsk/politiske kriteriet som dominerer. Meldinga tek ikkje eigentleg stilling til om boka er god eller ikkje, den fastslår berre at boka er viktig. Noko språkpolitisk orientering finn ein ikkje i meldinga.

### **Meldingar av sakprosa**

1965: Rolf Thesen melder boka *Då som nu* av den svenske litteraturhistorikaren Hans O. Granlid. Boka er på svensk.

Dr. Rolf Thesen er ein norsk litteraturkritikar og statsstipendiat. Som kritikar og spaltist er han knytt til Arbeiderbladet, og var i 1946 med på skipinga av Norsk litteraturkritikerlag. Her er det ei svensk sakprosa-bok om den historiske romanen som blir undersøkt. Overordna er det lite vurdering av sjølve boka, og storparten av den 10 sider lange meldinga tek for seg argumentasjonen til forfattaren og saka generelt. Det primære målet med meldinga er tilsynelatande å gjere greie for viktige synspunkt i boka. Avslutningsvis omtalar Thesen verket som "lærd og lærerikt", og han etterlyser eit liknande verk på norsk. Interessant er det likevel å legge merke til korleis nynorsken smyg seg inn i utgreiinga. Dette gjeld til dømes diskusjonen kring Sigrid Undset sitt språk i *Kristin Lavransdatter*. Thesen noterer seg at svensken bemerkar at Undset med fordel kunne brukt det nynorske skriftspråket. Såleis framstår verket som noko "nynorskfremjande" (Thesen 1965: 436). Utan at ein skal leggje for mykje i denne observasjonen, kan det tenkjast at dette standpunktet har vore ein medverkande faktor til at nettopp dette verket vart meldt i tidsskriftet.

1968: Thorleif Skjævesland melder Carl-Eric Nordberg sin Sandemose-biograf. *Sandemose. En biografi* (Aschehoug) Boka er omsett til bokmål av Petter Larsen.

Byggingeniøren Skjævesland melder her ein biografi om ein mann han sjølv hadde god kjennskap til: Aksel Sandemose. Infiltrert i den 9 sider lange meldinga er det difor personlege anekdoter om minner frå hans møter med forfattaren. Innleiingsvis gjer Skjævesland opp status for bøkene som har vore skrive om Sandemose. Dei er tre i talet, men kritikaren meiner at Nordberg si bok er den ”første verkelege biografien” (Skjævesland 1968: 445). Tidleg i meldinga feller Skjævesland ein positiv dom over boka som både ”velskriven” og ”spennande”. Sidan kjem innvendingane mot framstillinga: utelatinga av Sandemose sitt første ekteskap, språket i sitata frå Sandemose sine verk, samt nokre ukorrekte årstal. Konklusjonen er likevel positiv: ”Eg synes Nordberg har unngått å skildre myten. Han har makta syne fram mennesket som alltid var søkjande og uroleg” (453). Boka har inga tydeleg kopling til målrørsla, då Sandemose skreiv sine bøker på riksmål, og såleis har ikkje meldinga av boka nokon overordna funksjon for målrørsla.

1969: Johan I. Holm melder *Den amerikanske utfordring* av Jean-Jacques Servan-Schreiber (Gyldendal Norsk Forlag). Boka er omsett til bokmål.

Lektor og siviløkonom Johan I. Holm tek i dette ”kritiske diskusjonsinnlegget” for seg ei bok som har ”vore så mykje framme i den offentlege debatten at ei utførleg gjennomgåing av hovudtesane skulle vere uturvande” (Holm 1969: 490). Meldinga er på seks sider. Hovudstandpunktet er at boka er ”merkantilistisk i sjølve utgangspunktet, og kritiserer tankegangen frå liberalistisk synsstad” (490). Holm er sterkt kritisk til boka: ”Servan-Schreiber ser vonene for Frankrike og Europa i at venstre-partia sigrar i fransk politikk. [...] Fransk venstre gjev voner – kva slags historievurdering er dette?” (492). Det primære er saka som boka tek opp til diskusjon, haldningane og meiningane til forfattaren. Meldinga tek ikkje stilling til om boka er god eller ikkje, men Holm går inn i ein fagkritisk debatt om tematikken. Overordna har denne boka verken noka tydeleg kopling eller funksjon for målrørsla.

### **Oppsummering av meldingane i SoS i perioden 1965 til 1969**

Felles for meldingane av skjønnlitteratur i perioden er overordna eit noko lågt vurderingsnivå, men også ei samling om det estetiske kriteriet intensitet. Jamt over er vekting av intensitet til stades i meldingane, gjerne i kombinasjon med det estetiske kriteriet

integritet. Andre kriterium er òg i sving, då genetisk og moralsk/politisk, men i mindre grad enn dei estetiske. Det ser såleis ut til at det er ei stor semje om at intensitet og integritet er utløysande faktorar for litterær kvalitet. Det er merkbart korleis det politiske kriteriet blir viktig i meldingane heilt på tampen av perioden. Dette kan ein nok sjå som ei innvarsling for det som skjer på 70-talet, med tiltakande samfunnsengasjement og krav om politisk litteratur. Vidare er det språkpolitiske i svært liten grad vekta inn i diskusjonen.

Felles for meldingane av sakprosa er at det er påfallande få koplingar til målrørsla. Bøkene som er melde har såleis ingen openberr funksjon for målsaka. Vurderingsniåvet i meldingane er overordna lågt, med ønskjer om å kaste lys over sakene i mindre grad enn å vurdere boka.

#### **4.1.9 1970 til 1974**

**Om utvalet:** Utvalet består av fem meldingar av skjønnlitteratur og fem av sakprosa. I dette utvalet er 7 nynorske bøker melde mot 9 bøker på bokmål, og 3 bøker på begge målformene. Dette kan ein seie at er noko skeivt sett opp mot bokmålsdominansen i denne perioden, med totalt 157 melde bokmålsbøker mot 47 nynorskbøker, men då det er av særleg interesse å sjå på korleis dei nynorske bøkene blir melde har vi innlemma meldingar av nynorske bøker. Vi har merka oss ein nynorskdominans i skjønnlitteraturen i denne perioden, då seks av dei til saman åtte bokmeldingane er av nynorskbøker. I utvalet av skjønnlitteratur er fire av fem av dei melde bøkene på nynorsk.

Samla er 94 av kritikarane i denne perioden menn, medan 19 er kvinner. I utvalet er ei av fem kritikarar kvinner, og såleis er utvalet representativt. Kritikarane er stort sett akademikarar. *SoS* hadde ei nysatsing på litteraturkritikk på 70-talet, ved å lansere spalta ”Sak og debatt”. Særleg tydeleg kjem dette fram når ein samanliknar talet på bokmeldingar i 1969 og 1970, då førstnemnde årgang inneheldt tre bokmeldingar, medan talet var 44 i 1970. Det er registrert heile 116 bokmeldingar i denne femårsperioden. I utvalet er tre av dei melde bøkene er utgjevne på Samlaget, medan 178 er utgjevne på andre forlag. Dette er i samsvar med det overordna talet, der 26 bøker er på Samlaget mot 178 på andre forlag. I denne perioden er det til saman åtte bokmeldingar av skjønnlitterære bøker. To av desse føre seg bøker skrive på bokmål, medan seks er skrive på nynorsk.

#### **Meldingar av skjønnlitteratur**



1970: Knut Johansen melder *Marionettar* (Gyldendal Norsk Forlag) av tor Obrestad. Nynorsk.

Romanen er vurdert av Knut Johansen og Asbjørn Aarseth <sup>3</sup>, før forfattern sjølv får kome kritikken i møte. Her skal vi ta for oss førstnemnde sin kritikk av romanen. På 1970-talet var Kurt Johansen aktiv i ml-rørsla og redaktør i Oktober forlag. Bokmeldinga er på 11 sider, og Johansen kjem med nokre spørsmål som er avgjerande for lesinga: ”Kva slags bøker er det mogleg å skrive i dag, kva slags bøker bør og kan radikale forfattarar skrive i dag?” (Johansen 1970: 61). Ordet ”bør” viser til at radikale forfattarar nærast har ei plikt til å skrive ein viss type bøker, og kritikaren har altså stempla Obrestad som ein ”radikal” forfattar. Kritikaren skriv generelt om den radikale og samfunnskritiske forfattern. Johansen argumenterer for at tittelen på boka slik legg opp til ein politisk lesnad, men han meiner at forfattern ikkje følgjer opp. I staden uttrykkjer romanen ”individualmorske klagemål mot den manglande viljen hos einskildmenneska” (67).

Ei anna innvending er at ein av dei marxiske personane tek i bruk den tidlegare Marx. Slik gjengir Obrestad ein utdatert versjon, noko som viser til det kognitive kriteriet, nemleg kunnskapstilfanget. Johansen påpeiker at forfattern ikkje nødvendigvis gjengir sine egne haldningar, men at ”andre ting i romanen peikar i same lei” (69). Dermed reknar han likevel kritikken som gyldig. Kritikaren kjem med innvendingar til sjangeren: ’Genre-nemninga ”roman” på tittelbladet er for så vidt paradoksal, men ymtar ved noko i den lei at alt dette verkeleg heng i hop’ (64). Han kritiserer romanen for ikkje å vere ”heil” (64). Kriteriet om integritet, som går på den tekstlege heilskapen, ligg til grunn for denne vurderinga. Forma er problematisk då ho ”gjer samfunnskritikk umogleg”, og ein ikkje kan ”endre det ein ikkje kan gripe!” (70). Ifølgje kritikaren burde altså boka føre til samfunnsending. Kritikaren etterlyser ”større kunnskap” frå forfattern om samfunnsforma han kritiserer, og dermed spelar det kognitive kriteriet inn. Romanen har likevel ”sin verdi”, sidan den kan fungere ”som eit ledd i eit slik arbeid” (71). Det politiske kriteriet vektar inn, då Johansen fremjar romanen som viktig. Dette er dominerande i kritikken. Ved å melde Obrestad fremjar *SoS* ein sentral nynorskforfattar, og såleis er den språkpolitiske funksjonen til tidsskriftet teken vare på.

---

<sup>3</sup> Eirik Vassenden syner korleis dei to kritikarane har ulik lesnad av boka: ”Mot Knut Johansens marxistiske doktrine hadde *Syn og Segn*-redaktørane henta inn Asbjørn Aarseth sin meir akademiske, rasjonelle og ikkje minst *litterære* lese måte” (Vassenden 2016: ). Formålet med den doble kritikken er altså å syne fleire tilnæringsmåtar.

1971: Sigurd Aa. Arnes melder *Det evige sekund* (Gyldendal Norsk Forlag) av Alfred Hauge. Nynorsk.

Diktsamlinga er meld av Sigurd Aa. Arnes og Odd Martin Mæland. Her skal vi sjå nærare på førstnemnde kritikar, litteraturhistorikar Sigurd Aa. Arnes. Bokmeldinga er på sju sider. Kritikaren meiner boka ”spelar i så mange toneartar” (Arnes 1971: 373), noko som viser til det estetiske kriteriet kompleksitet. Det er ”mykje kunnskap om menneskelivet” (373), der det kognitive kriteriet ligg til grunn for vurderinga. Arnes påpeiker at temaet, ”tidsomgrepet”, også kjem fram i sjølve komposisjonen. Her ligg det estetiske kriteriet integritet til grunn for vurderinga, altså ”rammen” eller ”komposisjonen” (Andersen 1987: 23). Forfattaren tek i bruk ”heksaameron” (374), og med tanke på dette meiner kritikaren at det er overraskande ”kor frisk og ukonvensjonell” diktsamlinga verkar (376). Her tek kritikaren i bruk det genetiske kriteriet.

Det som ifølgje kritikaren kjenneteiknar forfattaren, "er at han kan finne uttrykk for si oppleving som er så intense og autentiske at versa hans vedkjem oss, sjølv om trua hans ikkje gjer det" (378). Kritikaren set såleis likskapsteikn mellom diktaren og det lyriske eg-et. Her tek Arnes i bruk det estetiske kriteriet intensitet, som går ut på å engasjere lesaren. Det språkpolitiske mandatet til tidsskriftet er her stadfesta ved at den melde boka er skrive på nynorsk.

1972: Espen Haavardsholm melder *Anna Lena* (Det Norske Samlaget) av Edvard Hoem. Nynorsk.

Johs. A. Dale og Espen Haavardsholm melder romanen, og vi skal ta føre oss Haavardsholm si bokmelding, som er på fem sider. Haavardsholm var på dette tidspunktet forfattar, litteraturkritikar og redaksjonsmedlem i tidsskriftet Profil. Han meiner litteraturen si oppgåve ved inngangen av 1970-talet er av ”offensiv art” (Haavardsholm 1972: 95). Ein konkret konflikt er årsaka til dette, nemleg ”trugsmålet om norsk medlemskap i EEC” (95). Kritikaren kjem med ein påstand om at språket i litteraturen har endra seg frå den lyriske etterkrigsdiktinga, då forfattarane nytta eit metaforisk språk, medan dei på 70-talet ikkje ville dekkje til språket. ”Han vil oppnå noko konkret med det han fortel” (96), slår kritikaren fast.

Haavardsholm kommenterer at heilskapen ikkje er godt nok utvikla: "den elegante detaljen langt meir utvikla enn synet på heilskapen" (98). Det er ”heilskapskriteriet” integritet som ligg til grunn for denne vurderinga. Likevel meiner han at romanen vil ha innverknad for ”utviklinga av ein sosialrealistisk prosa” (99). Det politiske kriteriet ligg til grunn for denne

påstanden, sidan romanen då kjem til å spele ei viktig rolle. Kritikaren meiner likevel at romanen ikkje er ”epokegjerande i seg sjølv”, og at den ikkje kjem til å vere noko gjennombrøt for forfattaren (100). Han plasserer altså romanen i ein litteraturhistorisk samanheng, men meiner den ikkje er nyskapande. Her tek kritikaren i bruk det genetiske kriteriet. Det språkpolitiske mandatet til tidsskriftet er ivareteke ved at den melde boka er på nynorsk.

1973: Inge Lønning melder *Logos* (Gyldendal Norsk Forlag) av Finn Bjørnseth. Bokmål. Diktsamlinga er meld av Inge Lønning, professor i systematisk teologi. Bokmeldinga er på åtte sider. Kritikaren skriv at forfattaren tek i bruk logos-omgrepet for å uttrykkje korleis ”den som har opplevd kjærleiken, må dela det han har opplevd, med andre, men veit at ord ikkje kan få det fullgodt fram” (Lønning 1973: 226). Lønning meiner at logos-omgrepet ikkje eignar seg for å snakke om medmenneskeleg kommunikasjon. Det kognitive kriteriet, som går på kunnskapstilfanget i verket, ligg til grunn for vurderinga. Vidare skriv han at forfattaren ”gjev seg poesien i vald med den budskapet han har å bera”, før han legg fram eit sitat henta frå diktsamlinga (226). Det genetiske kriteriet ligg til grunn for denne vurderinga, som går på intensjonen bak verket. Her forklarar han ikkje korleis sitatet fører til dette, men legg opp til at lesaren sjølv skal forstå samanhengen.

Avslutningsvis kjem kritikaren med dei positive sidene: ”Det er eit perspektiv Finn Bjørnseth kjenner vèl – og finn mange og betre uttrykk for enn dei fleste klassiske” (230). Her nyttar han først det kognitive kriteriet, når han skriv at forfattaren kjenner stoffet, og det genetiske kriteriet, når han skriv at forfattaren uttrykkjer perspektivet betre enn dei fleste klassiske. Kritikaren meiner forfattaren sine referansar til Bibelen er vellukka, då han kallar den ”funksjonell”, og han meiner at mange lesarar ikkje vil ”hefte seg ved” den (230). Noko språkpolitisk orientering finn ein ikkje i meldinga, og den melde boka er på bokmål.

1974: Kjartan Fløgstad melder *Til ord skal du bli* (Det Norske Samlaget) av Åse-Marie Nesse. Nynorsk.

Kjartan Fløgstad er sjølv forfattar og bokmeldinga er på seks sider. Fløgstad gav sjølv ut bøker på 70-talet som vitnar om eit marxistisk grunnsyn. Kritikaren stiller spørsmålet: ”Skal ein diktar politisera eller poetisere?” (Fløgstad 1974: 81), og svarar raskt at Nesse gjer sistnemnde. Fløgstad fremjar forfattaren som ein som er ”flink med ord”, men skriv likevel: ”Meg seier ho ingenting nytt” (84). Han tek i bruk det genetiske kriteriet, som går på

originalitetsspørsmålet. Her viser han til at Nesse held seg til det uforandrelege motsetnadsparet "Liv" og "Død". Fløgstad argumenterer for at det finst viktigare motsetnader, nemleg "dei samfunnsmessige motsetningane" (85). Dermed er vi attende ved spørsmålet: "Skal ein diktar politisera eller poetisere?". Fløgstad representerer her eit litteratursyn der poesien skal vere politisk, og ikkje autonom. Om Nesse skriv han: "Ho er med og isolere poesien frå verda", noko som vektar negativt inn, og han konkluderer slik: "I den poetiske verda ho skaper, renn ringen i hop. Blir ein fullkomme geometrisk sirkel. Og like tom inni" (85). Kriteriet som ligg til grunn for denne vurderinga er det estetiske kriteriet kompleksitet, då han viser til at dikta ikkje har fleire lag. Det politiske kriteriet er dominerande, Fløgstad etterlyser at dikting skal vere viktig. Det kan verke som ei usemje om kva oppgåva til litteraturen er, ligg til grunn for vurderinga. Det språkpolitiske mandatet til SoS er ivareteke ved at den melde boka er på nynorsk.

### **Meldingar av sakprosa**

1970: Bjarte Birkeland melder *Hovedlinjer i Tarjei Vesaas' dikting. Å sanse det slik det er* (Universitetsforlaget) av Kenneth G. Chapman. Bokmål.

Bokmeldinga er på to sider. Professor i nordisk litteratur, Bjarte Birkeland, meiner at det beste er at forfattaren viser samanhengen mellom form og innhald i Vesaas sine tekstar (Birkeland 1970: 175). Boka vender seg både til Vesaas-lesarar og til den vanlege lesaren (175). Kritikaren vektar det som positivt at boka har ei stor målgruppe. Han meiner likevel at dette også er veikskapen til boka, at lesarar som ikkje allereie har kjennskap til Vesaas, moglegvis ikkje vil forstå kor stor diktar han er (175). Ifølgje kritikaren evnar ikkje forfattaren å overbevise lesaren om det han sjølv er overbevist om. Den melde boka fungerer her som ei stadfesting av autoriteten og posisjonen til Tarjei Vesaas. Birkeland legg vekt på at boka har potensial til å nå ut til både nye og gamle lesarar av Vesaas. Boka kan slik bidra til å fremje nynorsk litteratur, sjølv om den er skriva på bokmål.

1971: Per Bjørn Foros melder *Å møte elever* (Det Norske Samlaget) av Carl-Gustaf Hilling. Boka er omsett til nynorsk.

Pedagog Per Bjørn Foros melder *Å møte elever* (omsett frå svensk til nynorsk av Leiv Fetveit). Bokmeldinga er på underkant av ei side. Foros tek til med å påpeike at det i boka ikkje finst "fnugg av politisk eller pedagogisk radikalisme", og han konkluderer difor slik: "I så måte kunne ho godt ha vore kvit" (Foros 1971: 60). Her er det undertittelen til boka han har i tankane, "Den vesle raude boka for lærarar og foreldre". Undertittelen har gitt kritikaren

forventningar som ikkje innfrir. Likevel rosar han forfattaren for dei konkrete døma han kjem med, og meiner at boka er ”verdiful” for unge lærarar eller lærarstudentar (60). Foros vurderer altså boka og forfattaren si evne til å føre lesaren inn i boka, samstundes som han syner kven som er målgruppa. Kritikaren gir konkrete døme, samstundes som han presenterer forfattaren sitt overordna syn: ”Syntesen er eit slag pedagogisk/moralsk ’opprustning’ som vil få bukt med alle problem i skolen” (60). Dette synest han er litt enkelt, og omtalar det som ”den kolossale optimismen” (60).

Foros kjem også med ein kommentar til sjølve omsetjinga. Han meiner omsetjaren har teke i bruk ”eit lett og moderne nynorsk. Men eg liker ikkje ”fullkomenskap!” (60). Han legg dette fram som positivt, men kommenterer ikkje språket ut over dette. Bokmeldinga har ikkje nokon direkte språkpolitisk funksjon. Det at boka blir vurdert i *SoS* seier likevel noko om kven lesarane av tidsskriftet var på 70-talet, då mange av abonnentane var nettopp studentar.

1972: Åse Hiorth Lervik melder *Kjønnsroller, miljø og sosial lagdeling i barnelitteraturen* av Kari Skjøsberg (Universitetsforlaget). *Hva bråker de for* av Aase Bang (red.), (Pax Forlag). *Könsdiskriminering förr och nu* av Karin Westman Berg (red.). *Den kvinnelige evnukk* av Germaine Greer, (Gyldendal Norsk Forlag) og det danske tidsskriftet *Kritikk 22*. Dei norske bøkene er skrivne på bokmål.

Litteraturforskar Åse Hiorth Lervik har i ”Sak og debatt” meld fire bøker og eit tidsskrift om feminisme. Det er altså ei samlemelding på seks sider. Mest plass gir Lervik til Skjøsberg si bok, som tek føre seg kjønnsroller i barnelitteraturen. Lervik legg fram funna i boka, som ho meiner ikkje er banebrytande. Eit funn som likevel er overraskande, er at jenterolla i barnelitteraturen er meir nyansert enn guterolla. Kritikaren etterlyser ein årsakssamanheng, og kjem sjølv med nokre forslag til forklaringar.

Det som går att i Lervik si vurdering, er at ho meiner bøkene er for private. Her viser ho til motsetnadparet ”privat” og ”allmenngyldig”, der sistnemnde blir vekta positivt. Den kvinnelige evnukk er ei av bøkene ho meiner blir for privat, og den ”blir i liten grad sett inn i ein samfunnsøkonomisk samanheng” (Lervik 1972: 442). Om den norske antologien *Hva bråker de for?* skriv Lervik at ”ikkje alle maktar å setje opplevinga av eigen situasjon inn i ein samfunnssamanheng. Men også det halvgode kan verke sterkt ved å vere ekte” (442). Det kan verke som Lervik meiner at personleg engasjement likevel kan fungere som erstatning for manglande kvalitet. Om den svenske antologien *Könsdiskriminering förr och nu* skriv ho: ”Sakleg orientering og grundig dokumentasjon øydelegg ikkje inntrykket av sterkt engasjement (...)” (440). Slik fremjar ho det faktabaserte. I vurderinga av *Kritikk 22* etterlyser ho ”ei drøfting av tilhøvet mellom det individuelle og det typiske” (443).

Lervik avsluttar med å påpeike at bøkene viser eit mangfald i dette feltet, men at ”dei syner òg mykje uklårheit, overdriving, uferdige tankar og altfor private slutningar” (443). Bokmeldinga bidreg ikkje til den språkpolitiske funksjonen til tidsskriftet, då begge bøkene er skriva på bokmål. Den stadfestar i større grad den samfunnskritiske funksjonen som tidsskriftet fekk på 70-talet, då det tok del i radikaliseringa av samfunnet.

1973: Jarle Simensen melder *Økonomi og samfunn* av Kåre Lunden (Universitetsforlaget), *Nytt perspektiv på økonomisk historie* og *Økonomi og historie* av Jon Elster, og *Den fattige verdens politiske økonomi* av Conrad Schuhler. Dei tre siste bøkene er utgjevne på Pax Forlag. Den første boka er skriva på nynorsk, dei andre på bokmål.

Historikar Jarle Simensen melder fire bøker over fire sider, under overskrifta ”Økonomisk historie og marxisme”. Kritikaren opnar med nokre generelle observasjonar av kva posisjon økonomisk historie har i Noreg. Kritikaren presenterer forfattaren av *Økonomi og samfunn* kort, før han allereie i andre setning konkluderer med at boka er ”uvanleg stimulerande lesnad” (Simensen 1973: 251), men utan å grunngje si vurdering. Deretter gir kritikaren ei nokså lang utgreiing om kva boka tek føre seg, før han igjen kjem med ei innvending om at ”Lunden har lett for å kategoriske formuleringar og stiller seg nok stundom lagleg til for hogg” (251). For lesaren er det vanskeleg å knytte denne innvendinga til fakta, då kritikaren ikkje kjem med døme.

Simensen tek sidan føre seg bøkene skriva av Jon Elster. Kritikaren meiner framstillinga av Marx er på ”eit uvanleg høgt nivå” (252), og avsluttar med å stille nokre overordna spørsmål som tyder på at boka har ført til ny innsikt: ”I så fall kan ein spørje kva det blir att å kalle marxisme” (252). Det politiske er viktig i vurderinga. *Økonomi og historie* er ikkje kritikaren fullt så positiv til. Han meiner at det er ein veikskap at boka har uklår målgruppe, då den ikkje er ”heilt god popularisering”, og ”som faghistorisk framstilling blir drøftingane hengande noko i lufta utan konkret underbygging” (252).

Kritikaren gjengir budskapet i Conrad Schuhler si bok, og kjem så med ei innvending: ”Det uinteressante ved Schuhlers bok er at påstanden blir deklamert på ein så kategorisk måte at det blir lite rom for vitskapleg problemdrøfting” (253). Boka bidreg dermed ikkje til vidare diskusjon, noko kritikaren meiner den burde. Boka er omsett til norsk, og avslutningsvis vender kritikaren seg direkte til Pax Forlag når han kritiserer omsetjing som er ”med å øydelegge det politiske språket vårt” (253). Her gir han fleire døme på formuleringar han meiner ikkje held mål. Kritikaren vurderer altså språket (bokmål), men legg berre vekt på at omsetjinga gjer at den politiske budskapet ikkje når fram. Dei melde

bøkene har ikkje nokon framståande språkpolitisk funksjon, sjølv om ei av dei melde bøkene er på nynorsk.

1974: Bjarne Fidjestøl melder artikkelsamlingane *Målstrid er klassekamp* (Pax Forlag), *Ny målstrid* (Forlaget Novus), og fire bøker: *Språksosiologi* av Jan Engh (m. fl) (Universitetsforlaget), *Språk er makt* av Rolv Mikkel Blaker (Pax Forlag), *Målbryting i Hedrum 30 år etter* av Anders Steinsholt (Universitetsforlaget), *Språk, tanke og kommunikasjon* av Ragnar Rommetveit (Universitetsforlaget). Artikkelsamlingane er på begge målformene. Den første boka er på bokmål, den andre på nynorsk, tredje boka er på bokmål, medan den fjerde boka er skriva på begge målformer.

Bjarne Fidjestøl var redaktør i *SoS* 1969–73, og stipendiat i norrøn filologi ved UiO 1969–75. Bokmeldinga har overskrifta ”Kva nytt frå målfronten?”, og er på seks sider. Fidjestøl opnar med å greie ut om sin eigen bakgrunn i mållaget. Han tok del i Studentmållaget i Oslo på 50-60-talet, og då ”var det vanskeleg å tru på språkfred. Vi tykte måldyrking var viktigare enn målstrid (...)” (Fidjestøl 1974: 249). Ifølgje Fidjestøl blir dette tidsrommet i ettertid sett på som ”ein mørkare alder då nynorsken gjekk tilbake” (250), og han meiner målrørsla er blitt meir oppteken av ”måldyrking”.

Målstrid er klassekamp er ei samling artiklar frå 20- og 30-talet. Kritikaren viser til ein artikkel av Hans Vogt, som stod for ei sameining av politisk målreising og moderne språkvitskap, eit syn kritikaren omtalar som ”slåande moderne og perspektivrikt” (250). Fidjestøl nyttar om lag ei halv side til eit sitat frå denne artikkelen. Han viser til forordet i boka *Språksosiologi*, der redaktøren kjem med ein påstand om at språksosiologi ”synest å være nærmest ukjent for svært mange som studerer språkfag (...)” (251). Fidjestøl opplever at tradisjonane i faget her er gløymde, og han spør om det kan ha samanheng med at faget ”ikkje kom til å følgje det politiske hovudsporet” (251). Han tek så føre seg ein artikkel av Vinje, henta frå *Ny målstrid*. Ifølgje Fidjestøl tek ikkje forfattaren omsyn til den politiske sida, då han ser samfunnet som noko teknisk og målsetjinga som gitt.

Kritikaren tek i bruk bøkene, og då særleg fororda, for å vise fleire standpunkt, men gir ikkje eit heilskapleg inntrykk av bøkene. Bokmeldinga er farga av kritikaren sitt eige standpunkt. Han avsluttar med å rose boka *Språk, tanke og kommunikasjon*, som har eit ”uvanleg harmonisk forhold mellom teori og praksis”, før han konkluderer med at ”Det same kan ein diverre ikkje seie om alle dei bøkene eg har omtala her” (254). Dette illustrerer han med eit sitat ”frå ein av dei nyare artiklane”, utan å avsløre kva artikkel han viser til:

Når dei skriv dette fantespråket, er det fordi dei vil bruke i dagens strid dei våpen som er smidde i vitskapens verkstad, og det gjer dei rett i, men væpnar ein seg for tungt, kan ein kome i fare for å snåve i si eiga rustning (254).

Kritikken er ikkje konkret, og det kan vere vanskeleg for lesaren å forstå kvifor kritikaren kallar det "fantespråk". Særleg bruken av metaforar, som å væpne seg, er veldig abstrakt. Slike bilete går igjen i bokmeldinga. Fidjestøl er svært oppteken av å formidle sitt synspunkt på saka, og kjem med direkte oppmodningar til lesarane. Det språkpolitiske arbeidet er tema for bokmeldinga, som har ein sterk språkpolitisk funksjon. Kritikaren er oppteken av å syne det han omtalar som "den politiske sida" av språkdebatten, og han vurderer i kva grad bøkene bidreg. Det språkpolitiske mandatet er ivareteke då temaet er nynorsk og målstrid.

### **Oppsummering av meldingane i *SoS* i perioden 1970 til 1974**

Felles for meldingane av både skjønnlitteratur og sakprosa er kravet om at litteraturen skal vere politisk og samfunnskritisk. Kritkarane vurderer om boka vil bidra til vidare debatt, og det er det venstreradikale synspunktet som blir fremja. Tidsskriftet kan altså seiast å ha ein radikal profil. Når det gjeld meldingane av skjønnlitteratur, framgår det tydeleg at sosialrealismen står sterkt. Bøkene bør ha påverknadskraft og vere viktige. Slik ser ein korleis det moralske/politiske kriteriet dominerer i kritikken. Det kognitive kriteriet er òg mykje nytta, då det blir lagt vekt på at bøkene skal formidle kunnskap. Blant dei estetiske kriteria er det intensitet som er oftast i bruk, då kritkarane er opptekne av at bøkene skal engasjere. Kritkarane spør seg ofte kva som er budskapet, og om budskapet når fram. Det genetiske kriteriet er òg nytta, gjerne gjennom intensjonsproblematikk.

Begge romanane i utvalet er melde av kritkarar som er uttalt radikale. Bøkene skal helst ha ein politisk budskap. Dette kjem fram allereie i korleis kritkarane tilnærmar seg boka då fleire av dei stiller spørsmål om kva litteraturen bør vere.

Kritkarane av sakprosa aktualiserer ofte bøkene ved å kome med generelle innføringar i tema. Dei nyttar mykje plass på å gjengi innhaldet i bøkene, og kjem ofte med innspel til fagdiskusjonen. Det er i stor grad politiske bøker som blir melde, noko som samsvarar med det politiske engasjementet som vaks fram på 70-talet.

I den grad den språkpolitiske funksjonen til tidsskriftet kjem til syne i kritikken er det ved at nynorske bøker er melde, sjølv om totaltbiletet er at det er bokmålsbøkene som dominerer. Det er ikkje tidsskriftet sitt språkpolitiske mandat som preger litteraturkritikken, men den radikale profilen. Dette kan sjåast i tråd med *SoS* sitt folkeopplysningsideal.



#### 4.1.10 1975 til 1979

**Om utvalet:** Bokmeldingane i dette utvalet tek for seg totalt 5 nynorske bøker og 9 bøker på bokmål (ei av bøkene er på begge målformer). Utvalet er representativt for perioden, der bokmålsbøkene dominerer med 86 bokmålsbøker mot 21 nynorske. Det er ni mannlege kritikarar i utvalet og ei kvinne. Dette er i samsvar med det overordna biletet, der mennene framleis er i stort fleirtal. Ein legg merke til at kritikarane jamt over er akademikarar, og kritikarane av skjønnlitteratur er ofte litteraturvitarar. Sakprosa-kritikken er framleis å finne under spalta "Sak og debatt", og praksisen med doble meldingar av skjønnlitteratur held fram. I utvalet er to av dei melde bøkene utgjevne på Samlaget, og 11 er på andre forlag. Det samla talet for perioden er 10 bøker på nynorsk og 97 på bokmål.

#### Meldingar av skjønnlitteratur

1975: Idar Stegane melder *Kjærleiks ferjereiser* (Det Norske Samlaget) av Edvard Hoem. Nynorsk.

Boka blir meld av både Idar Stegane og Ivar Grimstad. Her skal vi ta føre oss Stegane si bokmelding, som er på ti sider. Stegane er litteraturforskar og blir av *SoS* presentert som "politisk venstrevridd" (Stegane 1975: 195). Fleire stader gjentek kritikaren det han meiner er budskapet i romanen: "Hoem vil vite og helst vise kvifor det går folk slik" (199). Stegane legg stor vekt på eit intervju der Hoem seier han vil vise at kvinner er økonomisk undertrykte, og at dei dermed har potensiale til å gjere oppgjær. Stegane meiner at Hoem er "best" nettopp når han skildrar kvinnene (198). Ei av dei kvinnelege karakterane er gravid og ønskjer å ta abort. Stegane meiner romanen ikkje får fram noko nytt i sjølve argumentasjonen for og imot abort, men at "problema kjennest likevel langt meir nærverande når vi opplever dei gjennom denne jenta (...)" (200). Denne vurderinga er basert på det estetiske kriteriet intensitet, som er boka si evne til lesarengasjement. Samstundes er det politiske kriteriet avgjerande, då kritikaren fremjar ein litteratur som syner dei undertrykte kvinnene.

Romanen avsluttar med EU-motstanden fram mot folkerøystinga i 1972, der folket gir opp sosialdemokratiet og melder seg inn i SV. Stegane meiner at Hoem nok hadde føretrakt ein framvekst av AKP, men "han er klok nok til å ikkje hevde det som ikkje har hendt, og let romanen få ein open og truverdig utgang" (204). I vurderinga av romanen er det politiske kriteriet mest avgjerande, sidan kritikaren legg vekt på kva romanen kan fortelje oss om samfunnet, og at romanen på den måten spelar ei viktig rolle. Den språkpolitiske funksjonen til tidsskriftet er her ivareteke ved at den melde boka er på nynorsk, og skrive av ein sentral nynorskforfattar.

1976: Tore Linné Eriksen melder diktantologien *Til den rette vedkommande. Svart lyrikk frå Sør-Afrika* (Det Norske Samlaget), medverkande: Robert Royston. Boka er omsett til nynorsk.

I spalta "Sak og debatt" tek Tore Linné Eriksen, norsk historikar med hovudfag i Sør-Afrika, føre seg to sakprosabøker<sup>4</sup> og ein diktantologi. Bokmeldinga er på to og ei halv side, der bøkene er vidd like stor plass. Her skal vi sjå på vurderinga av den skjønnlitterære boka. Kritikaren meiner diktsamlinga kan lære lesaren om røynda, då ho "gjev eit treffande bilete av mange framherskande trekk ved det umenneskelege regimet" (Eriksen 1976: 189). Eriksen trekkjer fram statistikk som aktualiserer tema dikta tek opp. Det er altså ikkje kvaliteten ved dikta som skjønnlitteratur han vurderer, men dikta si evne til å dokumentere faktiske forhold. Det at den skjønnlitterære boka blir meld under "Sak og debatt", som vanlegvis er via til sakprosa, seier noko om fokuset på samfunnskritikk. Kritikaren tek ikkje stilling til målføringa i romanen, men den melde boka er på nynorsk, og såleis er det språkpolitiske mandatet til tidsskriftet ivareteke.

1977: Asbjørn Aarseth melder *Ord mot mørkret* (Gyldendal Norsk Forlag) av Sigmund Skard. Nynorsk.

Diktsamlinga blir meld av Asbjørn Aarseth og Alfred Hauge, og her skal vi ta føre oss litteraturvitaren Asbjørn Aarseth si melding. Bokmeldinga er på sju sider. Aarseth opnar med å framleggje ein poetikk: "Den som trur at "ein lyrikar er ein eksentrisk bohem som lever i ei innoverskodande, sjølvreflekterande fantastiverd", bør revurdere litteratursynet sitt. (Aarseth 1977: 194). Han følgjer opp ved å hevde at litteraturkritikken si oppgåve er å "gje velgrunna uttrykk for kva ein likar godt og kva ein likar mindre godt i det ein les" (195). Aarseth karakteriserer diktsamlinga som original og personleg: "(...) Lite lånegods i det veret han har signert. Han er trufast mot seg sjølv (...)" (196), noko som går på det genetiske kriteriet. Likevel meiner han at enkelte av dikta, som ikkje har "noko eigentleg lyrisk preg", blir "for tam, og for lite oppfinnsam til å slå lesaren" (196).

Ei innvending handlar om "synet på tilhøvet mellom lyrikarern og privatmennesket" (200), og at forfattaren Skard blir for tydeleg som "skrivar": "Men tru om ikkje dikta når lenger når dei får oss til å tenkje mindre på skrivaren og hans situasjon enn på det å vere menneske reint allment (...)" (200). Aarseth avsluttar bokmeldinga med å hevde at diktsamlinga ikkje gir nye innsikter, men at ho byggjer på "diktarens eigne røynsle" (200).

---

<sup>4</sup> Her har vi skilt ut den skjønnlitterære boka, medan sakprosabøkene er analysert under meldingar av sakprosa.

Den melde boka er på nynorsk, og såleis er det språkpolitiske mandatet til tidsskriftet ivareteke.

1978: Asgjerd Taksdal melder *Menn kan ikke voldtas* (Gyldendal Norsk Forlag) av Märta Tikkanen. Boka er omsett til bokmål.

Bokmeldinga er på åtte sider. Valdtekt er tema og her har forfattar og omsetjar, Asgjerd Taksdal, gitt plass til ei skjønnlitterær bok. I tillegg tek ho føre seg ei bok som inneheld alt frå dikt til foredragsmanuskript, og to sakprosabøker<sup>5</sup>. Taksdal opnar med ei forteljing frå røynda om ein prest som vart valdteken. Slik knyt ho den fiktive boka til røynda. Ho byrjar med å legge fram ein påstand om at romanen ”slår ein dugeleg kile i myten om den usårlege mannen (...)” (Taksdal 1978: 247). Kritikaren meiner altså at fiksjon kan bryte myter. Ho avsluttar med ei oppfordring om å lese romanen, som er ”mot den svarte bakgrunnen av vald, av konvensjonar, som vi alle treng læra å kjenne att der vi møter han” (248). Taksdal legg altså vekt på kva lesaren kan lære av romanen. Kritikaren kjem ikkje med vurdering av forfattaren, og heller ikkje sjangeren. Det kan verke som ho les den skjønnlitterære boka på lik linje med faglitteraturen. Dette seier noko om at skiljelinjene mellom sakprosa og skjønnlitteratur er porøse. Det er lagt vekt på den politiske budskapet, og det politiske kriteriet ligg til grunn for vurderinga. Målføringa i boka er ikkje eit tema for meldaren, og den melde boka er på bokmål og har såleis ikkje noko direkte kopling til den språkpolitiske funksjonen til tidsskriftet.

1979: Olav Hr. Rue melder *Natteritt* (Eide Forlag) av Melkior Pedersen. Boka er skriva på begge målformene.

Redaksjonssekretær i SoS, Olav Hr. Rue, er kritisk, og bokmeldinga er på to sider. Rue viser til boka Morgan Kane fra Norge av Louis Masterson/Kjell Hallbing, då *Natteritt* legg seg tett opp til Morgan Kane-bøkene. Rue meiner nøkkelen til forfattaren sine intensjonar er å finne i denne boka, at Morgan Kane-bøkene ”ikke handler om USA i forrige århundre, men om Norge i dag” (Rue 1979: 383).

Kritikaren gjengir plottet, og syner korleis forfattaren tek i bruk litteraturhistoria: ”frå Edda til Kjartan Fløgstad” (382). Annankvart kapittel er på nynorsk, og sexscenene er konsekvent på nynorsk. Rue viser til korleis boka elles er teken imot, der Adresseavisa gjorde

---

<sup>5</sup> Her har vi skilt ut den skjønnlitterære boka, medan dei omtala sakprosabøkene er analysert for seg sjølv under meldingar av sakprosa.

eit "underleg nummer" ut av dette. Her siterer han forfattere, som vil vise at "man kan det på nynorsk også". Bruken av nynorsk gir "høve til forfattaretekniske finessar" (382). Dette kjem kritikaren tilbake til avslutningsvis når han skriv: "Vi har stadig for lite på nynorsk av 'dårlege bøker'" (383). Her er han rask med å påpeike at boka ikkje er dårleg, men at den har gitt ei påminning om at "man kan det på nynorsk også" (383). Rue legg altså stor vekt på målform, og er oppteken av korleis nynorsken er nytta. Såleis stadfestar bokmeldinga den språkpolitiske funksjonen til tidsskriftet.

### **Meldingar av sakprosa**

1975: Karstein M. Hansen melder *Arbeid og menneskeverd* (Gyldendal Norsk Forlag) av Anfinn Stigen. Bokmål.

Karstein M. Hansen er professor i teologi. Bokmeldinga er ein del av "Sak og debatt", og er på to sider. Boka tek føre seg filosofihistoria frå dei greske klassikarane til "vår tids" marxismedebatt. Hansen omtalar forfattere sitt forsvar for denne metoden, som "den interessante påstanden at så lenge vi kan følgja tenkinga bakover, har menneska vore opptekne av dei same spørsmåla" (Hansen 1975: 125). Han gjengir innhaldet i boka, som for det meste ser ut til å dreie seg om synet på arbeid, og då særleg Marx sitt syn på arbeid. Vidare greier Hansen ut om den økologiske innsikta i dag.

Kritikaren vurderer ikkje sjanger, anna enn å kommentere forlaget sin eigen påstand om at boka er "et hovudverk i nyere norsk filosofi". Dette vil han verken stadfeste eller avfeie: "(...) skal eg ikkje seia for sikkert" (126). Dette går på boka sin originalitet. Når Kritikaren seier seg einig i forlaget sin påstand om at boka "har noe å gi både spesialisten, studenten og alminnelig interesserte", er dette ei vurdering av målgruppa. Han er oppteken av den politiske budskapet til boka, og kva lesarane vil lære. Kritikken av boka stadfestar tidsskriftet sitt ideal om folkeopplysning. Boka er på bokmål, og har slik ikkje noko språkpolitisk funksjon.

1976: Tore Linné Eriksen melder *Kan Afrika overleve?* (J.W. Cappelens Forlag) av Basil Davidson og *Sløseriets politiske økonomi* (Pax Forlag) av Per Kågeson. Begge er omsett til bokmål.

Tore Linné Eriksen har hovudfag i afrikansk historie ved Universitetet i Trondheim, og var forlagsredaktør for PAX forlag 1965–66. Her melder han to sakprosa-bøker om Afrika i spalta "Sak og debatt". Bokmeldinga er på halvannen side. Eriksen presenterer Basil Davidson si bok (omsett av Egil A. Kristoffersen), og omtalar forfattere som "ein levande formidlar" og

”aktiv deltakar”. Han meiner at nokre delar av boka er munnleg og tilgjengeleg, medan andre delar er ”mindre samanhengande” og krev meir bakgrunnskunnskap (Eriksen 1976: 509). Dette fortel oss noko om målgruppa, og forfattaren si evne til å setje lesaren inn i stoffet. Kritikaren gjengir mykje av boka sitt innhald, særleg to kapittel som kritikaren meiner gjer boka ”viktig” (509). Likevel konkluderer han med at boka ikkje er heilt vellekka ”denne gongen, og det gjer ikkje saka betre at omsetjaren også avslører sin mangel på kunnskap om fagområdet og om den språkbruken som er vanleg der” (510). Eriksen gir ikkje døme på dette, difor er det uklart korleis omsetjaren klarer å avsløre mangel på kunnskap. Språket blir altså berre vurdert i lys av om det formidlar den politiske budskapet.

PAX er forlaget bak Per Kågeson si bok, altså forlaget Eriksen tidlegare var forlagsredaktør for. Eriksen tek til med å presentere forfattaren som ”ein av dei mest aktive svenske deltakarane i debatten (...)” (510). Han skriv at boka er ”oversiktleg” og at forfattaren har fått med ”store mengder fakta”, trass i at boka er i overkant av hundre sider (510). Eriksen meiner boka skil seg ut i mengda og kjem med nye perspektiv (510). Sjølv om forfattaren ”med stikkord set fram ein sosialistisk planøkonomi”, meiner Eriksen at det ikkje er ei naiv framstilling (511). Dermed konkluderer han med at denne boka er eit tilskot som ”vi må ønskje velkomne (...)” (511).

Kritikaren legg vekt på aktualitet, og på at bøkene skal gi innsikt i politisk tematikk. Dermed stadfestar kritikken Syn og Segn si målsetjing om folkeopplysning. Kritikaren vurderer ikkje målform, og den melde boka er omsett til bokmål. Såleis har bokmeldinga ingen språkpolitisk funksjon.

1977: Astrid Brekken melder *Kampen* (H. Aschehoug & co) av Norman Mailer. Bokmål.

Sosiolog og journalist Astrid Brekken var med på å stifte ”Nyfeministene” i 1971, og leverte hovudfagoppgåva si om frigjeringskampen for kvinner i 1972. Bokmeldinga hennar er på i overkant av ei side, og ho opnar med å gi lesaren innblikk i forfattaren sitt syn på Ali:

”Mailer tilbed helten (...)” (Brekken 1977: 250). Om forfattaren skriv ho at han ”veit kva sportjournalistikken krev, og serverer det, tilsett nokre knivsoddar mailersk sensualisme, som jo kan vere temmeleg harsk” (250). Kritikaren kommenterer altså sjangeren, som ho meiner forfattaren meistrar. Det kjem tidleg fram at kritikaren har eit negativt syn på boksing. Ho tek til med å analysere eit fotografi av Ali saman med ein liten gut: ”Ein treng vonleg ikkje vera feminist for å oppleve at sjuklege sider ved mannskulturen kjem klart fram her” (251).

Brekken blir rasande av å tenkje på at desse boksarane er førebilete for små gutar (251). Ho

etterlyser kvinner i boka, og meiner at dei få som blir skildra ”er der i kraft av forhold til menn” (251). Likevel meiner Brekken at forfattaren ikkje er ”blant dei dårlege til å halde interessa til lesaren fast” (251). Brekken meiner boka er spanande, sjølv om ”(...) Det ville vore ein moralsk siger å keie seg tvers gjennom boka” (251). Avslutningsvis kjem ho med ei oppmodning om at ”vi alle går inn for ein rask knockout på heile boksesporten” (251). Brekken viser personleg engasjement, og det er høg temperatur i bokmeldinga. Samstundes kan ein stille spørsmålsteikn ved om kritikaren nyttar spalteplassen til å fremje eigne synspunkt, framfor å vurdere boka. Kampen er opphavleg skriven for Playboy Magazine, noko kritikaren ikkje nemner. Dette er altså ein feministisk lesnad av boka, og det kan verke som kritikaren ønskjer å legge fram ein alternativ lesnad. Bokmeldinga er ikkje målpolitisk orientert og den melde boka er på bokmål.

1978: Asgjerd Taksdal melder *Det autoriserte samleiet og andre nærkamper* av Bente Clod (Pax Forlag), *Voldtekt: myter og fakta* av Susan Brownmiller (Gyldendal Norsk Forlag), og *Voldtekt. Ei bok om kvinneundertrykking* (Pax Forlag) av Asta Magni Lykkjen. Dei to første er omsett til bokmål, medan sistnemnde er skriven på nynorsk.

Bokmeldinga er på åtte sider. Voldtekt er tema i ”Sak og debatt” denne gongen, og her vurderer forfattar og omsetjar Asgjerd Taksdal romanen *Menn kan ikke voldtas* av Märta Tikkanen (sjå analyse av skjønnlitteratur 1978), i tillegg til sakprosabøkene. Taksdal opnar med ei historie frå røynda om ein prest som vart valdteken. Slik aktualiserer ho problemstillinga før ho tek til å skriving om bøkene.

Kritikaren tek føre seg tema tekne opp i *Det autoriserte samleiet og andre nærkamper*, og viser til at ein del er ”vakker, sår og morosam” medan ein annan er ”skarpsindig og velformulert” (Taksdal 1978: 249). Dette er ei vurdering av boka si form, stil og komposisjon. Om språket kommenterer ho: ”(...) norsken er elles ikkje fast nok til å løyna dansken i originalen” (249). Det er med andre ord ikkje ei vellukka omsetjing. I si vurdering av Susan Brownmiller si bok gjengir kritikaren innhaldet i boka. Ho avsluttar med ei vurdering: ”Boka er fengslende velskriven, godt organisert og verkar grundig”. Kritikaren kommenterer også språket: ”Idalou Larsen har omsett henne til presist og lettlese bokmål” (251).

Lykkjen si bok er basert på ei undersøking gjort av forfattaren sjølv. Kritikaren meiner at materialet ”gir uhyggeleg innsikt” (251). Særleg oppglødd er ho over avslutninga, der forfattaren har formulert spørsmål som kan gjere nytten i ”bevisstgjeringdiskusjonar eller rett og slett samtalar” (251).

Kritikaren vurderer det som positivt når bøkene kan medverke til vidare debatt. Ho vurderer ikkje språket, anna enn å kommentere om omsetjinga er god. Berre ei av dei melde bøkene er på nynorsk, så den språkpolitiske funksjonen til tidsskriftet er i liten grad ivareteken i meldinga.

1979: Truls Frogner melder *Vitenskapens historie* (Pax Forlag) av John Desmond. Boka er omsett til bokmål.

Truls Frogner, utdanna cand.polit., melder *Vitenskapens historie* som er utgjeven i fire band. Bokmeldinga er ikkje ein del av "Sak og debatt", men står som ei eiga melding og er på 14 sider. Kritikaren påpeiker at det er eit omfattande verk som stiller krav til oversikt. Tidleg skriv Frogner at forfattaren Bernal er ein "framifrå vitskapsmann", og at han var oppteken av "vitskapens plass og funksjon i samfunnet" (Frogner 1979: 491). Dette utgangspunktet, som Frogner omtalar som eit dobbelt engasjement, fungerer som ein raud tråd i verket.

På bokmeldinga si fjerde side kjem det fram at "Bernal hevdar på marxistisk vis at (...) (494). Forfattaren sin politiske ståstad påverkar altså framstillinga. Her vurderer kritikaren forfattaren sin synsvinkel. Han stiller spørsmål ved om denne marxistiske tilnærminga "gir meir enn det tildekkjer" (503). Til dette svarar han ja: "Eg kan ikkje sjå nokon annan tilnæringsmåte som i dag kunne gi ei betre vitskapshistorie enn den marxistiske" (503). Her syner kritikaren at han deler forfattaren sin politiske ståstad. Han er oppteken av tilnærminga forfattaren har til stoffet, og om budskapet i boka kjem fram. Slik er kritikken i tråd med folkeopplysningsidealet som tidsskriftet har. Den melde boka er på bokmål, og har difor ikkje nokon språkpolitisk funksjon for nynorskrørsla.

### **Oppsummering av meldingane i *SoS* i perioden 1975 til 1979**

Felles for kritikken i perioden ligg krav om politisk budskap og opning inn til vidare debatt. Det er liten grad av språkpolitisk orientering. I kritikken av dei skjønnlitterære bøkene er det politiske kriteriet dominerande. Samstundes er det kognitive kriteriet i bruk, ettersom kritikaren vurderer kunnskapstilfanget. Av dei estetiske kriteria er det intensitet som oftast er i bruk, då kritikarane er opptekne av at bøkene skal engasjere. Kritikarane spør seg vidare ofte om kva som er budskapet, og om budskapet når fram. Dermed er det genetiske kriteriet, om intensjonen bak verket, i bruk.

To av romanane frå utvalet blir melde under spalta "Sak og debatt", ei spalte som vanlegvis er reservert fagbøker, og dette kan fortelje oss noko om korleis kritikarane les skjønnlitteraturen. Ein kan stille spørsmål ved om dei i det heile vurderer det som

skjønnlitteratur, då det i begge desse tilfella blir fokusert på kva boka kan seie oss om røynda. Interessant er det uansett at skiljelinjene mellom sak og skjønn ser ut til å bli meir porøse.

I sakprosakritikken aktualiserer kritikarane tematikken. Dei gjengir i stor grad boka sitt innhald, og kjem også med vurderingar og innspel til innhaldet. I enkelte tilfelle kan det verke som kritikaren er meir oppteken av å få temaet fram i lyset, enn å vurdere sjølve boka. Dermed er det idealet om folkeopplysning som kjem til syne. Bøkene som blir vurdert er politiske, og det kjem tydeleg fram i meldingane kvar kritikarane står politisk. Bakgrunnen deira får varierende innverknad på korleis dei les boka.

Det er først og fremst i omsetjingane at språk blir vurdert, og det kritikaren då tek stilling til er om omsetjinga formidlar den politiske budskapen. I den grad den språkpolitiske funksjonen kjem til syne i denne perioden, er det gjennom at nynorske bøker blir melde. Likevel er det bokmålsbøkene som dominerer. Tidsskriftet tek større del i radikaliseringa av samfunnet enn det tek del i målarbeidet.

#### **4.1.11 1980 til 1984**

**Om utvalet:** Utvalet består av sju bokmeldingar, då enkelte årgangar er heilt utan litteraturkritikk (årgang 1982 og 1984 er utan melding av skjønnlitteratur, og årgang 1983 står utan sakprosakritikk). Dette seier oss at litteraturkritikken ikkje var prioritert i denne perioden. I kritikcutvalet er det meldt i alt 3 nynorske bøker mot 14 bokmålsbøker (ei av dei melde bøkene er på begge målformer). Dette står i forhold til det totale biletet, med 6 bøker på nynorsk mot 15 bokmålsbøker. I utvalet inngår 5 mannlege kritikarar og 2 kvinnelege. Dette må seiast å vere representativt, då det totalt i materialet er funne 2 kvinnelege kritikarar og 9 menn. Kritikarane er for det meste akademikarar og/eller forfattarar. Utvalet består av to bøker utgjevne på Samlaget, og 14 bøker utgjevne på andre forlag. Det samla talet er tre bøker på Samlaget mot 18 på andre forlag.

#### **Meldingar av skjønnlitteratur**

1980: Andreas G. Lombnæs melder *Sirkel sirkel* (Gyldendal Norsk Forlag) av Jan Erik Vold. Bokmål.

Andreas G. Lombnæs fullførte i 1994 doktorgrada si ved det historisk-filosofiske fakultetet, UiO<sup>6</sup>. Bokmeldinga er på fem sider. Lombnæs meiner at forfattaren er språkmedviten, han vil nærme seg røynda som ”språket uttrykkjer og tildekkjer” (Lombnæs 1980: 239). Han

---

<sup>6</sup> Då vi ikkje har funne opplysingar om Lombnæs på tidspunktet for bokmeldinga, viser vi til dette.



opsummerer prosjektet i diktsamlinga slik: ”Oppgåva er like fullt å skildre ein umogleg situasjon på ein mogleg måte (...)” (240). Kritikaren undersøker korleis forfattaren tek i bruk motiva, og set dette i samanheng med det han meiner er forfattaren sitt prosjekt. Ein stad skriv Lombnæs: ”Det verkar triveleg... Eg veit ikkje” (242). Vurderinga blir styrt av korleis diktet påverkar kjenslene hans, og dermed ligg det affektive kriteriet til grunn. Lombnæs kjem med ei innvending til eitt av dikta: ”... er det eigentleg så tungtkrevende?” (242). Kritikaren uttrykkjer altså at problematikken ikkje verkar overbevisande og viktig nok. Både det politiske kriteriet, om verket er viktig, og det kognitive kriteriet, om intensjonen bak verket er realisert, er i bruk. Samstundes går dette på det estetiske kriteriet intensitet, som dreier seg om i kva grad kritikaren klarer å halde på lesaren.

Nokre stader verkar kritikaren usikker på kva som er samanhengen mellom dikta, og då er det heilskapskriteriet, det estetiske kriteriet integritet som ligg til grunn for vurderinga: ”Har Jan Erik Vold klart å ta seg heilt fram til Lu-Shan? Har han vendt tilbake? I det siste diktet før Sirkel 2 er han heime (...)” (241). Han stiller spørsmål ved den fysiske forflyttinga mellom dikta, og også om formidlinga av stadene er overbevisande. Igjen ligg det estetiske kriteriet integritet til grunn for vurderinga, når han skriv at ”Samlinga har så mange tråder, og dei blir knytte til eit sterkt nett (...)” (242). Her vurderer han heilskapen som god. Avslutningsvis greier Lombnæs ut om forfattaren si formidling av det buddhistiske. Det kognitive kriteriet ligg til grunn for denne vurderinga: ”(...) kunnskapstilfanget i teksten, tankekraften eller det intellektuelle” (19). Kritikaren uttrykkjer at vi kan lære noko av å ta til oss denne budskapet, at den kan endre livet, dermed tek han i bruk det politiske kriteriet. Den melde boka står ikkje i forlenging av det språkpolitiske mandatet til tidsskriftet, då den er på bokmål.

1981: Per Olav Kaldestad melder *Dikt i samling* (Det Norske Samlaget) av Olav H. Hauge. Nynorsk.

Per Olav Kaldestad, forfattar og medredaktør i *Profil* (1974–75) og *Basar* (1979–81), melder ei ny utgåve av Olav H. Hauge si *Dikt i samling*. Bokmeldinga er på åtte sider. Kaldestad er oppteken av at Hauge er blitt lese som diktarbonde, og meiner at forordet skrivi av Bjarte Birkeland opprettheld denne lesinga: ”(...) han er med og held Hauge fast i dette bildet” (Kaldestad 1981: 173). Kaldestad vil sjå nærare på Hauge som ”jente-diktar” (175). Det er altså snakk om ei nylesing av poeten. Ifølgje kritikaren tek mange av dikta føre seg ”forhold til/ møte med jenter” (175). Kritikaren viser til konkrete døme på dette, og dei fleste dikta han viser til handlar ikkje direkte om ”jenter”. Kritikaren meiner det er typisk for ein ”norsk

bygdepoet” å maskere gjennom skildringar av natur (Kaldestad 1981: 174). Her tek han i bruk det genetiske kriteriet, ved å plassere Hauge i ein litterær tradisjon (Andersen 1987: 21). Kaldestad siterer eit dikt om roser og presenterer det slik: ”om roser (=jenter)” (177). Han argumenterer ikkje for korleis han utan vidare kan setje likskapsteikn mellom roser og jenter. Kritikaren vurderer ikkje kvaliteten. Han er oppteken av å syne si lesing av poeten, og tek i bruk dikta til å stadfeste sitt syn. Det språkpolitiske mandatet er ivareteke her ved at den melde boka er på nynorsk, og bokmeldinga fremjar ein sentral nynorsk diktar.

1983: Karin Moe melder *Se deg ikke tilbake mot Europa og bli stein* (H. Aschehoug & co.) av Cindy Haug, *Dager og netter* (Gyldendal Norsk Forlag) av Mette Sofie Nielsen og *Vindu i et hvitt rom* (Dreyers Forlag) av Randi Borgen. Alle på bokmål.

Forfattar og litteraturkritikar Karin Moe vurderer tre debutromanar utgjevne i 1982.

Bokmeldinga er på sju sider. Bøkene har felles at dei er kunstnarromanar skrive av kvinner.

Moe meiner det er ”nyttig” at kunsten kan fungere som ein ”friplass” (Moe 1983: 291).

Kritikaren meiner dette skil seg frå litteratur skrive av kvinner på 70-talet, då dei

”representerte andre enn dei skrivande kvinnene sjølve” (291). Kvinnene tek no seg sjølve i bruk, og Moe er rask med å påpeike at dette ikkje handlar om å vere narsissistisk, men at det er ein del av ei større rørsle. Ho påpeiker også at bøkene framleis kan ”treffe” kvinner som lever under andre vilkår. Det er altså det politiske kriteriet som ligg til grunn for vurderinga. Kritikaren siterer Cindy Haug si programføreskrift, der det kjem fram at forfattaren ikkje vil skrive ein realistisk roman: ”(...) det reelle handlingsforløp finnes bare i bruddstykkene”, siterer Moe. Ho stiller spørsmål ved om det ”eksperimentelle typografi-oppsett er nødvendig” (294). Moe viser til at forfattaren skiftar mellom ulike plan, noko som blir forsterka av margsplittinga, men at det ikkje er gjennomført. Dermed er det heilskapen kritikaren har innvendingar mot, noko som viser til det estetiske kriteriet integritet. Ho meiner derimot at forfattaren ”glimrar til” i si framstilling av korleis kjærleiksrelasjonar påverkar skapande kvinner. Det er budskapet i romanen Moe fokuserer på.

Moe gjengir deretter handlinga i Mette Sofie Nielsen si bok, og påpeiker at det er ved mannens død at kvinna får si utvikling, noko kritikaren omtalar som ”eit dramaturgisk knusande poeng!” (296). Likevel kjem kritikaren med innvendingar til nettopp dramaturgien. Ho meiner romanen tek føre seg eit for stort tidsrom, slik at ein får med både for mykje og for lite. Ho har også ei innvending mot forteljarteknikken, der ho meiner at 3. personsforma stengjer for ”moglege refleksjonar om årsakssamanhengar” (296). Det at romanen evnar å formidle ein budskap til lesaren, er altså viktig for kritikaren, og dermed spelar det kognitive

kriteriet stor rolle.

Randi Borgen sin roman handlar om ei kvinne som ofrar sin eigen kunst for mannen sin. Moe omtalar scenene som ”overtydande” (297). Moe meiner at forfattaren stiller sterkt i samanlikning med andre, meir etablerte forfattarar. Moe opnar altså bokmeldinga med ein påstand om at kunsten har potensial som ”frirom”, samstundes har ho undervegs eit fokus på plottet, og kva romanane kan fortelje lesaren. Dette kan botna i at det er ein viss type sjanger, kunstnarromanar, ho her samanliknar, og at ho ønskjer å syne likskapen mellom dei. Det språkpolitiske mandatet til tidsskriftet er ikkje ivareteke då dei melde bøkene er på bokmål.

### **Meldingar av sakprosa**

1980: Lars S. Vikør melder *Når Kina våkner* (J.W.Cappelens forlag) av Jahn Otto Johansen, *Kinas nye ansikt* (Tiden Forlag) av Harald Munthe-Kaas, *Kina – den nye lange marsjen* (Pax Forlag) av Ole Bjørn Rongen, *Har Kina skifta farge?* (AKP), *Kina: revolusjon tur-retur* (H. Aschehoug & co.) av Jan Bredsdorff, *Kinesiske skygebilleder* (Gyldendal Norsk Forlag) av Pierre Ryckmann, *Alt innenfor de fire hav* (Universitetsforlaget) av Henry Henne og *Kinas utenrikspolitikk* (foredrag, møtereferat). Alle bøkene er på bokmål.

Lars S. Vikør, som har hovudfag i indonesisk frå 1977, melder åtte bøker om Kina i spalta ”Sak og debatt”. Bokmeldinga er på sju sider. Han opnar med å skildre korleis Kina etter kulturrevolusjonen er i ferd med å bli modernisert. Kritikaren kjem med ein påstand om: ”Kinesisk kultur og ideologi (...) har alltid verka som ein barriere på ikkje-kinesarar. Dei som har greidd å klatre over denne barrieren, har til gjengjeld hatt lett for å bli bundne til landet på ein måte som har hindra dei i å sjå klårt” (Vikør 1980: 121). Påstanden verkar grunnleggande for vurderinga: Har bøkene kritisk distanse til tema, og er framstillinga reflektert? Dette er altså gjennomgåande, som i vurderinga av boka *Kina: revolusjon tur-retur* der Jan Bredsdorff skildrar ”eit vonbrot”, og den er ”verdifull” nettopp fordi den syner kritisk distanse (123).

*Har Kina skifta farge?* er redigert av to medlem frå AKP sitt studieutval. Dette er ei av bøkene kritikaren meiner manglar kritisk distanse og refleksjon. Kritikaren viser til at dei kjem med ein lovnad om ”meir kritisk analyse av kinesiske kjelder i framtida”, men at medlemma likevel ikkje kjem med innvendingar til ”den grunnleggande lojaliteten til Kinas innan- og utanrikspolitikk i dag” (122), og at medlemma avviser anna kritikk.

Til slutt kjem kritikaren med nokre generelle tankar om Kina og vegen vidare, før han rådar lesarane til å ”lesa Munthe-Kaas, Rongen og Bredsdorff – i denne rekkjefølgja” for å få ei allsidig forståing av dagens Kina (126). Kritikaren vurderer berre språket i bøkene for å syne om dei gjer bodskapen tilgjengeleg. Han vurderer målgruppe når han uttrykkjer at både

Jahn Otto Johansen og Harald Munthe-Kaas skriv ”lett med tanke på å nå breiare” (121). Målsetjinga tidsskriftet har om å drive med folkeopplysning, er ivaretatt i denne kritikken. Dei meldte bøkene har ikkje noko direkte språkpolitisk funksjon.

1981: Bergrid Fjose melder *Atompolitikk og usikkerhetspolitikk* (Tiden Forlag), (red. Thorbjørn Jagland). Både bokmål og nynorsk.

Bergrid Fjose, politiker (KrF), melder boka under overskrifta ”Plant eit epletre”. Bokmeldinga er på fem sider, og allereie i ingressen kjem det fram at kritikaren ”sit att med djupe inntrykk av at dette gjeld det viktigaste spørsmålet i tida” (Fjose 1981: 157). 27 forfattarar bidreg til boka, og kritikaren omtalar dei som ”sterkt engasjerte menneske” (157). Ho tek føre seg enkelte av bidraga og gjengir innhaldet. Alle artiklane tek føre seg viktige tema, og dei får fram ulike sider (161). Om Erik Mangus Alfsen sin artikkel skriv ho at han evnar ”å gjere vanskeleg stoff tilgjengeleg”, og at oppfordringa han kjem med til slutt ”sit som eit skot i sjela” (160). Særleg oppglødd er ho for at boka, på tross av klåre undergangstonar” gir håp (157). Bodskap som går igjen i boka, som bokmeldinga si overskrift viser til, er at ”vi ikkje må lata vonløysa og avmaktkjensler få overtaket” (157). Det er nettopp oppfordringa til politisk engasjement, kritikaren legg vekt på. Bokmeldinga er ikkje språkpolitisk orientert, sjølv om boka er skrive både på nynorsk og bokmål.

1982: Hans-Dietrich Loock melder *Mennesket Halvdan Koht* (Det Norske Samlaget) av Sigmund Skard. Nynorsk.

Bokmeldinga er på fem sider. Ingressen tek til med ei grunngiving for *SoS* sitt val av kritiker., nemleg den tyske historikaren, professoren Hans-Dietrich Loock. Boka har nemleg fått ”svært mykje ros”, og redaksjonen har difor fått Lock til å melde den ”i staden for å la nokon av ’våre eigne’ til å rose den enda meir” (Loock 1982: 400). Dette seier noko om at redaksjonen har tatt stilling til habilitetsproblematikken, og at dei ønskjer å syne at dei har tatt denne vurderinga.

Loock opnar med å greie ut om korleis han først vart interessert i Koht, som var då han studerte den tyske okkupasjonen av Noreg. ”Og kva nynorsk er og kvifor nynorsk finst, har eg lært av han”, skriv kritikaren (400). Kommentaren viser til at kritikaren reknar det som viktig at han har lært om språket.

Overskrifta ”Ikkje sydebukk, men tragediens helt” (400), avslørar at kritikaren ikkje er heilt samd i framstillinga der forfattaren tek i bruk sydebukk-metaforen. Kritikaren synest ”tragediens helt” passar betre (402). Kritikaren tek føre seg korleis det gjekk til med Koht,

med denne metaforen som utgangspunkt. Det er ikkje berre denne boka han viser til, men han trekkjer inn andre kjelder for å skape eit heilskapleg bilete av Koht. Slik kan det verke som om det er Koht og hans lagnad kritikaren er mest oppteken av. Han roser Skard for å ha eit effektivt språk, der han seier mykje med få ord (400). Elles vurderer han ikkje språket. Men kritikaren fremjar nynorsk som viktig ved å leggje vekt på når han lærte om "kvifor nynorsk finst", og såleis har meldinga ein språkpolitisk funksjon.

1984: Olvar Maurland melder *Hvorfor alt går galt* (Universitetsforlaget) av Gudmund Hernes. Bokmål.

Olvar Maurland, cand. Philol og informasjonsarbeidar i Kirkwall, Orknøyane, melder *Hvorfor alt går galt* (1982) av Gudmund Hernes. Bokmeldinga er på to sider, og er plassert i den nystifta spalta "Kritikk" som avløyser "Sak og debatt". Kritikaren meiner at Hernes forsøker å skape folklore, men berre skapte ei vare, og at forbruksvarer lett blir gløynde. Maurland siterer Hernes: "I disse lovene kjenner alle seg igjen", og konkluderer med at "Professoren tok feil" (Maurland 1984: 283). Kritikaren kjem med ein påstand om at det kan vere "freistande å lage ordtak på direkten, utan å gå vegen om den munnlege tradisjonen" (283). Her går kritikaren over til å greie ut om Ivar Aasen: "Han skulle ikkje produsere ei vare, men skape eit skriftspråk" (283). Ordtaka Aasen samla inn klarte seg berre betre med åra, og kritikaren konkluderer med at "det skal meir enn nokre billigbøker til for å skiple ein tradisjon" (284). Ifølgje kritikaren er det "forma som svikta", der Aasen-ordtaka var prega av "korthed og velklang", var Hernes sine "slappe og omstendelege" (284). Dermed konkluderer kritikaren med at Hernes sine lovsamlingar ikkje vil kome ut i ny utgåva om 100 år, i motsetnad til Aasen. Kritikaren tek slik i bruk Aasen som samanlikningsgrunnlag når han skal vurdere boka. Dermed formidlar han nynorsk språkkultur i meldinga av ei bok som ikkje i utgangspunktet har noko med målrørsla å gjere.

### **Oppsummering av bokmeldingane i *SoS* i perioden 1980 til 1984**

Kritikarane av skjønnlitteratur er opptekne av korleis boka kan vere nyttig, og dermed er det politiske kriteriet dominerande. Det er i liten grad noko språkpolitisk orientering i meldingane og bokmålsbøkene dominerer. Det er først og fremst det politiske kriteriet som ligg til grunn for vurderingane. Dessutan registrer vi at kritikarane tek i bruk det kognitive kriteriet når dei vurderer om forfatarane lukkast i å formidle budskapet. Innvendingane dei kjem med til oppbygging og dramaturgi er veikskarar dei meiner svekkjer formidlinga.

Både Andreas G. Lombnæs og Karin Moe syner at sosialrealismen som stod sterkt på 70-talet, ikkje er rådande lenger. Lombnæs legg vekt på språket sin funksjon, og Moe uttrykkjer at litteraturen kan engasjere lesaren sjølv om den ikkje gjengir lesaren sin kvardag.

Felles for sakprosa-kritikken er bøkene tek opp eit politisk tema, og kritikarane er opptekne av i kva grad framstillinga er nyansert, og korleis bøkene kan føre til vidare politisk debatt. Dermed er tidsskiftets ideal om folkeopplysning ivaretatt. I kritikken av biografien, er kritikaren oppteken av om det framstille portrettet er nyansert og heilskapleg. Den politiske budskapen er viktig, og bokmeldingane er i liten grad målpolitiske. Samstundes framstillar Hans-Dietrich Looock nynorsk som viktig, ved å gjere eit poeng ut av at han har lært kva nynorsk er, og kvifor nynorsk finst. Tidsskriftet sin funksjon som språkpolitiske verkemiddel er lite framtrekande og tidsskriftet som del av den politiske vendinga er framleis markant.

#### **4.1.12 1985 til 1989**

**Om utvalet:** Årgangane 1986–92 inneheld ikkje bokmeldingar av skjønnlitteratur, og 1986 og 1989 har ikkje sakprosa-kritikk. Dette står i sterk kontrast til 1970-talet, då *SoS* satsa tungt på litteraturkritikken, gjennom spalta "Sak og debatt" samt ei rekkje dobbeltmeldingar av skjønnlitteratur. Dette fokusskiftet kan skuldast ei endring i tidsskriftet internt, men også vere knytt til at det på denne tida vaks fram mange litterære tidsskrift i Noreg. I utvalet inngår tre bøker på nynorsk og ei på bokmål. Dette står til det totale biletet der det er meld tre nynorskbøker mot to bokmålsbøker. Såleis utgjer utvalet her nesten heile det faktiske materialet i perioden. I utvalet er det tre mannlege kritikarar og ei kvinne. Kritikarane er framleis for det meste akademikarar.

#### **Meldinga av skjønnlitteratur**

1985: Geir Hjorthol melder *Gjenkjennelsen* (Det Norske Samlaget) av Eldrid Lunden. Nynorsk.

Bokmeldinga er på sju sider. Geir Hjorthol, amanuensis i norsk, opnar med å fortelje at Lunden har gått ut av Profil fordi ho meinte forfattarane var "politisk ubevisste", noko Hjorthol stussar over sidan tidsskriftet har gått mot ei "politisering" (Hjorthol 1985: 370). Han meiner at det heller er snakk om ei ulik oppfatning av korleis språket skal fungere i litteraturen. I dei sosialrealistiske 70-åra språket var berre eit medium, og ikkje noko i seg sjølv, medan Lunden står for eit syn på "språket og teksten som politisk interessante i seg sjølv" (370). Språket, og korleis språket er knytt til røynda, er ein raud tråd i denne meldinga.

Ifølgje kritikaren syner Lunden korleis språket stadig er i endring, og at ”språket strukturerer røyndommen for oss” (373). Hjorthol nyttar mykje plass til denne filosofiske tankerekkje, og refererer til både Sartre, Lacan og Saussure. Innimellom siterer han dikt frå *Gjenkjennelsen* for å syne korleis tematikken kjem fram: ”Språket kan heller ikkje reduserast til ein nøytral reiskap eller eit middel til å uttrykkje røyndomen med” (374). Han les diktsamlinga som ei oppmoding til å ta i bruk språket for å skape endring, å skape eit motspråk.

Kritikaren viser at Lunden tek opp kjønnsroller, og korleis ein kan bli sitjande fast i eit mønster som er kvinneundertrykkjande. Ved å sitere frå diktsamlinga syner han korleis det kan vere vanskeleg både for kvinner og menn å bryte ut av dette mønsteret (376). Han er altså oppteken av kva diktsamlinga kan fortelje lesaren om samtida: ”*Gjenkjennelsen* stimulerer til ettertanke og refleksjon omkring ei rekkje sider ved den konfliktfylte kvardagen vår” (376), og det politiske kriteriet ligg dermed til grunn for vurderinga. Kritikaren fremjar litteratur som kan lære lesaren noko om røynda, og han legg særleg vekt på korleis språket fungerer. Han vurderer ikkje målforma i boka, men har eit fokus på korleis språket fungerer. Den melde boka er forøvrig på bokmål og står slik ikkje i forlenginga av den språkpolitiske funksjonen som tradisjonelt har vore knytt til SoS.

### **Meldingar av sakprosa**

1985: Tove Bull melder *For Noreg og Ivar Aasen* (Novus Forlag) av Kjell Venås. Nynorsk.

Tove Bull, som frå 1984 fekk stilling i nordisk språkvitskap ved Universitetet i Tromsø, melder biografien om Gustav Indrebø. Bokmeldinga er på tre sider. Bull tek til med å stadfeste kor viktig Indrebø har vore for Samlaget, og difor meiner ho det er ”rettelig skammelig” at Samlaget har avslått å gi ut boka (Bull 1985: 186).

Mest plass vier ho til å problematisere Indrebø sitt språksyn, då han hadde ei aktiv rolle i striden om 1938-rettskrivinga (187). Indrebø representerte den tradisjonelle Aasen-norma. Ho meiner han må ha hatt ein stor innverknad på målrørsla, og ho spør seg korleis det hadde vore dersom Noregs Mållag hadde vore ”meir forsonlig” (188). Slike spekulasjonar går ikkje forfatternen inn i, men han kjem med forklaringar til kvifor Indrebø hadde dette målpolitiske synet, nemleg at han berre såg på nynorsk som norsk. Ho stiller seg uforståande til kvifor Indrebø, i motsetnad til Aasen, ikkje tek i betraktning det sosiale grunnlaget i målstrida. Dermed er det ikkje boka ho her vurderer, men synspunkta til mannen boka handlar om. Likevel kan denne vurderinga vere uttrykk for ein mangel med boka, nemleg at forfatternen sjølv ikkje kjem med slike innspel.

Bull karakteriserer Venås som "ein fredsæl mann" som mellom anna ønskjer å syne Indrebø som ein "lynande intelligent med gudegjevne leiaregenskapar", og meiner han då spelar på "mannsmyten". Språket omtalar ho som "velflidd", medan ho meiner den "i stil nærmar seg grensa til det patetiske". Denne vurderinga fortel også lesaren noko om forfattaren si tilnærming til stoffet. Ho etterlyser kritisk analyse, og samanliknar opplevinga av å lese biografien med å lese ein spenningsroman "der synsvinkelen i det meste ligg hos hovudpersonen Indrebø" (188).

Til slutt roser kritikaren Venås for å ha gjort noko nytt, nemleg å skrive "ei faghistorie om ein norsk målvitskapsmann". Samstundes etterlyser ho ei tilsvarande bok om ei målkvinne. Ein kan stille spørsmål ved om det er forfattaren ho her kritiserer, eller om det er sjølv den litterære institusjonen. Likevel kan ein seie at kritikken er retta mot forfattaren då han bidreg til det kritikaren omtalar som ein "menn skriv om menn"-tradisjon. Kritikaren vurderer berre språket sin stil, og kva dette seier om forfattaren si tilnærming. Ho legg i stor grad vekt på Indrebø sitt språksyn, noko ho meiner forfattaren òg burde gjort. Den melde boka tek føre seg ein sentral skikkelse i målrørsla og om målstrid, og dermed kan ein seie at bokmeldinga viser til den språkpolitiske funksjonen som tidsskriftet har.

1987: Anton Fjeldstad melder *Det (ny)norske mennesket* (Det Norske Samlaget) av Aslaug Nyrnes. Nynorsk.

Bokmeldinga er på åtte sider. Førsteamanuensis i nordisk litteraturvitskap, Anton Fjeldstad tek til med å forklare omgrepet: "Det (ny)norske mennesket" er ein idealtipe som forfattaren finn fram til ved å analysere tekstar frå det nynorske familiebladet Bygd og by. Ho har tatt føre seg ein tilfeldig vald årgang, 1927, som forfattaren meiner er representativ for bladet i 1920-åra.

Store delar av bokmeldinga går med til å presentere Nyrnes sine funn. Kritikaren gjengir døme på korleis formålet med bladet ikkje var å seie korleis dei faktisk hadde det på bygda, men korleis det burde vere: "I Ny-Noreg er det godt å leve; ein høyrer ikkje noe om dei tvangsauksjonane og den tæringssjuka som også herja i Nynorskland på denne tida" (77). Det moralske, det nasjonale og det opphavlege blir fremja i bladet, og det er ofte ein samanheng mellom desse. Mest overraska er Fjeldstad over at dei kulturelle normene som bladet formidlar, har sitt opphav i byen: "Ny-Noreg er ein plass ein reiser til" (82). Dermed spør han seg om dette er eit uttrykk for "heimløysa" bygdeungdomen kunne oppleve i byen (82).



Han avsluttar med å skrive om korleis målrørsla er blitt oppfatta dei siste 20 åra, nemleg som ”ei friheits- og frigjøringsrørsla” (83). Boka syner at det finst ”andre perspektiv på rørsla enn dei gamle vanlige” (83). Nemleg ”tvang og disiplinering” og ”tilbakeskuande tenkemåtar og kulturell praksis” (76). Slik syner boka ei anna side ved den nynorske kulturen. Boka formidlar kunnskap og ny innsikt om målrørsla og forsterkar såleis koplinga *SoS* har til målfolket.

1988: Pål Aam melder *Skolestilen som genre* (J.W. Cappelens Forlag) av Kjell Lars Berge. Bokmål.

Pål Aam tok eksamen ved Volda Vidaregåande skule i 1988. Bokmeldinga er på to sider, og er ein del av spalta ”Kritikk”. Kritikaren meiner boka, som er Berges hovudoppgåve, er skrive i ”ein slags framandrus” og at det ein har lært på skulen om å unngå framandord, tydelegvis ikkje gjeld hovudfagstudentar (Aam 1988: 277). Boka kjem ikkje til nå breidt ut: ”lesarar som vil ha fullt utbytte av boka bør nok ha studert ein god del norsk” (277).

Kritikaren oppsummerer det han meiner er dei viktigaste poenga i boka, der forfattaren framstiller skulestilen som ”trong og ufri” (277). Kritikaren seier seg einig i dette standpunktet, men han meiner kritikken er for lite direkte. Han hevdar forfattaren nyttar for lang tid før han kjem fram til konklusjonen, og det blir ”mykje tomsnakk” (278). Det er altså komposisjonen kritikaren vurderer. Etter å ha kome med desse innvendingane skriv han: ”Berge er glad i ordet genre. Dersom han er interessert, kan eg godt fortelje han kva genre denne meldinga høyrer til: slakt” (278). Denne kritikken kjem brått på, og verkar difor ikkje grunnig. *SoS* har oppmoda kritikaren til å skrive om kva han sjølv tenkjer om skulestilen som genre. Aam etterlyser større valfridom slik at elevane kan skrive om det som interesserer dei, og såleis kan dei unngå ”innlærte klisjéar” (278). Bokmeldinga seier noko om kven som var *SoS* si målgruppe på denne tida, då det var mange studentar som abonnerte. Bokmeldinga er ikkje målpolitisk orientert, og den melde boka er på bokmål.

### **Oppsummering av meldingane i *SoS* i perioden 1985-89**

Det er grunna lite materiale, særleg når det gjeld kritikken av skjønnlitteratur, vanskeleg å syne overordna trekk, men ein tendens er at det blir tatt eit oppgjær med sosialrealismen. I vurderinga av den skjønnlitterære boka er det poststrukturalismen kritikaren fremjar, då han meiner at språket ikkje er nøytralt, men syner dei underliggjande strukturane. Slik spelar boka ei viktig rolle, og kritikaren tek slik i bruk det politiske kriteriet.

Det som går igjen i sakprosa-kritikken er at kritikarane er opptekne av å vurdere målgruppa og forfattaren sin bakgrunn. Dei kjem i stor grad med innspel og egne vurderingar, og syner slik eit personleg engasjement. Kritikarane sin bakgrunn har sjølvsagt mykje å seie for kva dei legg vekt på i bokmeldingane, slik som at Tove Bull som er tilknytt nordisk språkvitskap særleg fokuserer på språksynet i boka. Meldarane er høgt utdanna, med unntak av Pål Aam som nyleg har fullført vidaregåande. Det at Aam melder boka, seier noko om tenkt målgruppe til nettopp denne boka, nemleg gymaselevar og studentar. To av sakprosameldingane i utvalet omhandlar den nynorske kulturen. Dette er påfallande med tanke på at materialet er så lite i denne perioden, at vesle av sakprosa-kritikk, har sterke koplingar til målrørsla. På 70-talet vart det politiske engasjementet prioritert framføre det målpolitiske, medan det målpolitiske no i større grad kjem i framgrunnen.

#### **4.1.13 1990 til 1994**

**Om utvalet:** Frå 1986 har vi sett at enkelte årgangar er utan litteraturkritikk. I denne perioden er 1990, 1991 og 1994 utan kritikk. Det er særleg bokmeldingar av skjønnlitteratur som er redusert. Det er berre éi bokmelding av skjønnlitteratur i denne perioden, og kritikaren tek her føre seg 14 bøker skrivne på nynorsk, og gjevne ut på Samlaget. I sakprosa-kritikken er dei fire bokmeldingane publisert i løpet av same år, nemleg 1992. Tre av meldingane tek føre seg den same boka, og vi har sett på ei av desse meldingane. Bøkene som samla sett er meldt i denne perioden, er alle skrivne på nynorsk, og dermed gjeld det same i vårt utval. Overordna er éi bok utgjeven på eit anna forlag, medan 18 er gjevne ut på Samlaget. I utvalet er dei 15 melde bøkene gjevne ut på Samlaget. Dei totalt fem kritikarane er alle menn.

#### **Meldingar av skjønnlitteratur**

1993: Erik Skyum-Nielsen melder Nynorsk skrivekunst 1992 (Det Norske Samlaget). Alle bøkene på nynorsk.

Erik Skyum-Nielsen er litteraturkritikar for Information og stipendiat ved Det Kg. Bibliotek i København, og har på førespurnad frå Samlaget vurdert nynorsk skrivekunst for året 1992. Kritikaren har fått tilsendt 14 bøker frå forlaget, for å svare på spørsmålet ”Er den nynorske litteraturen av i dag god skrivekunst?” Bokmeldinga er på fire sider. Skyum-Nielsen tek til å greie ut om sitt litteratursyn. Han legg vekt på det politiske kriteriet, ”kva forhold litteraturen har til røynda” og estetiske kriterier, ”estetikken, den forma litteraturen har” (Skyum-Nielsen 1993: 238).

Kritikaren gir ein rask ”karakteristikk” av kvar enkelt bok, der han til dømes samanliknar Bly og vatn av Jon Fosse som han skriv er ”ei øskje dadlar” som du ”spytta ut i grusen og tek éin til, som smaker nøyaktig likeins” (240). I tillegg siterer han kvar bok. Han ser på det som problematisk at bøkene legg opp til ”ei trendy lesing” (243). Kritikaren meiner litteraturen skal ville noko meir enn berre å vere eit nytt stykke litteratur. Denne type litteratur, ”bøker utan samanheng”, er ”like flat og eindimensjonal som sosialrealismen frå 70-åra” (243).

Skyum-Nielsen stiller spørsmål ved kva slags røynd litteraturen, og då særleg den nynorske poesien, formidlar. Dei 14 bøkene syner at den nynorske litteraturen er ”fiksert på den nære røyndommen” (243). Dersom den nynorske poesien formidlar ei avgrensa verd, meiner han likevel ikkje at det nynorske språket har skulda for dette. Han meiner det i tilfelle kan ha si forklaring i ”ein slags sjølvensur, som så kanskje i neste instans kan førast tilbake til den ikkje heilt uproblematisk språkfilosofiske arven som nynorsken dreg med seg” (244). Kritikaren trekkjer inn Derrida sin teori om motsetnaden mellom skrift og tale, før han problematiserer at det ein kan uttrykkje på eit språk, ikkje kan uttrykkjast like klart på eit anna. Han spør korleis ein skal forhalde seg til språket i poesien, når språket i seg sjølv ”gir forrang til å skildre enkelte delar av verda” (245). Dette er problemet i nynorsk dikting, ifølgje Skyum-Nielsen. Utfordringa forfattarane står framføre er då ”å vende tilbake til alle dei språka som folk møter verda av i dag gjennom” (245). For å oppnå dette må ein ”seie farvel med den språklege idealismen og illusjonen om det opphavlege, og eit god dag til det fleirstemte, det komplekse” (245). Kritikaren oppfordrar altså til å forlate den kjende intimsfæren, og å sjå utover. Han rettar såleis kritikk mot det litterære potensialet i det nynorske språket, og er meir oppteken av å syne ein poetikk enn å vurdere dei enkelte bøkene. Det språkpolitiske mandatet til tidskriftet i aller høgste grad ivareteke gjennom utvalet av bøkene, som alle er på nynorsk.

### **Meldingar av sakprosa**

1992: Alf-Inge Jansen melder *Vårt århundre* (Det Norske Samlaget) av Berge Furre. Nynorsk.

På førespurnad frå *SoS* har tre kritikarar, med ulik bakgrunn, meld boka. Vi skal no ta føre oss Alf-Inge Jansen si melding, som er på ni sider. Jansen er professor i statsvitskap ved Universitet i Bergen. Han tek til med å problematisere sjølve prosjektet, og særleg målgruppa då det kjem fram i forordet at boka både vender seg til ”den allment interesserte lesaren” og til ”studentar i nyare norsk historie”. Dette kallar Jansen ”å ri fleire hestar” (Jansen 1992: 33).

Det er boka, og i kva grad boka når si målgruppe kritikaren vurderer.

Kritikaren gir lesaren ei innføring i forfattarskapen, og informerer mellom anna om at Furre har vore redaktør i *SoS*. Kritikaren tek til å problematisere sjangeren ”grunnbok”, og skriv om dei potensielle fallgruvane. Om forfattaren lukkast, gir ikkje kritikaren svar på, då han meiner at ”Faghistorikarar får her gjere opp status” (34). Likevel kjem han med ein påstand om at dei nok vil finne framstillinga snever, men at fokuset på den politiske utviklinga er ”særleg interessant” for ein statsvitar (35). Dette seier noko om kva målgruppe kritikaren meiner boka faktisk treffer. Han fremjar at boka bidreg med noko nytt. Ved å sitere frå boka syner han korleis forfattaren tek omgrepet i bruk. Sjølve omgrepet synest Jansen er godt, men han meiner Furre er uklar i måten han nyttar det: ”Han har altså ikkje klårt identifisert dei særtrekka som fastset eller definerer ’den sosialdemokratiske orden’” (36). Likevel meiner kritikaren at forfattaren evnar å presentere nokre av desse særtrekka (37). Jansen kjem med fleire innspel til tema som manglar, og opnar fleire avsnitt med å skrive at det er overraskande at forfattaren skriv så lite om akkurat dette temaet: ”Det er forunderleg at ikkje Berge Furre skriv meir om aktørane, i alle fall dei han måtte meine er dei viktigaste i den ’sosialdemokratiske orden’ (...) (38). Det er særleg grundigare årsakssamanheng kritikaren synest manglar: ”I Berge Furre sitt oversyn vert hendingane godt registrerte, men kva er grunnane til hendingane?” (40). Dette gjer boka mindre overtlydande. Jansen konkluderer slik: ”truleg er det ein sterk boge som her vert laga, men han vert ikkje spent høgt nok” (41). Kritikaren legg vekt på målgruppe, og i kva grad boka kan gi lesaren ny innsikt. Boka er skriven på nynorsk, og forfattaren er tidlegare redaktør for *SoS*, og slik fremjar kritikken ei aktuell nynorsk bok av ein sentral skikkelse i målrørsla.

#### **Oppsummering av bokmeldingane i *SoS* i perioden 1990 til 1994**

Kritikaren av skjønnlitteratur tek på oppdrag berre føre seg bøker skriven på nynorsk, og spør om språket set avgrensingar. Han legg vekt på å problematisere språk framfor å vurdere kvar einskild bok. Samstundes kan ein seie at det at *SoS* har vige plass til denne bokmeldinga seier noko om at dei ynskjer å fremje nynorsk litteratur.

I denne perioden er det samla sett fire bokmeldingar, og tre av dei vurderer ei og same bok. *SoS* har altså vige mykje spalteplass til vurderingane av *Vårt århundre* av Berge Furre. Jansen vurderer ikkje målforma boka er skriven i, men bokmeldinga har ein språkpolitisk funksjon då boka er skriven på nynorsk. Bøkene i tidsskriftet melder i denne perioden er skriven på nynorsk. Dette blir særleg markant og oppsiktsvekkjande når det er så lite litteraturkritikk i

denne perioden. Såleis kan det sjå ut som om tidsskriftet er særleg medvete sitt språkpolitiske mandat.

#### 4.1.14 1995 til 1999

**Om utvalet:** Årgangane 1995 og 1996 er utan sakprosa-kritikk, og det er ikkje registrert noko kritikk av skjønnlitteratur i denne perioden. I alt er det meld tre bokmålsbøker og ei nynorskbok. I vårt utval inngår to bokmålsbøker, og ei nynorskbok. I utvalet er det ei bok utgjeven på Samlaget, og to på andre forlag. Det samla talet i perioden, er ei bok på Samlaget, og fire på andre forlag. Alle kritikarane i utvalet er menn, og det er totalt sett berre registrert ei kvinne. Kritikarane er framleis jamt over akademikarar.

#### Meldingar av sakprosa

1997: Endre Brunstad melder *Nordens språk* (Novus Forlag) av Karker, Allan, Birgitta Lindgren & Ståle Løland (red.). Boka er skriven på norsk (bokmål), svensk og dansk.

Endre Brunstad er stipendiat i Nordisk institutt ved Universitetet i Bergen. Bokmeldinga er på fire sider. Kvart kapittel i boka er vidd eit nordisk språk. Kritikaren legg særleg vekt på korleis dialektane og nynorsken blir framstilt. Han tek til med å presentere fordommane han hadde mot forfattaren av akkurat dette kapittelet: ”Fjeld-Halvorsen er kanskje best kjend for at han i si tid ville uttrykke dialektane ’med rottegift’” (Brunstad 1995: 374). Likevel er framstillinga ikkje ”så galen” (374). Innvendingane går på framstillinga av nynorsken der forfattaren ”neglisjerer nyare forskning som har lagt større vekt på føresetnadene som Aasen hadde i ein regional danningstradisjon” (374). Her greier Brunstad ut om manglar ved framstillinga som han meiner ”gjer vinklinga skeiv” (374). Han avsluttar med korleis forholdet mellom grannespråka er, og konkluderer med at denne boka kan gi ”toleranse og meir kunnskap”, noko som er nødvendig når ein ønskjer å forstå kvarandre over landegrensene (376). Kritikaren nyttar mest plass på å skrive om korleis nynorsk blir formidla. Bokmeldinga er altså målpolitisk orientert.

1998: Idar Stegane melder *Målmeistaren frå Ulvik* (Det Norske Samlaget) av Andreas Bjørkum. Nynorsk.

Bokmeldinga er på to sider. Stegane er litteraturforskar med vekt på nynorsk litteratur, og har publisert mykje om Olav H. Hauge. Han understrekar at boka er ”skriven ut frå ei filologisk interesse for språket og diktinga til Hauge” (Stegane 1998: 382). Kritikaren greier ut om oppbygginga, og tek særleg føre seg den biografiske delen, og delen om ”målbruken”, altså

språket. I den biografiske delen meiner han "biletet av Hauge som person vert fyldigare for oss" (383). Stegane bruker størst plass på å skrive om "målbruken", som er den største delen i boka. Stegane argumenterer for viktigheita av å dokumentere språk: "(...) der vil alltid vere noko viktig i språket som den medvitne språkbrukaren forvaltar" (384). Han er rask med å klargjere kven som vil ha interesse av denne delen: "(...) kan nok brukast til oppslagsverk for kven som helst, men vil mest interessere fagfolk i språk". Mot slutten kjem han tilbake til målgruppa, då han omtalar boka i sin heilskap som "ei Hauge-handbok" som "vil interessere dei som får henne i hende" (384). Han legg til at boka er "uomgjengeleg for dei som heretter vil lese og arbeide med dikta til Olav H. Hauge" (384). Dermed argumenterer han for at boka bidreg med noko nytt. Meldinga formidlar ein sentral nynorsk diktar, og slik kan ein seie at den er språkpolitisk orientert.

1999: Svein Ivar Angell melder antologien *Jakten på det norske* (Gyldendal Norsk Forlag) leia av Øystein Sørensen. Boka er skriva på bokmål.

Kritikaren er historikar og dr. art stipendiat ved Ivar Aasen-instituttet. Bokmeldinga er på tre sider, og kritikaren opnar med å forklare bakgrunnen til boka som resultatet av forskingsprosjektet *Utvikling av en norsk nasjonal identitet på 1800-talet*. Dette er òg undertittelen til boka. Boka består av artiklar skriva av ulike forfattarar, noko som fører til "spredde tankar og isolerte bidrag", gjentakingar og også "ein del skjemmande motseiingar". Her viser kritikaren døme henta frå boka. Han tek føre seg Sørensens artikkel, der han kritiserer tilnærminga og framstillinga av stoffet, og Angell meiner veikskapen i artikkelen er symptomatisk for heile prosjektet. Kritikaren etterlyser det komparative aspektet, som han meiner har fått ei "stemoderleg handsaming" i forskingsprosjektet. Han set prosjektet i samanheng med ei fornya interesse for nasjonalisme som vaks fram på 80-talet, men meiner at prosjektet ikkje har følgd utviklinga: "(...) prosjektet har hange litt for mykje fast i den opphavlege forståingsforma si". Han er altså oppteken av den politiske tematikken som blir presentert, og kva tilnærming forfattarane har. Den melde boka er på bokmål og har såleis ikkje noko språkpolitisk funksjon.

### **Oppsummering av bokmeldingane i SoS i perioden 1995 til 1999**

Felles for kritikarane er at dei er engasjerte nynorskbrukarar. Dette kjem særleg til uttrykk i bokmeldinga frå 1997. Brunstad nyttar store delar av bokmeldinga på å diskutere korleis nynorsk blir framstilt i boka. Det at han vel å fokusere på nynorsk, kan både ha med målgruppa av SoS, og Brunstad sitt personlege engasjement å gjere. Brunstad var leiar av

Noregs mållag i perioden 2003–05. Såleis stadfestar kritikken i denne perioden i stor grad den språkpolitiske funksjonen til tidsskriftet.

#### **4.1.15 2000 til 2004**

Om utvalet: Utvalet består av fire meldingar til saman, ei melding av skjønnlitteratur og tre meldingar av sakprosa. Materialet er mangelfullt grunna at det i perioden er heile årgangar utan bokmeldingar. Dette gjeld årgangane 2000 og 2003. Totalt er det berre registrert fem bokmeldingar i heile perioden, fire bokmålsbøker og ei nynorsk bok. Tre bokmålsbøker er melde mot ei nynorsk bok. Det er overordna gitt ut ei bok på Samlaget, og fire på andre forlag. I dette utvalet har vi analysert boka frå Samlaget, og tre frå andre forlag. Det er fem kritikarar i perioden, der ei av dei er kvinne. Kritikarane i utvalet er tre menn og ei kvinne, og dei har alle akademisk bakgrunn.

#### **Melding av skjønnlitteratur**

2002: Kjetil Jakobsen melder *Plattform* (Cappelen) av Michel Houellebecq. Bokmål.

Kjetil Jakobsen er historikar med spesialisering i nyare fransk, tysk og norsk kultur- og idéhistorie. Bokmeldinga er på tre og ei halv side, og opnar med å skildre resepsjonen boka fekk i heimlandet, Frankrike, der ho vekte stor oppsikt. Allereie i ingressen stadfestar kritikaren at boka er ”ein provoserande roman” (Jakobsen 2002: 92). Han viser til at boka opphevar grensene mellom fiksjon og røynd, sidan forfattaren saboterer ”skiljet mellom forfattaren og verket hans ved å ta synspunkta til fiksjonspersonane med seg ut i media” (92). Dette førte til sterke reaksjonar, og kritikaren uttrykkjer at ”Det er synd at han [Houellebecq] rotet seg oppi dette” (93). Jakobsen nyttar store delar av meldinga på å gjengi handlingsreferat. Han legg stor vekt på at romanen, som kom ut i byrjinga av september 2001, vil bli lesen annleis etter terroråtalet 11. september: ”*Plattform* vil bli lesen (...) ikkje så mykje som ein roman om globalisering og seksualitet, men meir som ei bok om ’islamsk’ terrorisme” (95). Dermed er bokmeldinga i liten grad vurderande, og tek i større grad for seg korleis boka blir lesen, særleg med tanke på utgivingstidspunkt.

#### **Meldingar av sakprosa**

2001: Jon Langdal melder *De store ideologienes tid 1914-1955* (H. Aschehoug & co.) av Hans Fredrik Dahl. Bokmål.

Jon Langdal er lektor i norsk og fransk. Bokmeldinga er på 15 sider, og allereie i ingressen kjem det fram at bokmeldaren er negativ: ”Boka er delvis av ein slik karakter at det er vanskeleg å forstå at redaksjon og forlag har gått god for den” (Langdal 2001: 46). Langdal hevdar at forfattaren overser fakta, og at den ikkje tek konsekvensar av sine egne slutningar. Særleg framstillinga av Quisling og målrørsla har Langdal innvendingar til. Han skriv at ”Ved å vere apologet for komedianten Quisling gjer Dahl seg til klovn” (60). Forfattaren presenterer han som ”riksmålsmann på sin hals” som ”grip sjansen med begge hender til å straffe nynorskleiren” (52). Han reagerer på omtalen av Olav Midttun og Syn og Segn under krigen. Her meiner han forfattaren mistenkjeleggjer heile tidsskriftet ved å kome med antydningar, der ”det usagte er vel så viktig som det sagte” (54). Sjølv har kritikaren undersøkt tidsskriftet sine årgangar frå krigen, og finn at det er ”kjemisk reint for artiklar om norsk samtidspolitikk”, og at skribentane for det meste er kjende motstandsfolk (54). Kritikaren tek i bruk store deler bokmeldinga til å syne at framstillinga av målrørsla er misvisande. Det er altså eit forsvar av målrørsla, og SoS, og dermed har bokmeldinga ein språkpolitisk funksjon.

2002: Jon Hustad melder artikkelsamlinga *Kampen for språket* (Det Norske Samlaget) av Elisabeth Bakke og Håvard Teigen (red.). Nynorsk.

Jon Hustad er utdanna lektor. Bokmeldinga er på to og ei halv side. Kritikaren opnar med å kritisere boka sin heilskap, då han meiner at boka som artikkelsamlingar flest manglar ”ein heilskapleg idé” (Hustad 2002: 94).

Likevel viser kritikaren til artiklar han meiner er ”overtydande” (94). Han kjem med kritikk av resten av artiklane når han skriv at Sylfest Lomheim er ”den einaste i heile samlinga som seier noko konkret om kva som kan gjerast for å styrke nynorsken” (95). Oppsummert omtalar han boka som ”ei god bok”, men som ikkje kjem til å treffe mange lesarar: ”Det vert for mange formuleringar som er mynta på ’forsamlinga’” (96). Han uttrykkjer at boka er skriven av ”ein gjeng vellukka bondestudentar og 68-erar” (96). I forlenging av dette stiller han spørsmål ved om nynorsk har relevans for dei yngre generasjonane. Kritikaren uttrykkjer at det er deprimerande at nynorsken har ein tilbakegang, og han fremjar dei artiklane som gir svar på korleis ein kan snu denne trenden. Boka er dermed i aller høgste grad språkpolitisk orientert.

2004: Nina Goga melder boka *Det glemte folk: en reise i Burmas grenseland* (Forlaget Press) av Carsten Jensen. Bokmål.



Bokmeldinga er på fem sider. Litteraturvitar Nina Goga viser til at dei tidlegare bøkene har fått mykje ros, men ho legg sjølv vekt på ei bokmelding gjort av debutanten hans, som vart trykt i *Kritikk 132*, og skriven av Friz Andersen. Andersen kritiserer språket i boka, og Goga meiner kritikken eignar seg for den gjeldande boka.

Ho viser til ord forfattaren tek i bruk, som ho meiner avslører eit problematisk forhold mellom fiksjon (myte) og røynd: ”tilhøvet mellom karene og mytane som eg meiner er både berande og problematisk for heile denne boka” (Goga 2004: 54). Kritikaren kjem med ei utgreiing av sjangeren reiselitteratur, og problematiserer at formålet med forfattaren si reise er uklart. Goga viser til at Jensen sjølv har kritisert danske intellektuelle for sitt manglande politiske engasjement, og stiller seg uforståande til at forfattaren ikkje ”skriv meir politisk om verda kring seg” (55). Avslutningsvis skriv ho at boka ikkje syner kva det er å kjempe ein fridomskamp, men heller korleis det er å vere fri til ”å skrive og forvalte sanninga” (55). Ho meiner at ei bok om dette temaet burde føre til at lesarane reflekterer over sitt eige liv, noko denne boka ikkje gjer. Boka er på bokmål og har ikkje noko funksjon for målrørsla.

#### **Oppsummering av meldingane i SoS i perioden 2000 til 2004**

Det er eit magert materiale i perioden, men enno meir oppsiktsvekkjande er det då at dei bøkene som blir meldt har direkte koplingar til målrørsla eller at meldaren legg vekt på delane av framstillinga som gjeld målrørsla. Dette gjeld Jon Langdal si meldinga av *De store ideologienes tid 1914–1955*, der han tek målrørsla og SoS i forsvar, og Jon Hustad si melding av *Kampen for språket*. Etter den sterke radikaliseringa av tidsskriftet på 1970-talet, ser det no ut til at redaksjonen i større grad prioriterer det språkpolitiske, sjølv om litteraturkritikken ikkje er eit prioritert område.

#### **4.1.16 2005 til 2014**

**Om utvalet:** Her er to femårsperiodar slått saman grunna spinkelt materiale. I perioden 2005 til 2014 er det registert totalt berre fem bokmeldingar og fire er med i dette utvalet (to sakprosameldingar er i same årgang, og vi har difor berre meldt ei av dei). Det er ei melding av ei skjønnlitterær bok, dei andre er meldingar av sakprosa. Den skjønnlitterære boka er meldt på bokmål, og sakprosabøkene er skriven på nynorsk (ei av dei er skriven på både bokmål og nynorsk). I det samla talet er to av bøkene gjevne ut på Samlaget, medan fire er på andre forlag. Utvalet består av dei to bøkene frå Samlaget, og tre frå andre forlag. Totalt er

det tre kvinner og to menn i perioden, medan det i utvalet er to kvinnelege kritikarar og to mannlege.

### **Meldinga av skjønnlitteratur**

2008: Berit Moltu melder *Maske for det ukjente ansikt* (Gyldendal Norsk Forlag) av Sissel Lie. Bokmål.

Berit Moltu, som er dr.art. i teknologi- og vitskapsstudium ved Institutt for tverrfaglege kulturstudium ved NTNU, melder boka. Bokmeldinga er på i overkant av tre sider. Kritikaren opnar med å gjere greie for kven Anne-Marie-Louise De Bourbon var, sidan romanen baserer seg på hennar memoarar. Tidleg i meldinga kjem kritikaren med ei vurdering, og tek i bruk det estetiske kriteriet intensitet, då ho skriv at romanen ”talar umiddelbart og medrivande til deg som roman, og kanskje er dette den beste boka Lie har skrivne til no” (Moltu 2008: 79). I møte med Bourbon sitt liv skriv forfattaren om sitt eige liv, og desse to forteljingane er ”vovne i hop på ein særns god måte” (80). Det er det estetiske kriteriet integritet som ligg til grunn for denne vurderinga. Kritikaren greier ut om forfattaren, som ”har ein lang skjønnlitterær og fagleg produksjon bak seg” (81). Kritikaren meiner at forfattaren evnar å nytte kunnskapen ho har tileigna seg gjennom forskning, samstundes som ho tek i bruk romanen som sjanger, og dermed det potensialet som ligg i skjønnlitteraturen. Her peiker kritikaren på kunnskapstilfanget i teksten, og det kognitive kriteriet ligg under for vurderinga. Den melde boka er på bokmål og meldinga har såleis ikkje noko språkpolitisk funksjon for tidsskriftet.

### **Meldingar av sakprosa**

2005: Oddvin Alfarnes melder *Mitt liv var draum* (Det Norske Samlaget) av Knut Olav Åmås. Nynorsk.

Bokmeldinga er på seks sider. Kritikaren syner i stor grad til Norsk litterær årbok 2005, der innlegga til opponentane til Åmås si doktordisputas, og Åmås sitt tilsvaer, er trykt. Det som ifølgje kritikaren går igjen i kritikken av doktordisputasen, er Åmås si manglande forståing av samanhengen mellom Olav H. Hauge sitt liv og verk. Derimot er opponentane positive til teorikapittelet. Alfarnes meiner ”akademia” blindt ser på teori som noko positivt, og at teorien ikkje bidreg til ei forståing av Hauge.

Forfattaren tek i bruk fleire tilnærmingar til korleis skrivne biografii, noko Alfarnes omtalar som ei ”nærmast absurd mengd av mulige malar for biografiskrivning” (Alfarnes 2005:61). Dette meiner kritikaren at er eit forsøk på ein open lesnad av Hauge, men at den i

realiteten lukkar forståinga. Særleg kritisk er han til den ein-sidede vektlegginga av Hauges einsemd og isolasjon, der forfattaren baserer seg på eit utval som stadfestar hans syn. I teorikapittelet kjem Åmås med sitt utgangspunkt for å skrive biografien der kritikaren problematiserer det å skrive ein biografi om ”ein person med så lite liv”. Kritikaren kritiserer dette utgangspunktet. Han uttrykkjer at dersom livet til Hauge er ”så lite”, burde forfattaren klare å skrive kortare ”så lesaren slapp å gå seg vill i trivialitetar, tallause gjentakingar, og mange ord om lite” (63). Bokmeldinga svarar på det språkpolitiske mandatet til tidsskriftet då den melde boka formidlar saga om ein sentral nynorskforfattar.

2007: Guri Hjeltnes melder *Einar Førde – Ein biografi* (Det Norske Samlaget) av Tor Obrestad og *Stikk i strid – Ein biografi* om Einar Førde (Spartacus Forlag AS) av Frank Rossavik. Bøkene er skrivne på nynorsk.

Hjeltnes er historikar og professor i journalistikk. Bokmeldinga er på fem sider. Kritikaren tek til med å skrive om Førde sin posisjon, og ho meiner at Førde sitt omdøme har og framleis blir skåna av pressa sidan han har mange vener i media. Kritikaren presenterer og vurderer dei to bøkene parallelt, og tek til med det dei har til felles: ”Det ligg eit drag av noko dyrkande i begge (...) (Hjeltnes 2007: 51). Bøkene har hatt ulike utgangspunkt sidan Tor Obrestad vart vald som biograf av familien. Det har ikkje berre vekt positivt inn sidan det kan ha påverka hans framstilling. Kritikaren skildrar Rossavik sitt språk som ”direkte i forma”, medan Obrestad på eit vis har ”ei meir defensiv tilnærming” (53). I tillegg skildrar ho ”konkurransesituasjonen” dei to forfattarane har vore i, sidan bøkene skulle kome samstundes. Dette har ført til eit hastearbeid som har gått ut over Obrestad si bok (55).

